

Årsmelding 2023

Gulen

Kommunedirektøren si innleiing

Årsmeldinga er administrasjonen sin rapport til kommunestyret om ressursbruk og resultat i året som gjekk, og er eit av kommunen sine viktigaste styringsdokument. Årsmeldinga viser at kommunen har høg aktivitet og eit breitt fokus i sitt virke. Folkevalde og tilsette har alle ei viktig rolle i Gulen kommune sitt samfunnsoppdrag – yte gode tenester og med det sikre at Gulen er ein god og trygg kommune å bu i.

Året 2023 har vore prega av følgene av Russland si krigføring mot Ukraina, både i forhold til atomberedskap og i forhold til mottak av flyktningar. Det har vore arbeid godt for å kunne mobilisere dei nødvendige ressursar for å kunne fortsette å ta imot nye flyktningar. Gulen kommune har tatt imot fleire flyktningar enn ein kunne forvente sett i forhold til innbyggartal. Dei ulike einingane har løyst oppgåvene godt, til trass for noko kapasitetsvanskar.

I mai i 2023 har administrativt og politisk nivå fått slutført revisjon av kommunen sin samfunnsplan. Ny samfunnsplan tek omsyn til det vi finn som utfordringar for samfunnsutviklinga i kommunen og legg til rette for at vi kan ta gode strategiske val for perioden 2023-2034. Målsettingar fastsett i samfunnsplanen vert eit godt styringsverktøy for administrasjonen, og allereie i denne årsmeldinga kan du sjå at vi rapporterer på målsettingar.

Samfunnet er i endring. Det er viktig at Gulen kommune jobbar godt samla for det gjennomgåande, overordna målet om *bærekraftig utvikling*. I 2023 har det vore arbeid med innleiande fase av prosjekt «*bærekraftig pleie og omsorgstenester i Gulen kommune*».

I 2023 vart det sett i gang eit større arbeid med bakgrunn i at arbeidsmarkedet dei seinare åra har stramma seg til og vi får markant færre søkarar på ledige stillingar. Det vart ilag med tillitsvalde sett i gang med å gjere vurderingar m.a. samanlikne lønsnivå opp imot nabokommunar og å vurdere kva lønstiltak som vil ha best effekt. Plan for tiltak vart vedteke og iverksett. Det vert arbeid vidare med dette i 2024.

I oktober 2023 vart det skifte i politisk mannskap i Gulen kommune, då nytt kommunestyre vart konstituert. Hallvard Oppedal (Sp) kunne takke av etter 12 år som ordfører, og overlot ordførerklubba til nyvald ordfører May-Lynn Osland (Ap). 10 av 21 kommunestyrerepresentantar kom inn som nye representantar, og like i etterkant av konstitueringa vart det starta opp folkevaldopplæring for alle politikarane. Det vert lagt vekt på å legge eit godt grunnlag for å utvikle god kunnskap, god samhandling mellom dei ulike politiske partia, og god samhandling mellom politisk og administrativt nivå.

Gulen kommune hadde i 2023 eit netto driftsresultat på kr 2,26 mill. (mot kr 35,2 mill. året før). Det er ikkje noko mål i seg sjølv at kommunen skal gå med overskot, vi er likevel avhengig av ein viss buffer for uføresette utgifter og vi bør også ha eigenkapital til investeringar. Det er tilrådd at kommunane har eit netto driftsresultat over tid på 1,75 prosent av driftsinntektene.

På investeringssida har det m.a. vore prioritert bustadfelt Ortneset, prosjektet er ferdigstilt med utbygging på staden, ny ambulanse- og brannstasjon på Dalsøyra innflytting i januar, innkjøp ny brannbil, diverse innan vassforsyning, nærmiljøanlegget ved Byrknes skule vart ferdigstilt, og arbeidet med nærmiljøanlegg ved Dalsøyra skule vart starta opp. Knytt til sak om symjeanlegg vart det i 2023 gjennomført dialogmøte med næringslivet og eigen interessekartlegging til næringslivet. Kommunestyret bad næringsrådet om vidare vurderingar knytt til moglege organisasjons-/driftsform. Saka vert arbeid vidare med ved dialog mellom kommune og næringsrådet.

Årsmelding 2023

På vegne av Gulen kommune vil eg få takke politisk nivå, tilsette, tillitsvalde, næringslivet og frivillig sektor for god innsats i 2023.

Politisk organisering

Den 19.10.2023 konstituerte det nye kommunestyret seg. Her vart May-Lynn Osland vald som ny ordførar dei neste 4 åra.

| | KOMMUNESTYRET 2019-2023 | | | KOMMUNESTYRET 2023-2027 | |
|----------|----------------------------|----------------------|--------------|----------------------------|-----------------|
| Rolle | Namn | Parti | Rolle | Namn | Parti |
| Ordførar | Hallvard H. Oppedal | Senterpartiet | Ordførar | May-Lynn Osland | Arbeiderpartiet |
| Medlem | Rolf Daniel Midtun | Senterpartiet | Medlem | Bjarte Undertun | Arbeiderpartiet |
| Medlem | Lars Atle Larsen | Senterpartiet | Medlem | Margrethe Thune Trædal | Arbeiderpartiet |
| Medlem | Kristin Margrete Byrknes | Senterpartiet | Medlem | Rune Håvåg | Arbeiderpartiet |
| Medlem | Lars Magnus Neverdal | Senterpartiet | Varaordførar | Nils-Inge Ynesdal | Senterpartiet |
| Medlem | Johnny Leidvin Langvatn | Senterpartiet | Medlem | Beate Haugland | Senterpartiet |
| Medlem | Nils Inge Ynesdal | Senterpartiet | Medlem | Rolf-Daniel Midtun | Senterpartiet |
| Medlem | Beate Haugland | Senterpartiet | Medlem | Linda Oppedal | Senterpartiet |
| Medlem | Jon Ivar Steine | Senterpartiet | Medlem | Oliver Haveland | Senterpartiet |
| Medlem | Ivar Eide | Høgre | Medlem | Helge Pedersen | Senterpartiet |
| Medlem | Stein-Inge Larsen | Høgre/ Uavhengige | Medlem | Lars Atle Larsen | Senterpartiet |
| Medlem | Kristin Mjanger | Høgre | Medlem | Stein-Inge larsen | Høgre |
| Medlem | Øyvind Bøe | Høgre | Medlem | Øyvind Bøe | Høgre |
| Medlem | Trond Ove Høie | Høgre | Medlem | Kristin Kvamme Rasch | Høgre |
| Medlem | Kristin Kvamme | Høgre | Medlem | Bjørn Brekke | Høgre |

Årsmelding 2023

| | | | | | |
|---------------|----------------------------|----------------------|--------|------------------------------|----------------------|
| | Rasch | | | | |
| Medlem | Bjarte Undertun | Arbeiderpartiet | Medlem | Irene Perly Kjelby Wergeland | Høgre |
| Medlem | Margrethe Thune Trædal | Arbeiderpartiet | Medlem | Frode Kversøy | Høgre |
| Vararordfører | Odd Harald Per Eide | Arbeiderpartiet | Medlem | Severin Rokne | Høgre |
| Medlem | Anne Marit Brekken Oppedal | Arbeiderpartiet | Medlem | Bente Haugen | Kristeleg Folkeparti |
| Medlem | Ingolf Wergeland | Kristeleg Folkeparti | Medlem | Ingolf Wergeland | Kristeleg Folkeparti |
| Medlem | Aslak Kjetil Nyhammer | Venstre | Medlem | Andrine Sleire Tistel | Venstre |

| | FORMANNSKAPET 2019-2023 | | | FORMANNSKAPET 2023-2027 | |
|---------------|------------------------------------|----------------------|--------------|------------------------------------|----------------------|
| Rolle | Namn | Parti | Rolle | Namn | Parti |
| Ordfører | Hallvard H. Oppedal | Senterpartiet | Ordfører | May-Lynn Osland | Arbeiderpartiet |
| Medlem | Kristin Margrete Byrknes | Senterpartiet | Medlem | Rolf-Daniel Midtun | Senterpartiet |
| Medlem | Ivar Eide | Høgre | Medlem | Nils-Inge Ynnesdal | Senterpartiet |
| Vararordfører | Odd Harald Per Eide | Arbeiderpartiet | Medlem | Øyvind Bøe | Høgre |
| Medlem | Ingolf Wergeland | Kristeleg Folkeparti | Medlem | Bente Hauge | Kristeleg Folkeparti |

| | Hovudutval for oppvekst og kultur 2019-2023 | | | Hovudutval for oppvekst og kultur 2023-2027 | |
|--------------|--|-----------------|--------------|--|---------------|
| Rolle | Namn | Parti | Rolle | Namn | Parti |
| Leiar | Margrethe Thune Trædal | Arbeiderpartiet | Leiar | Beate Haugland | Senterpartiet |

Årsmelding 2023

| | | | | | |
|-----------|----------------------|---------------|-----------|-----------------------|-----------------|
| Nestleiar | Nils-Inge Ynnesdal | Senterpartiet | Nestleiar | Bjarte Undertun | Arbeiderpartiet |
| Medlem | Severin Rokne | Høgre | Medlem | Ingrid Haugan | Senterpartiet |
| Medlem | Aslak Nyhammer | Venstre | Medlem | Andrine Sleire Tistel | Venstre |
| Medlem | Kristin Kvamme Rasch | Høgre | Medlem | Severin Rokne | Høgre |

| | Hovudutval for helse og omsorg 2019-2023 | | | Hovudutval for helse og omsorg 2023-2027 | |
|--------------|---|-----------------|--------------|---|-----------------|
| Rolle | Namn | Parti | Rolle | Namn | Parti |
| Leiar | Johnny Langvatn | Senterpartiet | Leiar | Linda Oppedal | Senterpartiet |
| Nestleiar | June Glenjen Omdahl | Arbeiderpartiet | Nestleiar | Rune Håvåg | Arbeiderpartiet |
| Medlem | Rolf-Daniel Midtun | Senterpartiet | Medlem | Helge Pedersen | Senterpartiet |
| Medlem | Lars Magnus Neverdal | Senterpartiet | Medlem | Kristin Kvamme Rasch | Høgre |
| Medlem | Kristin Mjanger | Høgre | Medlem | Bjørn Brekke | Høgre |


| | Hovudutval for plan, utvikling og klima 2019-2023 | | | Hovudutval for plan, utvikling og klima 2023-2027 | |
|--------------|--|-----------------|--------------|--|----------------------|
| Rolle | Namn | Parti | Rolle | Namn | Parti |
| Leiar | Lars Atle Larsen | Senterpartiet | Leiar | Lars-Atle Larsen | Senterpartiet |
| Nestleiar | Bjarte Undertun | Arbeiderpartiet | Nestleiar | Margrethe Thune Trædal | Arbeiderpartiet |
| Medlem | Beate Haugland | Senterpartiet | Medlem | Oliver Haveland | Senterpartiet |
| Medlem | Anne Marit Oppedal | Arbeiderpartiet | Medlem | Ingolf Wergeland | Kristeleg Folkeparti |
| Medlem | Trond Ove Høie | Høgre | Medlem | Irene Wergeland | Høgre |

| | Kontrollutvalet 2019-2023 | | | Kontrollutvalet 2023-2027 | |
|--------------|--------------------------------------|-----------------|--------------|--------------------------------------|-----------------|
| Rolle | Namn | Parti | Rolle | Namn | Parti |
| Leiar | Stein-Inge Larsen | Høgre | Leiar | Stein-Ingen Larsen | Høgre |
| Nestleiar | Daniel Kvernøy | Uavhengige | Medlem | Kjetil Hantveit | Høgre |
| Medlem | Jon-Ivar Steine | Senterpartiet | Medlem | Nina Kirca | Høgre |
| Medlem | Torill Sætre | Arbeiderpartiet | Medlem | Arnhild Kjellevold | Senterpartiet |
| Medlem | Kari Bøe | Høgre | Medlem | Kari Brekken | Arbeiderpartiet |

Administrativ organisering

Administrativ organisering for 2023

Organisasjonskartet for 2023 er som figuren viser under, bortsett frå at eininga “Kultur og mangfald” ikkje var oppretta, men var ein del av Oppvekst og kultur. I denne årsmeldinga har vi valt å rapportere på “Oppvekst” for seg og “Kultur og mangfald” for seg.



Ny samfunnsplan

Kommuneplanen er kommunen sitt overordna styringsdokument som set retning for utviklinga av Gulen kommune fram til 2034. Samfunnsplanen vart vedteke i kommunestyret juni 2023, og denne årsmeldinga bygger difor på dei satsingsområda og hovudmåla som er bestemt i ny samfunnsplan. Det var i 2023 ikkje utforma delmål og strategiar knytt til alle satsingsområda, og det vil difor berre bli rapportert på hovudmåla i den grad dette let seg gjere.

Eit **satsingsområde** er eit område kommunen skal satse på, og samfunnsplanen har 7 satsingsområde.

Eit **mål** er ei skildring av ein ønska framtidig tilstand.


Ein **strategi** skildrar vegen til målet- kva vegval eller endringar vi må prioritere for å nå målet.

Oppdrag er ein konkretisering av strategiane og gjer ein overorda skildring av kva tenesteområde skal gjere i fireårsperioden for å nå måla. Eit oppdrag kan gjennomførast utan økonomiske kostnader eller koplast mot eit **tiltak** i handlings- og økonomiplanen, med nye budsjettmidlar som skal til for å gjennomføre oppdraget.

Indikatorar og måling er aktivitetar eller resultat-er som faktisk lar seg måle, og som indikerer om vi er på riktig veg mot målet.

I handlings- og økonomiplanen for 2024-2027 er det definert konkrete oppdrag (både politisk og administrativt) og tiltak, for å nå hovudmåla, som gjer at det blir meir konkret rapportering. Vi startar difor i det små i denne årsmeldinga med å rapportere på hovudmåla, dette for at både politikarar og administrasjonen skal gjere seg kjent med den nye samfunnsplanen og andre planar som danner strategiar, delmål, tiltak og oppdrag for å nå måla. Rapporteringa på hovudmåla finn de under kvart rammeområde. Medan dei 7 satsingsområda kjem fram som eige kapittel i denne årsmeldinga.

Tabellen under viser ein skjematisk oversikt over vegen frå mål til resultat, og som er styrande i arbeidet for heile organisasjonen.



Status økonomi

Sentrale inntekter

Beløp i 1000

| | Rekneskap 2022 | Opph. bud. | Rev.bud. 2023 | Rekneskap 2023 | Avvik i kr | Avvik i % |
|--------------------------------------|-------------------|-----------------|------------------|-------------------|--------------|---------------|
| Frie disponible inntekter | | | | | | |
| Rammetilskot | -99 016 | -107 229 | -107 546 | -105 006 | -2 540 | -2,4 % |
| Inntekts- og formuesskatt | -101 315 | -87 624 | -94 526 | -100 590 | 6 064 | 6,4 % |
| Eigedomsskatt | -24 102 | -24 200 | -19 950 | -19 746 | -204 | -1,0 % |
| Andre generelle driftsinntekter | -26 279 | -19 647 | -26 147 | -32 140 | 5 993 | 22,9 % |
| Havbruksinntekter | -36 493 | -11 100 | -13 225 | -13 225 | 0 | 0,0 % |
| Sum Frie disponible inntekter | -287 205 | -249 800 | -261 394 | -270 707 | 9 313 | -3,6 % |

Dei sentrale inntektene er generelle inntekter som kan nyttast utan andre føringar for bruken enn lovar og reglar. I tillegg har kommunen sektorspesifikke inntekter, som er ført på rammeområda og er med på å finansiere utgifter innafor dei særskilde områda.

Rammetilskot

Dei største inntektspostane for kommunen er Rammetilskot og Inntekts- og formuesskatt. Desse inntektene vert fordelte mellom kommunane gjennom det nasjonale Inntektssystemet, som har som føremål å sikre eit likeverdig tilbod i alle kommunar. Inntektene gjennom rammetilskot er nært knytt til nivået på skatteinntektene, og desse postane er difor naturlege å sjå i samanheng. Samla inntekt frå skatt og rammetilskot i 2023 vart opp mot kr 5,3 mill. (2,6 %) høgare enn året før, og inntektsauken kompenserte såleis ikkje for løns- og prisauke dette året.

Rammetilskotet vart kr 2,5 mill. lågare enn budsjettert, som følgje av høgare trekk i inntektsutjamninga enn rekna inn. Reduksjonen hang saman med at inntektene frå skatt på inntekt og formue hadde noko større auke enn landsgjennomsnittet. For Gulen kommune vart samla inntekter gjennom inntektssystemet høgare enn i 2022, men skatteinntektene vart litt lågare, som skuldast at rammetilskotet generelt for kommunane utgjorde ein noko større del av dei samla inntektene gjennom inntektssystemet i 2023 enn året før.

Inntekts- og formuesskatt

Inntektene frå skatt på inntekt og formue vart opp mot kr 6,1 mill. høgare enn budsjettert, men marginalt lågare enn i 2022. Utviklinga i Gulen (-0,8 %) var likevel betre enn på landsbasis (-4,7 %), og skattenivået for Gulen kommune utgjorde 117,7 % av landsgjennomsnittet i 2023, mot 111,6 % i 2022.

Eigedomsskatt

Samla eigedomsskatt vart kr 24,0 mill., som var 0,4 % lågare enn budsjettert og 0,8 % lågare enn året før. Bortfall av 1/7 av «maskinskatten», ei omlegging av regelverket for næringsobjekt frå 2019 som vil gje gradvis lågare skattegrunnlag for nokre objekt dei neste åra, vart i stor grad kompensert med inntekt frå nye objekt, men ikkje heilt. Næringsobjekt inkl. leidningsnett utgjer noko over 2/3 av inntektsgrunnlaget for eigedomsskatten, medan bustader, fritidsbustader og andre objekt utgjer opp mot 1/3.

Andre generelle driftsinntekter

Andre generelle driftsinntekter vart kr 32,1 mill., som er kr 6,0 mill. (22,9 %) høgare enn budsjettert. Posten auka med kr 5,9 mill. frå året før.

Statleg tilskot til integrering av flyktningar vart kr 18,8 mill., kr 2,7 mill. høgare enn budsjettert. Tilskotet auka med kr 14,0 mill. frå året før. Integrering av flyktningar har dei siste to åra vore eit høgt prioritert arbeidsfelt. I 2023 vart det busett 44 nye flyktningar i Gulen, etter at 48 vart busett i 2022.

Kompensasjon knytt til NORM-deponering vart kr 8,0 mill., mot budsjettert kr 6,0 mill. NORM (Normally Occured Radioactive Material) er ein type avfall frå olje- og gassproduksjon som vert sikra og lagra i ein fjellhall i Sløvåg industriområde.

Inntekter frå sal av konsesjonskraft vart kr 3,8 mill., mot budsjettert kr 3,0 mill. Desse inntektene svinga mykje, og gjekk litt opp att i slutten av året etter å ha vore relativt låge tidleg på hausten.

Havbruksinntekter

Kommunale inntekter frå det statlege Havbruksfondet i 2023 vart kr 13 225 323. Grunnlaget for inntektene i 2023 var produksjonsavgift og sal av useld utlyst ny kapasitet frå 2022. Inntektene frå Havbruksfondet svingar anna kvart år, og var i 2023 over kr 20 mill. lågare enn i 2022. I 2024 vil inntektene auke att.

Det statlege Havbruksfondet inneheld kommunal sektor sin del av inntektene frå sal av ny kapasitet innafor havbruk og produksjonsavgifta for laks og aure. Utdeling frå fondet skjer årleg frå Fiskeridirektoratet til havbrukskommunar og -fylkeskommunar, etter ein fordelingsnøkkel som er fastsett av Stortinget. Ordninga for deling av inntekter knytt til havbruk har vore endra fleire gonger, sist ved stortingsvedtak frå mai 2023. Gjeldande ordning no er at 45 % av inntektene frå sal av ny kapasitet tilfall staten medan 55 % vert fordelt 80/20 mellom vertskommunane og -fylkeskommunane, produksjonsavgifta til deling mellom vertskommunane og -fylkeskommunane er sett til kr 0,90 pr kg, og det er innført ein grunnrenteskatt på produksjon i sjø som skal fordelast med minst 50 % til kommunal sektor gjennom ekstraløyvingar fordelt i inntektssystemet etter kostnadsnøkkel.

Andre sentrale postar

Beløp i 1000

| | Rekneskap 2022 | Opph. bud. | Rev.bud. 2023 | Rekneskap 2023 | Avvik i kr | Avvik i % |
|----------------------------------|-------------------|----------------|------------------|-------------------|--------------|----------------|
| Andre sentrale postar | | | | | | |
| Premieavvik og amortisering | -1 635 | -12 721 | -7 021 | -10 010 | 2 989 | 42,6 % |
| Administrasjon pensjonsordning | 89 | 90 | 90 | 91 | -1 | -1,0 % |
| Premiefond | -9 349 | -3 000 | -9 000 | -8 326 | -674 | -7,5 % |
| Ymse sentrale postar | 96 | 83 | 168 | 141 | 27 | 16,0 % |
| Sum Andre sentrale postar | -10 799 | -15 548 | -15 763 | -18 104 | 2 341 | -14,9 % |

Andre sentrale postar gjeld i stor grad føringar knytt til pensjonsordningane. Postane samvarierer i stor grad med pensjonsutgiftene som er ført på tenesteområda.

Premieavvik og amortisering

Premieavviket er differansen mellom premiebetalingane til pensjonsselskapa det enkelte år og den utrekna pensjonskostnaden for året. Amortiseringa inneber at eit premieavvik vert fordelt i rekneskapen dei neste sju åra med motsett forteikn. Normalt vil premieavviket syne ei inntekt, som fører til at amortiseringa syner utgift. Premieavvik og amortisering har samla synt ei inntekt kvart år, og inntekta vart ekstraordinært høg i 2023 som følgje av høg lønsregulering i 2023 og underregulering frå 2022.

Administrasjon pensjonsordning

Posten inneheld betaling til KLP (Kommunal landspensjonskasse) for administrasjon av pensjonsordningane der. Det er ikkje tilsvarende utgiftsføring for SPK (Statens pensjonskasse), som har pensjonsordninga for lærarar.

Premiefond

KLP fekk låg kapitalavkastning i 2022, som førte til lågt bidrag frå premiefond til betaling av pensjonspremie. Som følgje av det særskild høge premieavviket som var varsla for 2023 godkjende kommunestyret difor å nytta kr 6 mill. av kommunen sitt ekstra premiefond til betaling av pensjonspremie til KLP dette året, slik at premieavviket vart tilsvarende lågare. Dette vil føre til tilsvarende lågare amortiseringssum fordelt på dei neste sju åra.

Ymse sentrale postar

Postane inneheld interne føringar som må vere på plass for at rekneskapen for sjølvkosttenestene skal bli rett.

Finansinntekter og -utgifter

Beløp i 1000

| | Rekneskap 2022 | Opph. bud. | Rev.bud. 2023 | Rekneskap 2023 | Avvik i kr |
|---|-------------------|---------------|------------------|-------------------|--------------|
| Finansinntekter/-utgifter | | | | | |
| Renteinntekter | -3 495 | -4 215 | -6 215 | -7 398 | 1 183 |
| Utbytter | -3 340 | -2 500 | -4 900 | -4 908 | 8 |
| Gevinst og tap på finansielle omløpsmidlar | 22 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Renteutgifter | 4 596 | 9 228 | 9 228 | 9 194 | 34 |
| Avdrag på lån | 10 319 | 11 000 | 11 000 | 10 957 | 43 |
| Sum Finansinntekter/-utgifter | 8 103 | 13 513 | 9 113 | 7 846 | 1 267 |

Motpost avskrivninger

Motpost avskrivningar under Sentrale inntekter nøytraliserer sum avskrivningar på tenestekområda. Budsjetreguleringar vert normalt gjort etter at avskrivningane er bokført i rekneskapen.

Renteinntekter

Renteutvikling hos Sparebanken Sogn & Fjordane 2023:

| Sparebanken Sogn og Fjordane 2023 | | | | | | | | | |
|---|-------------|------------|-----------|----------------------|--------|----------|---------------------|----------------|---------|
| KONSERNKONTOSYSTEM - MÅNEDLIG RENTE- OG PROVISJONSRAPPORT | | | | | | | | | |
| Hovedkonto: 37050563961 GULEN KOMMUNE | | | | Valutasort: NOK | | | | | |
| Kontotype | Kontonummer | Valutasort | Kontonavn | Rentetype | Sats | Beregnet | | På kontonummer | Motpost |
| | | | | | | Debet | Kredit | | |
| GCA | 37050563961 | NOK | KKS-H | | | | | 38170701051 | BANK |
| Januar | | | | Kreditrenter | 3,5700 | | 152 579,54 | 38170701051 | BANK |
| Februar | | | | Kreditrenter | 3,5500 | | 134 524,10 | 38170701051 | BANK |
| Mars | | | | Kreditrenter | 3,9900 | | 142 495,36 | 38170701051 | BANK |
| April | | | | Kreditrenter | 4,0000 | | 165 748,41 | 38170701051 | BANK |
| Mai | | | | Kreditrenter | 4,2000 | | 150 714,00 | 38170701051 | BANK |
| Juni | | | | Kreditrenter | 4,6300 | | 183 486,00 | 38170701051 | BANK |
| Juli | | | | Kreditrenter | 4,9400 | | 215 002,00 | 38170701051 | BANK |
| August | | | | Kreditrenter | 4,9800 | | 101 926,00 | 38170701051 | BANK |
| September | | | | Kreditrenter | 4,9800 | | 73 819,00 | 38170701051 | BANK |
| Oktober | | | | Kreditrenter | 4,9800 | | 148 090,84 | 38170701051 | BANK |
| November | | | | Kreditrenter | 4,9800 | | 111 301,87 | 38170701051 | BANK |
| Desember | | | | Kreditrenter | 4,9900 | | 152 977,29 | 38170701051 | BANK |
| | | | | Sum kreditert | | | 1 732 664,41 | | |
| | | | | Sum 2023 | | | 1 732 664,41 | | |

Samla renter på innskott driftskonto kr 1,732 mill. pr 31.12. Her har renta økt frå 3,57% januar til 4,99% i desember.

Rente på plasseringskonto er 3 mnd NIBOR+ 0,5. Rentene vert utbetalt kvartalsvis, og banken gjev ikkje rapportar som syner renter pr mnd. Per 31.12.2023 var det bokførte renter kr 5 057 782 på plasseringskontoen. I tillegg får vi renter på lån gjeve til Sløvåg næringsbygg, Berinvest og renter frå

Årsmelding 2023

utestående fordringar. Samla sett er det blitt bokført kr 7 361 928,- på renteinntekter, medan budsjettet var på kr 6 190 000, det er meirinntekter på kr 1 171 928,-.

| Ansvar | Teneste | Namn | Konto | R- 31.12 | RB- 31.12 | Avvik | BE- 2023 | B- 2023 |
|--------|---------|----------------------------------|-------|-----------------------|-----------------------|----------------------|-----------------------|-----------------------|
| 900 | 28320 | Tilskot og formidl. Husbanken | 19000 | -288 798 | -190 000 | 98 798 | 0 | -190 000 |
| 900 | 87000 | Renter, utbytte og lån | 19000 | -7 073 130 | -6 000 000 | 1 073 130 | -4 000 000 | -2 000 000 |
| | | Sum renteinntekter | | -7 361 928 | -6 190 000 | 1 171 928 | -4 000 000 | -2 190 000 |

Utbytter

Gulen kommune har fått utbytte frå:

- Eviny (utbytte for 2022) kr 4 836 060,-
- Gjensidige kundeutbyte kr 71 623,-

Til saman er det betalt ut utbyte i 2023 kr 4 907 683,-, budsjettert beløp var kr 4 900 000,-.

Renteutgifter

Tabellen under viser renteutgifter for 2023. Dette er renteutgifter på låna som står i tabellen over. Renteutgiftene på låna frå Husbanken er på teneste 28320. Det er eit samla mindreforbruk på kr 36 027.

| Ansvar | | Teneste | Konto | R- 31.12 | RB- 31.12 | Avvik | B- 2023 |
|------------|--------------------------|---------|-------|------------------|------------------|---------------|------------------|
| 900 | Renteutgifter | 87000 | 15000 | 8 704 119 | 9 000 000 | 259 881 | 9 000 000 |
| 900 | Renteutgifter | 28320 | 15000 | 487 854 | 228 000 | -259 854 | 228 000 |
| 900 | Sum renteutgifter | | | 9 191 973 | 9 228 000 | 36 027 | 9 228 000 |

Avdrag på lån

Avdragsutgiftene på låneporteføljen vår for 2023, bortsett frå lån til vidare utlån, har følgd budsjettet.

Årsmelding 2023

| Ansvar | | Teneste | Konto | R- 31.12. | RB- 31.12 | Avvik | B- 2023 |
|--------|-----------------|---------|-------|------------|------------|--------|------------|
| 900 | Avdragsutgifter | 87000 | 15100 | 10 956 684 | 11 000 000 | 43 316 | 11 000 000 |

Avsetningar og årsoppgjersdisposisjonar

Beløp i 1000

| | Rekneskap 2022 | Opph. bud. | Rev.bud. 2023 | Rekneskap 2023 | Avvik i kr |
|---|-------------------|----------------|------------------|-------------------|----------------|
| Avsetningar og bruk av avsetningar | | | | | |
| Overføring til investering | 16 818 | 0 | 930 | 930 | 0 |
| Netto avsetninger til eller bruk av bundne driftsfond | 613 | 485 | 485 | 836 | -351 |
| Netto avsetninger til eller bruk av disposisjonsfond | 17 835 | -11 794 | -8 660 | 1 263 | -9 923 |
| Netto avsetningar | 35 267 | -11 310 | -7 246 | 3 029 | -10 275 |

Overføring til investering

Posten inneheld i hovudsak finansiering av eigenkapitalinnskot i KLP, som ikkje er høve til å finansiere med opptak av lån.

Netto avsetninger til eller bruk av bundne driftsfond

Posten gjeld avsetting av konsesjonsavgift og renter til bunde fond.

Netto avsetninger til eller bruk av disposisjonsfond

Netto driftsresultat vart kr 2,26 mill. Noko over halvparten av resultatet, kr 1,26 mill., vart sett av til disposisjonsfond.

Totaloversikt økonomi

Beløp i 1000

| | Rekneskap i fjor | Opph. bud. | Rev.bud. | Rekneskap | Avvik i kr | Avvik i % |
|---|---------------------|-----------------|-----------------|-----------------|--------------|--------------|
| Sentrale inntekter | -287 205 | -249 800 | -261 394 | -270 707 | 9 313 | 3,6 % |
| Andre sentrale postar | -10 799 | -15 548 | -15 763 | -18 104 | 2 341 | 14,9 % |
| Netto finansutgifter og inntekter | -3 660 | 3 149 | -3 157 | -4 170 | 1 013 | 32,1 % |
| Avsetningar og årsoppgjersdisposisjonar | 35 267 | -11 310 | -7 246 | 3 029 | -10 275 | -141,8 % |
| Til disposisjon | -266 397 | -273 508 | -287 559 | -289 952 | 2 393 | 0,8 % |
| Pol. og adm. styring, økonomi og personal | 37 611 | 24 713 | 24 573 | 24 982 | -409 | -1,7 % |
| Oppvekst og kultur | 73 878 | 84 664 | 91 164 | 90 719 | 445 | 0,5 % |
| Helse og omsorg | 110 141 | 111 981 | 119 456 | 121 818 | -2 362 | -2,0 % |
| Samfunn | 44 694 | 52 150 | 56 616 | 56 662 | -46 | -0,1 % |
| Finansielle føremål | 73 | 0 | -4 250 | -4 229 | -21 | -0,5 % |

Årsmelding 2023

| | Rekneskap i fjor | Opph. bud. | Rev.bud. | Rekneskap | Avvik i kr | Avvik i % |
|-------------------------------|---------------------|---------------|----------|-----------|------------|-----------|
| Sum disponering | 266 397 | 273 508 | 287 559 | 289 952 | -2 393 | -0,8 % |
| Meirforbruk -/mindreforbruk + | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0,0 % |

Totaloversikt drift - fordelt på rammeområde

Beløp i 1000

| Tenesteområde | Rekneskap 2022 | Opph. budsjett 2023 | Budsjett 2023 | Rekneskap | Avvik i kr |
|---|-------------------|---------------------------|------------------|----------------|---------------|
| Pol. og adm. styring, økonomi og personal | 37 611 | 24 713 | 24 573 | 24 982 | -409 |
| Oppvekst og kultur | 73 878 | 84 664 | 91 164 | 90 719 | 445 |
| Helse og omsorg | 110 141 | 111 981 | 119 456 | 121 818 | -2 362 |
| Samfunn | 44 694 | 52 150 | 56 616 | 56 662 | -46 |
| Finansielle føremål | 73 | 0 | -4 250 | -4 229 | -21 |
| Totalsum | 266 397 | 273 508 | 287 559 | 289 952 | -2 393 |

Kommunestyret vedtok budsjettet for 2023 som ei fordeling av løyvingar mellom fire tenesteområde. Tabellen over syner netto driftsutgifter fordelt på områda, i tillegg til nokre inntekter under inntektskapitlet Finansielle føremål. Namna på rammeområda i tabellen er i samsvar med tilstanden etter omorganiseringa, som rekneskapsmessig vart starta opp frå 01.01.2023.


Dei fire tenesteområda hadde samla ei driftsramme på 292,5 mill. Differansen til Sum i tabellen over er ein del postar som naturleg inngår i Finansielle føremål som rammeuavhengige inntekter, men som ikkje vert rekna som del av dei generelle inntektene i dei obligatoriske oppstillingane etter økonomiforskrifta § 5-4. Meirforbruk på tenesteområda vart samla kr 0,5 mill. utanom meirutgiftene til pensjonspremie.

Finansielle måltal

Kommunestyret vedtok finansielle måltal for kommunen sin økonomiske utvikling i 2020, i samsvar med krav i den nye kommunelova § 14-2 c), og reviderte dei i 2021. Ei styrking av dei finansielle måltala inneber at kommunen si økonomiske berekraft og robustheit er styrka. Dette gjer oss betre i stand til å møte langsiktige utfordringar knytt til endra behov i tenestetilbodet og mindre sårbare mot fall i skatteinntekter, auka renteutgifter og andre uføresette hendingar som påverkar inntektsnivået eller utgiftsbehovet.


Netto driftsresultat i % av brutto driftsinntekter

Måлтаlet for netto driftsresultat for 2023 var 0,62%. Gjennomsnittet dei fire siste åra er 6,53%. Som grafen syner ligg kommunen godt over måлтаlet.




Netto lånegjeld i % av brutto driftsinntekter

Måltallet for netto lånegjeld er sett til maksimalt 90 % av brutto driftsinntekter. Rekneskapen dei siste 4 åra viser at kommunen ligg godt under.



Disposisjonsfond i % av brutto driftsinntekter

Måltallet for disposisjonsfond er sett til minst 20 % av brutto driftsinntekter. Rekneskapen viser at dei siste 4 åra ligg kommunen over 30 %.



Utvikling i netto driftsresultat

Beløp i 1000

| | Rekneskap i fjor | Opph. bud. | Rev. bud. | Rekneskap | Avvik i kr |
|--|---------------------|-----------------|-----------------|-----------------|---------------|
| Bruk av avsetninger | | | | | |
| Bruk av bundne driftsfond | -2 170 | -1 708 | -1 726 | -2 455 | 729 |
| Bruk av disposisjonsfond | 0 | -28 894 | -8 660 | 0 | -8 660 |
| Sum bruk av avsetningar | -2 170 | -30 602 | -10 386 | -2 455 | -7 931 |
| Avsetninger | | | | | |
| Overføring til investering | 16 818 | 0 | 930 | 930 | 0 |
| Avsetninger til bundne driftsfond | 2 741 | 638 | 638 | 2 521 | -1 883 |
| Avsetninger til disposisjonsfond | 17 835 | 17 100 | 0 | 1 263 | -1 263 |
| Sum avsetningar | 37 395 | 17 738 | 1 568 | 4 714 | -3 146 |
| Netto driftsresultat | -35 225 | 12 864 | 8 818 | -2 259 | 11 078 |
| Sum driftsinntekter | -373 468 | -328 016 | -345 364 | -365 779 | 20 414 |
| Netto driftsresultat i prosent av driftsinntekter | 9,4 % | -3,9 % | -2,6 % | 0,6 % | 54,3 % |

Netto driftsresultat vart kr 2,26 mill. Dette var om lag kr 9,9 mill. høgare enn venta, i hovudsak som følge av høgare skatt/rammetilskot (kr 3,3 mill.), statstilskot til integrering av flyktningar (kr 2,7 mill.), NORM-kompensasjon (kr 2,0 mill.) og kraftinntekter (kr 0,8 mill.) enn lagt inn i budsjettet, i tillegg til lågare netto finansutgifter (kr 1,4 mill.). Pensjonsføringane synte meirinntekt (kr 2,3 mill.), som hadde tilsvarande meirutgift på tenestemråda. Samla meirforbruk på tenestemråda utanom pensjonsutgifter utgjorde om lag kr 0,5 mill. (0,1 % av driftsutgiftene).

Netto driftsresultat vart kr 33,0 mill. lågare enn i 2022. Om lag kr 31,8 mill. skuldast lågare inntekter, der utbetalingar frå det statlege Havbruksfondet vart kr 23,2 mill. lågare i 2023 enn i 2022, inntektene frå sal av konsesjonskraft vart kr 5,4 mill. lågare og mottatt NORM-kompensasjon vart kr 3,1 mill. lågare enn året før.

Det tekniske berekningsutvalet for kommunal og fylkeskommunal økonomi (TBU) sin tilrådde driftsmargin for kva netto driftsresultat ein kommune bør ha over tid er 1,75 % av brutto driftsinntekter, som mellom anna er sett for at kommunen skal kunne eigenfinansiere investeringar og ha ein buffer

mot uventa utgiftsauke. Årsresultata i Gulen kommune har dei siste åra i gjennomsnitt vore høgare enn tilrådd margin, som har gjort det mogleg både å delfinansiere investeringar med eigenkapital og byggje opp ein buffer. Utviklinga i netto driftsresultat syner likevel ein negativ trend, rett nok frå eit høgt nivå, ved at resultata den siste toårsperioden er lågare enn toårsperioden før. I tillegg er brutto driftsresultat i 2023 negativt, og dette skjedde sist i 2017, som var siste året før inntektene frå Havbruksfondet vart ein vesentleg årleg inntekt.

Investeringar

Totalt har det blitt investert for kr 34,92 mill i 2023, av dette er det investert i varige driftsmidlar for kr 32,09 mill. For å finansiere investeringane i 2023 er det brukt kr 26,56 mill lån og kr 3,53 mill i kompensasjon for mva.

Status investeringsprosjekt

Andre investeringar

Beløp i 1000

| Investering | Totalbudsjett Vedteke totalt | Budsjett for året | | |
|--|------------------------------------|-------------------|---------------|------------------|
| | | Rev. bud. | Rekneskap | Status |
| Finansielle føremål | | | | |
| Bustadfelt Eivindvik | - | 0 | -94 | Iht. plan |
| Eigenkapitalinnskot | - | 751 | 731 | Iht. plan |
| Sum - Finansielle føremål | 0 | 751 | 637 | |
| Oppvekst og kultur | | | | |
| Byrknes bhg og skule, hinderløype | 844 | 189 | 0 | Ferdig |
| Byrknes bhg og skule, klatreanlegg m lys | 974 | 110 | 0 | Ferdig |
| Byrknes skule - ventilasjon | 0 | 0 | 25 | Ferdig |
| Dalsøyra barnehage - ventilasjon | 0 | 0 | 25 | Ferdig |
| Eivindvik barnehage, uteområde | 380 | 380 | 0 | Forsinket |
| Elevstolar og -bord | 700 | 700 | 830 | Ferdig |
| Uteområde Dalsøyra skule | 1 950 | 1 950 | 1 213 | Iht. plan |
| Utlån Ytre Gulen idrettslag (YGIL) Treningstova Byrknes | 622 | 622 | 622 | Iht. plan |
| Utlån Ytre Gulen idrettslag, Tausevika sandvolleyballbane | 0 | 0 | 154 | Iht. plan |
| Utlån Ytre Sogn Turlag Austgulstølsvegen | 1 830 | 893 | 580 | Iht. plan |
| Utstyr uteområde barnehage | 250 | 250 | 0 | Iht. plan |
| Ventilasjonsanlegg Dalsøyra skule | 0 | 0 | 12 | ikkje vurdert |
| Sum - Oppvekst og kultur | 7 550 | 5 093 | 3 460 | |
| Pol. og adm. styring, økonomi og personal | | | | |
| Bil ymse | - | 857 | 457 | Iht. plan |
| IKT-investering adm | 6 063 | 1 200 | 440 | Iht. plan |
| Symjeanlegg | 133 237 | 237 | 11 | Iht. plan |
| Sum - Pol. og adm. styring, økonomi og personal | 139 300 | 2 294 | 909 | |
| Samfunn | | | | |
| Ambulansestasjon Dalsøyra | 26 347 | 2 143 | 2 196 | Ferdig |
| Brannsikring, enøk og oppgradering bygg | 4 500 | 1 170 | 1 032 | Ferdig |
| Bustadfelt Dalsøyra | 10 000 | 10 000 | 0 | Forsinket |
| Bustadfelt Ortneset | 14 797 | 12 108 | 11 338 | Forsinket |
| Bustadfelt ytre Gulen/ søre Gulen | 10 000 | 10 000 | 0 | Forsinket |
| First Responder bil | 150 | 150 | 270 | Ferdig |
| Gang- og sykkelveg Byrknes Nordre garden | - | -758 | 0 | Ferdig |
| Investeringstilskot til Gulen kyrkjelege fellelråd | - | 750 | 750 | Iht. plan |
| Kjøp av bustad Byrknes | 3 160 | 3 160 | 3 663 | Ferdig |
| Ladepunkt | 225 | 211 | 71 | Iht. plan |
| Lastebil Eigeomsforvaltning | 900 | 900 | 0 | Iht. plan |
| Mannskapsbil GMBR | 500 | 500 | 0 | Ferdig |
| Ombygging av brannstasjon Brekke | 570 | 347 | 394 | Ferdig |
| Oppgradering vegar | - | 4 739 | 3 931 | Ferdig |
| Reinhaldsmaskiner | 100 | 57 | 22 | Ferdig |
| Rideklipper eigeomsforvaltning | 180 | 180 | 185 | Ferdig |
| Sentrumstiltak Eivindvik | 3 261 | 3 081 | 412 | Forsinket |
| Trafikksikringstiltak | - | 2 338 | 825 | Forsinket |
| Sum - Samfunn | 74 691 | 51 076 | 25 089 | |
| Sum | | 59 214 | 30 095 | |

Årsmelding 2023

Sjølvkost

Beløp i 1000

| Investering | Totalbudsjett | Budsjett for året | |
|---|----------------|-------------------|------------------|
| | Vedteke totalt | Rev. bud. | Rekneskap Status |
| Samfunn | | | |
| Avløp Nedre Stølen | 2 400 | 2 400 | 0 Forsinket |
| Oppgr. vassbeh.anl. Eivindvik vassverk | 1 250 | 980 | 434 Ferdig |
| Oppgradering av kummar Hovden-Sløvåg | 700 | 432 | 810 Iht. plan |
| Oppgradering Byrknes vassverk | 25 300 | 8 700 | 1 402 Iht. plan |
| Opprusting Eivindvik vassverk | 0 | -449 | 0 Ferdig |
| Pumpestasjon i Eivindvik, oppgradering | 700 | 700 | 0 Forsinket |
| Sanering av utslipp mot Lundalsvik Søre Byrknes | 5 867 | 2 392 | 1 914 Ferdig |
| Vassforsyning Eivindvik, nye sjøleidningar | 3 566 | 0 | 272 Ferdig |
| Vassforsyning Ånneland - Skipavika | 0 | 0 | 1 Ikkje vurdert |
| Vassverk Gulen sør | 8 000 | 8 000 | 0 Forsinket |
| Sum - Samfunn | 47 783 | 23 154 | 4 832 |
| Sum | | 23 154 | 4 832 |

Status investering og finansiering (2A)

Beløp i 1000

| | Rekneskap | Opph. | Rev. bud. | Rekneskap |
|---|----------------|----------------|----------------|----------------|
| | 2022 | bud. 2023 | 2023 | 2023 |
| Investeringar i varige driftsmidlar | 48 208 | 30 180 | 79 353 | 32 090 |
| Tilskot til andre sine investeringar | 1 000 | 400 | 750 | 750 |
| Investeringar i aksjar og andelar i selskap | 661 | 800 | 751 | 731 |
| Utlån av egne midlar | 938 | 0 | 1 515 | 1 356 |
| Avdrag på lån | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Sum investeringsutgifter | 50 806 | 31 380 | 82 369 | 34 927 |
| Kompensasjon for meirverdiavgift | -4 462 | -3 566 | -9 725 | -3 533 |
| Tilskot frå andre | -195 | 0 | -1 558 | -2 657 |
| Sal av varige driftsmiddel | 0 | -200 | -400 | -161 |
| Sal av finansielle anleggsmiddel | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Utdeling frå selskap | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Mottatte avdrag på utlån av egne midlar | -344 | -363 | -936 | -1 461 |
| Bruk av lån | -29 200 | -27 814 | -69 383 | -26 560 |
| Sum investeringsinntekter | -34 200 | -31 943 | -82 002 | -34 371 |
| Vidareutlån | 0 | 2 000 | 2 000 | 3 780 |
| Bruk av lån til vidareutlån | 0 | -2 000 | -2 000 | -3 780 |
| Avdrag på lån til vidareutlån | 785 | 1 200 | 1 200 | 835 |
| Mottatte avdrag på vidareutlån | -1 274 | -600 | -600 | -974 |
| Netto utgifter vidareutlån | -489 | 600 | 600 | -139 |
| Overføring frå drift | -16 818 | 0 | -930 | -930 |
| Avsettingar til bundne investeringsfond | 489 | 0 | 0 | 139 |
| Bruk av bundne investeringsfond | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Avsetningar til ubunde investeringsfond | 213 | 563 | 563 | 374 |
| Bruk av ubunde investeringsfond | 0 | -600 | -600 | 0 |
| Dekning av tidlegare års udekkja beløp | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Sum overføring frå drift og netto | -16 117 | -37 | -967 | -417 |

Årsmelding 2023

| | Rekneskap 2022 | Opph. bud. 2023 | Rev. bud. 2023 | Rekneskap 2023 |
|---|-------------------|--------------------|-------------------|-------------------|
| avsetningar | | | | |
| Framført til inndekning i seinare år (udekt) | 0 | 0 | 0 | 0 |

Folketalsutvikling

Utvikling i befolkning 4. Kvartal 2023


| | 2020 | 2021 | 2022 | 2023 |
|---|--------------|--------------|--------------|--------------|
| Folketal ved inngangen av kvartalet | 2 297 | 2 272 | 2 230 | 2 228 |
| Fødde | 17 | 22 | 22 | 20 |
| Døde | 15 | 31 | 28 | 27 |
| Fødselsoverskot | 2 | -9 | -6 | -7 |
| Innvandring | 11 | 21 | 41 | 33 |
| Utvandring | 12 | 7 | 16 | 5 |
| Innflytting, innanlands | 83 | 91 | 79 | 92 |
| Utflytting, innanlands | 108 | 140 | 99 | 107 |
| Netto | -26 | -35 | 5 | 13 |
| innvandring og flytting | | | | |
| Folkevekst | -25 | -42 | -2 | 6 |
| Folketalet ved utgangen av kvartalet | 2 272 | 2 230 | 2 228 | 2 234 |

Tabellen syner tal for heile året, og ikkje berre 4 kvartal.

Folketalsutvikling fordelt på aldersgrupper

Folketalsutvikling

Årsmelding 2023



| Aldersgrupper | 2019 | 2020 | 2021 | 2022 | 2023 |
|-------------------------|-------------|-------------|-------------|-------------|-------------|
| 0 - åringar | 23 | 19 | 18 | 21 | 19 |
| Barnehage (1-5 år) | 121 | 118 | 105 | 89 | 96 |
| Grunnskole (6-15 år) | 267 | 255 | 244 | 240 | 234 |
| Videregående (16-19 år) | 111 | 120 | 122 | 125 | 122 |
| Voksne (20-66 år) | 1327 | 1316 | 1294 | 1284 | 1278 |
| Eldre (67-79 år) | 322 | 327 | 335 | 316 | 331 |
| Eldre (80-89 år) | 114 | 110 | 118 | 116 | 114 |
| Eldre (90 år og eldre) | 37 | 32 | 36 | 39 | 34 |
| SUM | 2322 | 2297 | 2272 | 2230 | 2228 |

Personal og organisasjon

Likestilling

Gulen kommune har som mål at usakleg forskjellsbehandling ikkje skal skje ved tilsetjing eller annan sakshandsaming. Vi drøfter reduksjon av deltidsstillingar med tillitsvalde og samarbeider tett med tillitsvalde i tilsetjingssaker. Gulen kommune er ein kvinnedominert arbeidsplass, og praktiserer likestilling. Godt utbygde velferdsordningar gjer kommunen til ein konkurransedyktig arbeidsplass, særskilt for kvinner. For å stimulere til fleire kvinnelege næringsetableringar vert kvinner prioriterte når det gjeld tilskot frå næringsfondet. 11 av 15 toppleiarar i Gulen kommune er kvinner. Om lag 80 % av tilsette i Gulen kommune er kvinner.

Rapportering etter *aktivitets- og redegjæringsplikten* (likestillings- og diskrimineringslova), vil verte lagt fram som eiga sak til kommunestyret.

HMT

Det har også i 2023 har vore møter i arbeidsmiljøutvalet (AMU). Det siste var i november.

Bedriftshelsetenesta Avonova vart nytta til informasjon, Hmt kurs og opplæring, oppfylging av sjukemelde, samt rådgjeving i konkrete arbeidsmiljøsaker. I tillegg til bedriftshelsetenesta, samarbeider kommunen også med NAV arbeidslivssenter og lokalt NAV-kontor i aktuelle saker.

Til HMT kurset i regi Avonova, var det påmeld 20 stk. Kurset blei gjennomført på kommunehuset i Eivindvik.

Miljø

Samarbeid med fagorganisasjonane

I 2023 var det fire møte med alle hovudtillitsvalde samla, mellom anna med drøfting av rekruttering, lokale forhandlingar, og budsjett. Det var også lokale lønsforhandlingar for kapittel 3 og 5 i oktober 2023, med verknad frå 1.5.23. I tillegg har det vore drøftingar med hovudtillitsvalde enkeltvis eller i grupper ved behov – mellom anna om ny organisering, turnusavtalar, prosjekt “Bærekraftige pleie- og omsorgstenester”, ulike forhandlingar og ved individuelle saker. Tillitsvalde deltek også i tilsetjingprosessane i kommunen, ved å vere med på intervju, vurderingar og drøftingar før vedtak.

Kompetanseutvikling

Gulen kommune har vidareført arbeid med kompetanseutvikling, og rullert vedteke plan for perioden 2021-25 for perioden 23-24. Kompetanseutvikling skjer kvar einaste dag i alle einingar, gjennom interne og eksterne læringsarenaer, og det er viktig at vi har ulike tiltak og strategiar for kompetanseutvikling, som t.d. kvardagslæring, internundervisning, rettleiing, kurs, vidareutdanningar osv. Av større tiltak i kompetanseplanen, samt måltal knytt til kompetanse, kan det oppsummerast for 2022:

- Pr. 31.12.23 hadde vi seks lærlingar i kommunen. Tre tilsette tok fagbrev i løpet av 2023. Desse inne oppvekst.
- Vi har tilsette som deltar på grunnutdanning som barnehagelærer, helsefagarbeidar, vernepleiar, sjukepleiar samt fleire ulike vidareutdanningar innan undervisning og barnehage.

Det er elles gjennomført ei heil rekkje andre kompetanseutviklingstiltak i kommunen i tråd med vedteken kompetanseutviklingsplan og lokale planar.

Etisk standard

Kommunen legg vekt på at vår tenesteyting skal skje i samsvar med våre etiske retningslinjer for tilsette og folkevalde i Gulen kommune. Retningslinjene viser også til verdiplattforma vår, “Samarbeid for utvikling”, som seier korleis vi bør opptre, og kva overordna mål tilsette skal jobbe etter. Verdiplattforma skal henge synleg på alle arbeidsplassar, og reflekterast over på personalmøte jamleg. Det vert også vist til Verdiplattforma på einingsleiar møte og ved introduksjon til nyttilsette.

Sosiale tiltak

Trivselen blant dei tilsette synes stor. Som tiltak for å styrke samhald og økt trivsel har kommunen i 2023 delteke på eksterne arrangement som til dømes Volvat stafetten (Knarvik Mila), og grendacupen i Nordhordlandshallen. Størst deltaking under Volvat stafetten med omlag 50 deltakare frå Gulen kommune.



Sjukefråvær

| Fråvær | Korttid | Langtid | Samla fråvær |
|------------------------|---------|---------|--------------|
| Årleg sjukefråvær 2022 | 2,67 % | 6,92 % | 9,60 % |
| Årleg sjukefråvær 2023 | 2,07 % | 6,18 % | 8,25 % |

Samla sjukefråvær 2023 er ned 1,35% samanlikna med tal frå 2022. Av dette 0,74% nedgang langtidsfråvær.

Det samla sjukefråværet i 2023 er på 8,25%, mot 9,6 % i 2022. Tala er henta frå kommunen sitt eige fråværsystem, som inneheld både legemeldt og eigenmeldt sjukefråvær.

Korttidsfråværet, 1-16 dagar, er samla 2,07% 2023 mot 2,7 % 2022. Langtidsfråvær var 6,18% i 2023 mot 6,92% i 2022.

Når det gjeld sjukefråvær på dei enkelte einingane, ser vi at det svingar mykje frå år til år. Dette skuldast i hovudsak at enkeltstående langtidsfråvær i våre små einingar gjer store utslag på fråværsprosenten. Årsakene til sjukefråvær er samansett, og det er viktig å heile tida ha fokus på førebygging og tilrettelegging.

Fråvær per tenestoområde

| Tenestoområde | Fråvær 2023 | | |
|---|-------------|-------------|--------------------|
| | Korttid i % | Langtid i % | Samla % fråvær i % |
| Pol. og adm. styring, økonomi og personal | 0,89 % | 1,70 % | 2,59 % |
| Oppvekst og kultur | 2,03 % | 4,50 % | 6,52 % |
| Helse og omsorg | 2,46 % | 8,52 % | 10,98 % |
| Samfunn | 1,29 % | 5,25 % | 6,54 % |
| Sum tenestoområde | 2,07 % | 6,18 % | 8,25 % |

Sjukefråvær per måned

| Type | Område/eining | Jan | Feb | Mars | April | Mai | Juni | Juli | Aug | Sept | Okt | Nov | Des | Totalt i år | Totalt i fjor |
|--------------|--|----------------|----------------|----------------|----------------|----------------|---------------|---------------|----------------|----------------|----------------|----------------|---------------|----------------|----------------|
| Korttid | Pol, og adm, styring, økonomi og personal | 0 % | 4,09 % | 0,33 % | 0 % | 3,01 % | 0 % | 0 % | 0,33 % | 0 % | 0 % | 1,11 % | 2,43 % | 0,89 % | 3,19 % |
| Langtid | Pol, og adm, styring, økonomi og personal | 6,88 % | 1,16 % | 3,81 % | 3,41 % | 0 % | 3,88 % | 0,57 % | 0 % | 0 % | 0 % | 0 % | 0 % | 1,70 % | 3,09 % |
| Samla | Pol, og adm, styring, økonomi og personal | 6,88 % | 5,25 % | 4,14 % | 3,41 % | 3,01 % | 3,88 % | 0,57 % | 0,33 % | 0 % | 0 % | 1,11 % | 2,43 % | 2,59 % | 6,28 % |
| Korttid | Oppvekst og kultur | 3,12 % | 1,42 % | 1,45 % | 2,46 % | 1,69 % | 2,18 % | 0,72 % | 0,64 % | 2,70 % | 3,58 % | 2,48 % | 1,90 % | 2,03 % | 2,27 % |
| Langtid | Oppvekst og kultur | 6,81 % | 6,99 % | 6,65 % | 3,48 % | 3,71 % | 4,78 % | 3,50 % | 1,48 % | 2,05 % | 3,35 % | 5,09 % | 5,59 % | 4,50 % | 6,86 % |
| Samla | Oppvekst og kultur | 9,93 % | 8,41 % | 8,10 % | 5,95 % | 5,41 % | 6,96 % | 4,22 % | 2,12 % | 4,75 % | 6,94 % | 7,58 % | 7,49 % | 6,52 % | 9,13 % |
| Korttid | Helse og omsorg | 2,91 % | 3,58 % | 2,76 % | 2,59 % | 2,53 % | 1,59 % | 0,97 % | 2,62 % | 2,69 % | 2,06 % | 2,55 % | 2,75 % | 2,46 % | 3,16 % |
| Langtid | Helse og omsorg | 8,95 % | 10,09 % | 9,39 % | 9,70 % | 8,49 % | 7,70 % | 6,83 % | 9,25 % | 7,96 % | 8,94 % | 8,17 % | 6,81 % | 8,52 % | 7,64 % |
| Samla | Helse og omsorg | 11,86 % | 13,67 % | 12,15 % | 12,29 % | 11,03 % | 9,29 % | 7,80 % | 11,87 % | 10,65 % | 11,00 % | 10,72 % | 9,56 % | 10,98 % | 10,80 % |
| Korttid | Samfunn | 0,79 % | 1,71 % | 0,37 % | 2,45 % | 0,18 % | 0,71 % | 1,70 % | 4,34 % | 1,65 % | 0,62 % | 0,08 % | 0,78 % | 1,29 % | 1,74 % |
| Langtid | Samfunn | 4,83 % | 5,66 % | 5,45 % | 5,08 % | 4,19 % | 3,34 % | 0,77 % | 3,56 % | 5,11 % | 10,97 % | 9,78 % | 4,87 % | 5,25 % | 7,24 % |
| Samla | Samfunn | 5,62 % | 7,36 % | 5,82 % | 7,54 % | 4,37 % | 4,05 % | 2,48 % | 7,90 % | 6,76 % | 11,58 % | 9,87 % | 5,65 % | 6,54 % | 8,98 % |
| Korttid | Sum sjukefråvær | 2,62 % | 2,50 % | 1,81 % | 2,40 % | 1,98 % | 1,64 % | 0,91 % | 1,89 % | 2,44 % | 2,43 % | 2,19 % | 2,18 % | 2,07 % | 2,67 % |
| Langtid | Sum sjukefråvær | 7,51 % | 7,84 % | 7,51 % | 6,48 % | 5,79 % | 5,82 % | 4,44 % | 4,97 % | 4,80 % | 6,41 % | 6,66 % | 5,79 % | 6,18 % | 6,92 % |
| Samla | Sum sjukefråvær | 10,13 % | 10,34 % | 9,32 % | 8,88 % | 7,77 % | 7,46 % | 5,34 % | 6,86 % | 7,24 % | 8,84 % | 8,85 % | 7,98 % | 8,25 % | 9,60 % |

Tabellen **Fråvær pr tenesteområdet** gir oversikt over korttid og langtidsfråvær i dei ulike tenesteområde i 2023. Størst prosentvise fråvær finn vi i Helse og omsorg med 10,98% samla fråvær. Av dette er 8,52% langtidsfråvær. Dette er 4,44% meir enn nr to på lista, Samfunn med 6,54% samla fråvær.

Tabellen **Sjukefråvær per måned** viser utviklinga gjennom året på dei ulike områda. Her kan ein lese tal mnd for mnd, kort og langtidsfråvær. Ein kan og sjå en tendens med høgast samla fråvær frå januar med dalande kurve frem mot sommar, medan kurva peikar gradvis opp frå sommar mot haust/vinter. Ein kan av tabellen og sjå samla fråvær 2023 mot samla fråvær 2022.

Finans- og gjeldsrapport

Lowverk og reglement

Kommunelova §§ 50 og 52, og forskrift om kommuner si finansforvaltning stiller krav til kommunene som vedkjem finansforvaltninga og rapportering av dette til kommunestyret. Kommunen sitt finans- og gjeldsreglement vart sist vedteke 15.10.20 i K-sak 076/20. Rapporteringa skal skje etter kvart tertial.

Denne rapporten er utarbeidd etter forskrift og kommunen sitt eige finans- og gjeldsreglement, då jamfør kapittel 8.1: *Kommunedirektøren skal minst to gangar i året rapportere status for finansforvaltninga til kommunestyret, og i samband med årsavslutning leggje fram ein rapport for kommunestyret som viser status og utvikling gjennom året, jf. kommunelova § 14-13, 3 ledd. Rapportane kan innarbeidast i tertialrapportar og årsmelding.*

Det er eit krav til rapportane etter forskrifta § 8 at dei skal:

a) vise korleis dei finansielle midlane er samansett og marknadsverdien av dei, både samla og for kvar gruppe av midlar

b) vise korleis dei finansielle forpliktingane er samansett og marknadsverdien av dei, både samla og for kvar gruppe av forpliktingar

c) opplyse om dei finansielle forpliktingane si løpetid, og om verdien av lån som forfell og må refinansierast innan 12 månader

d) opplyse om aktuelle marknadsrenter og kommunen sine eigne rentevilkår

e) opplyse om tilhøve som kommunestyret har stilt krav om at det skal opplysast om

Generelt om kommunen sin likviditet

Årsmelding 2023

Kommunen har til kvar tid likviditet som kan plasserast innafør følgjande kategoriar:

- Likvide midlar tiltenkt driftsføremål

Kommunen sin kortsiktig likviditet skal brukast til betaling av laupande utgifter som løn og kjøp av varer og tenester i den daglege drifta.

- Lånegjeld og finansieringsavtalar

Ubrukte lånemidlar frå lån som er teke opp til vedtekne investeringsprosjekt, der framdrifta på prosjekta alltid vil vere i etterkant av vedtak og låneopptak.

- Langsiktige finansielle aktiva

Langsiktig likviditet er for Gulen kommune i all hovudsak disposisjonsfond (i hovudsak NORM midlar og midlar frå havbruksfondet). I tillegg til andre fond som er oppstått på grunn av kommunestyrevedtak om avsetning av overskot frå tidlegare års rekneskap.

Forvaltning av ledig likviditet og andre midlar til driftsføremål

Gulen kommune har per 31.12 .2023 samla innskot kr 169,669 mill plassert i Sparebanken Sogn og Fjordane. kr 42,735 mill på hovudkonto, og kr 126,933 mill på plasseringskonto.

Nedanfor ser ein utviklinga av bankinnskota frå januar til desember 2023:

| 2023 | Januar | Februar | Mars | April | Mai | Juni | Juli | August | September | Oktober | November | Desember |
|---------------------------------|--------------------|--------------------|--------------------|--------------------|--------------------|--------------------|--------------------|--------------------|--------------------|--------------------|--------------------|--------------------|
| Driftskonti: | 31.01.2023 | 29.02.2023 | 31.03.2023 | 30.04.2023 | 31.05.2023 | 30.06.2023 | 31.07.2023 | 31.08.2023 | 30.09.2023 | 31.10.2023 | 30.11.2023 | 31.12.2023 |
| 3817 0701051 (vanleg drift) | 41 775 366 | 34 542 338 | 28 124 506 | 35 116 461 | 46 000 871 | 38 143 688 | 42 579 052 | 17 807 317 | 12 957 511 | 27 543 152 | 20 309 044 | 34 510 534 |
| 3705 31 50943 (OCR-innbetaling) | 1 364 103 | 3 259 342 | 8 112 708 | 1 632 506 | 2 234 528 | 8 422 694 | 1 128 238 | 1 277 960 | 9 255 100 | 1 454 016 | 3 825 461 | 829 704 |
| 3705 50 97535 (OCR KK2) | 659 702 | 689 880 | 776 320 | 843 016 | 982 389 | 66 391 | 257 937 | 346 447 | 398 141 | 504 322 | 78 211 | 133 062 |
| 3705 33 74655 (Helsesenter) | 162 159 | 175 028 | 203 022 | 221 742 | 239 825 | 265 895 | 273 462 | 286 997 | 304 083 | 355 901 | 89 167 | 128 694 |
| 3817 61 00157 (Skattetrekk) | 3 913 772 | 7 713 776 | 4 010 415 | 7 837 272 | 169 060 | 201 465 | 0 | 0 | | | | |
| 3705 53 74806 (NY Skattetrekk) | | | | 8 358 | 8 358 | 5 003 236 | 4 228 864 | 8 443 927 | 4 087 947 | 8 226 220 | 4 689 673 | 7 133 879 |
| Sum hovudkonto: | 47 875 102 | 46 380 364 | 41 226 971 | 45 659 356 | 49 635 031 | 52 103 369 | 48 467 553 | 28 162 648 | 27 002 782 | 38 083 611 | 28 991 556 | 42 735 873 |
| Plasseringskonti: | | | | | | | | | | | | |
| 3705 40 59567 (SP+N3M) | 118 875 475 | 118 875 475 | 112 947 274 | 112 947 274 | 112 947 274 | 114 200 831 | 114 200 831 | 104 200 831 | 105 630 149 | 105 630 149 | 105 630 149 | 126 933 257 |
| Sum innskot: | 166 750 578 | 165 255 839 | 154 174 245 | 158 606 630 | 162 582 305 | 166 304 200 | 162 668 384 | 132 363 479 | 132 632 931 | 143 713 760 | 134 621 705 | 169 669 130 |

Låneopptak og forsinka investeringsaktivitet påverkar likviditeten. Mykje av innskotet gjeld ubundne- og bundne fond eller unyttå lån.

Renteutvikling hos Sparebanken Sogn & Fjordane 2023:

Årsmelding 2023

| Sparebanken Sogn og Fjordane 2023 | | | | | | | | | |
|---|-------------|------------|-----------|----------------------|--------|----------|---------------------|----------------|---------|
| KONSERNKONTOSYSTEM - MÅNEDLIG RENTE- OG PROVISJONSRAPPORT | | | | | | | | | |
| Hovedkonto: 37050563961 GULEN KOMMUNE | | | | Valutasort: NOK | | | | | |
| Kontotype | Kontonummer | Valutasort | Kontonavn | Rentetype | Sats | Beregnet | | På kontonummer | Motpost |
| | | | | | | Debet | Kredit | | |
| GCA | 37050563961 | NOK | KKS-H | | | | | 38170701051 | BANK |
| Januar | | | | Kreditrenter | 3,5700 | | 152 579,54 | 38170701051 | BANK |
| Februar | | | | Kreditrenter | 3,5500 | | 134 524,10 | 38170701051 | BANK |
| Mars | | | | Kreditrenter | 3,9900 | | 142 495,36 | 38170701051 | BANK |
| April | | | | Kreditrenter | 4,0000 | | 165 748,41 | 38170701051 | BANK |
| Mai | | | | Kreditrenter | 4,2000 | | 150 714,00 | 38170701051 | BANK |
| Juni | | | | Kreditrenter | 4,6300 | | 183 486,00 | 38170701051 | BANK |
| Juli | | | | Kreditrenter | 4,9400 | | 215 002,00 | 38170701051 | BANK |
| August | | | | Kreditrenter | 4,9800 | | 101 926,00 | 38170701051 | BANK |
| September | | | | Kreditrenter | 4,9800 | | 73 819,00 | 38170701051 | BANK |
| Oktober | | | | Kreditrenter | 4,9800 | | 148 090,84 | 38170701051 | BANK |
| November | | | | Kreditrenter | 4,9800 | | 111 301,87 | 38170701051 | BANK |
| Desember | | | | Kreditrenter | 4,9900 | | 152 977,29 | 38170701051 | BANK |
| | | | | Sum kreditert | | | 1 732 664,41 | | |
| | | | | Sum 2023 | | | 1 732 664,41 | | |

Samla renter på innskot driftskonto kr 1,732 mill. pr 31.12. Her har renta økt frå 3,57% januar til 4,99% i desember.

Rente på plasseringskonto er 3 mnd NIBOR+ 0,5. Rentene vert utbetalt kvartalsvis, og banken gjev ikkje rapportar som syner renter pr mnd. Per 31.12.2023 var det bokførte renter kr 5 057 782 på plasseringskontoen. I tillegg får vi renter på lån gjeve til Sløvåg næringsbygg, Berinvest og renter frå uteståande fordringar. Samla sett er det blitt bokført kr 7 361 928,- på renteinntekter, medan budsjettet var på kr 6 190 000, det er meirinntekter på kr 1 171 928,-.

| Ansvar | Teneste | Namn | Konto | R- 31.12 | RB- 31.12 | Avvik | BE- 2023 | B- 2023 |
|--------|---------|----------------------------------|-------|-----------------------|-----------------------|----------------------|-----------------------|-----------------------|
| 900 | 28320 | Tilskot og formidl. Husbanken | 19000 | -288 798 | -190 000 | 98 798 | 0 | -190 000 |
| 900 | 87000 | Renter, utbytte og lån | 19000 | -7 073 130 | -6 000 000 | 1 073 130 | -4 000 000 | -2 000 000 |
| | | Sum renteinntekter | | -7 361 928 | -6 190 000 | 1 171 928 | -4 000 000 | -2 190 000 |


Forvaltning av kommunen sin lånegjeld

Per 31.12 har Gulen kommune ei samla lånegjeld på vel kr 222 666 431,-, av dette er det kr 12 153 071 som er lån til vidare utlån (startlån).

| Lånenummer | Utbetalt | Lånebeløp | Restgjeld |
|---------------------------|----------|-----------------------|----------------------|
| KLP kommunekreditt | | | |
| 83175588909 | 2019 | 25 355 600 | 20 284 480 |
| 83175919220 | 2021 | 18 369 200 | 16 899 664 |
| Sum | | 25 355 600,00 | 37 184 144 |
| Husbanken | | | |
| 11544367 | 2021 | 12 557 627,00 | 10 203 071 |
| 13586241 | 2023 | 2 000 000,00 | 1 950 000 |
| 13514095 | 1999 | 2 445 000,00 | 164 815 |
| Sum | | 17 002 627,00 | 12 317 886,00 |
| Kommunalbanken | | | |
| KB-20160503 | 2016 | 46 000 000 | 33 120 000 |
| KB-20180038 | 2018 | 49 681 270 | 31 050 790 |
| KB-20180039 | 2018 | 48 151 360 | 34 393 840 |
| KB-20200636 | 2020 | 30 000 000 | 26 400 000 |
| KB-20220420 | 2022 | 15 946 000 | 15 308 160 |
| KB-20230528 | 2023 | 32 891 611 | 32 891 611 |
| Sum | | 222 670 241 | 173 164 401 |
| Sum samla lån | | 265 028 468,00 | 222 666 431 |

Renteutgifter

Renteutviklinga for 2023 har vore jamt aukande. Kommunen har flytande renter på alle låna sine.



Tabellen under viser renteutgifter for 2023. Dette er renteutgifter på låna som står i tabellen over. Renteutgiftene på låna frå Husbanken er på teneste 28320. Det er eit samla mindreforbruk på kr 36 027.

Årsmelding 2023

| Ansvar | | Teneste | Konto | R- 31.12 | RB- 31.12 | Avvik | B- 2023 |
|------------|--------------------------|---------|-------|------------------|------------------|---------------|------------------|
| 900 | Renteutgifter | 87000 | 15000 | 8 704 119 | 9 000 000 | 259 881 | 9 000 000 |
| 900 | Renteutgifter | 28320 | 15000 | 487 854 | 228 000 | -259 854 | 228 000 |
| 900 | Sum renteutgifter | | | 9 191 973 | 9 228 000 | 36 027 | 9 228 000 |

Avdragsutgifter

| Ansvar | | Teneste | Konto | R- 31.12. | RB- 31.12 | Avvik | B- 2023 |
|--------|-----------------|---------|-------|------------|------------|--------|------------|
| 900 | Avdragsutgifter | 87000 | 15100 | 10 956 684 | 11 000 000 | 43 316 | 11 000 000 |

Avdragsutgiftene på låneporteføljen vår, bortsett frå lån til vidare utlån, har følgd budsjettet.

Rapportering til kommunestyret

Kommunedirektøren skal minimum to gangar i året leggje fram rapportar for kommunestyret som viser status for gjeld- og finansforvaltning. I tillegg skal kommunedirektøren i samband med årsavslutninga leggje fram ein rapport for kommunestyret som viser status og utvikling gjennom året. Rapporten er denne gangen innarbeida i årsmeldinga.

Vurdering av kvalitetssikring av finansiell risiko

Renta på lånt kapital har gått frå ca 3,9% og opp til ca 5,6% i 2023. Renta på innskot driftskonti pr 31.12.23 4,99%, mens plasseringskonto er 3 mnd NIBOR+ 0,5%. Samla lån syner pr 31.12.23 kr 222 666 431,- medan samla innskot kr 169 669 130,-.

Kommunedirektøren sin konklusjon er at forvaltning av kommunen si gjeld er i samsvar med finans- og gjeldsreglementet.

Oppfølging av mål og satsingsområder

Kultur idrett og frivillig arbeid

Beskriving av satsingsområde

Gulen kommune skal arbeide for eit rikt kultur-, idrettsiljø og aktivt frivilligheit

Målsettingar

- Gulen kommune skal arbeide for at kulturminna i kommunen vert tatt vare på

- Gulen kommune skal bidra til at aktører i Gulen-samfunnet kan koordinere sitt virke til beste for innbyggerane
- Gulen kommune skal fremje frivilligheita sin verdi som samfunnsbygger
- Gulen kommune skal legge til rette for nærmiljø som kan bidra til aktivitetar som fremjer god livskvalitet

Miljø og klima

Beskriving av satsingsområde

I Gulen kommune satsar ein på å ta vare på framtidige generasjonar gjennom god handtering av miljø- og klimaaspekter

Målsettingar

- Gjennom klimatilpassingar vil innbyggerane i Gulen ha eit trygt lokalsamfunn
- Gulen kommune skal bidra til å sikre framtidige generasjonar ved å vere oppdatert på nyaste kunnskap og kutte utslepp i tråd med nasjonale ambisjonar innan 2030 og 2050
- Gulen kommune skal i samfunnsutviklinga vurdere korleis det rike natur- og kulturlandskapet blir ivareteke
- Gulen kommune skal legge til rette for at innbyggerane har kjennskap til, og nyttar miljø- og klimavennlege løysingar

Organisasjonen Gulen kommune

Målsettingar

- Gulen kommune skal levere heilskapelege og effektive tenester med god kvalitet
- Gulen kommune skal vere ein open organisasjon og ein attraktiv arbeidsgjevar
- Gulen kommune tilbyr gode og effektive lokale til kommunale tenester og har eit verdibevarande vedlikehald av den kommunale bygningsmassen

Det er godt å bu i Gulen kommune

Beskriving av satsingsområde

I Gulen kommune har vi fokus både på dei individbaserte trivselfaktorane og eiga mestring samstundes som ein ved samfunnsplanlegginga tek omsyn til å tilrettelegge bu- og levetilhøva

Målsettingar

- Den eldre generasjon i Gulen kommune er ein aktiv initiativtakar med høg trivsel
- Gulen kommune skal ha aktive innbyggjarar som engasjerer seg i utviklinga av eit inkluderande og levande lokalsamfunn
- Gulen kommune skal ha ein forsvarleg og berekraftig økonomi for å sikre velferdstilbodet i framtida
- Gulen kommune skal leggje til rette for å styrke evna til eigenomsorg
- I Gulen skal alle oppleve ein trygg alderdom
- Innbyggjarane i Gulen kommune skal oppleve god livskvalitet
- Som innbyggjar i Gulen skal du oppleve meistring og god folkehelse
- Yrkesaktive i Gulen kommune skal oppleve gode jobbmoglegheiter

Samfunnstryggleik og beredskap

Beskriving av satsingsområde

Det blir arbeid systematisk med at Gulen kommune er ein trygg komune å bu og opphalde seg i

Målsettingar

- Gulen kommune skal ha ein best mogleg beredskap mot kriser

Barn og Unge

Beskriving av satsingsområde

Gulen kommune prioriterer barn og unge og vil vise dette gjennom planlegginga som blir gjort på lang og kort sikt

Målsettingar

- Alle barn og unge i Gulen kommune skal få ein god start på livet
- Alle born og unge i Gulen kommune skal få eit godt verdi- og utdanningsgrunnlag
- Alle born og unge i Gulen kommune skal ha eit trygt og godt oppvekstmiljø
- I Gulen kommune skal vi oppretthalde det høge tale på unge som fullfører vidaregåande opplæring

Oversyn politiske saker

Årsmelding 2023

| Utvikling i tal politiske saker | 2019 | 2020 | 2021 | 2022 | 2023 |
|--|-------------|-------------|-------------|-------------|-------------|
| Kommunestyret | 144* | 108 | 100 | 112 | 144* |
| Formannskapet | 58 | 92 | 101 | 82 | 78 |

*Dei høge tala for kommunestyresaker i 2019 og 2023 skuldast utpeiking av medlemmar til ymse råd og styrer i samband med kommuneval.

Kommunestyret hadde åtte møte i meldingsåret, tre av desse med ny representasjon. Ei viktig sak i 2023 var endeleg godkjenning av den nye samfunnsdelen av kommuneplanen, som skjedde i mai. Godkjenning av kommunestyre- og fylkestingsvalet, val av formannskap, hovudutval, andre utval og ulike råd og utval var viktige saker på konstituerande møte for det nye kommunestyret i oktober.

Gjennom året var elles ei rekkje andre vesentlege saker til behandling, mellom anna søknad om medlemskap i Bergen og omland friluftsråd, status for gjennomgang av pleie- og omsorgssektoren, prinsipputtaler knytt til planar om ammoniakkanlegg i Skipavika, vindturbin i Sløvåg og solcellepark på Mjømna, saker om busetjing av flyktingar inkludert kjøp av bustadhus, kommunal eigarskapsmelding, løyvingar til idrettsanlegg, kulturbygg og andre føremål, evaluering av landbruksplan, behandling av kommunedelplan for oppvekst og kultur, godkjenning av interkommunal plan for sjøareal i Region Nordhordland, revisjon av forskrift om godtgjersle og reglement for folkevalde og ymse internkontroll- og økonomisaker.

Saker i kommunestyret 2023:

| Saksnummer | Namn på sak |
|-------------------|---|
| 001/2023 | Godkjenning av innkalling og sakliste |
| 002/2023 | Godkjenning av møtebok frå 08.12.2022 |
| 003/2023 | Delegasjonssaker |
| 004/2023 | Skriv og meldingar |
| 005/2023 | Val av Gulen ungdomsråd, supplering av medlemmar |
| 006/2023 | Søknad om medlemskap i Bergen og Omland Friluftsråd |
| 007/2023 | Årsrapport for kommunalt næringsfond 2022 og strategiar for 2023 |
| 008/2023 | Gjennomgang pleie og omsorgssektoren Gulen kommune 2023. Status |
| 009/2023 | Mandat til bustadsosial handlingsplan 2023-2035 |
| 010/2023 | Godkjenning av møtebok |
| 011/2023 | Godkjenning av innkalling og sakliste |
| 012/2023 | Skriv og meldingar |
| 013/2023 | Delegasjonssaker |
| 014/2023 | Godkjenning av årsmelding 2022 for kontrollutvalet i Gulen |
| 015/2023 | Prinsipputtale frå kommunestyre vedk. etablering av ammoniakkanlegg i Skipavika |
| 016/2023 | Prinsipputtale frå kommunestyret. Vindturbin i Sløvåg |
| 017/2023 | Syns- og audiopedagogisk teneste i Vestland (SAPT Vestland). Samarbeidsavtale |
| 018/2023 | Busetjing av flyktingar 2023 |
| 019/2023 | Planprogram for kommunedelplan for oppvekst og kultur - Gulen kommune - |
| 020/2023 | framlegg til endeleg vedtak |
| 021/2023 | Godkjenning av møtebok |
| 022/2023 | Godkjenning av innkalling og sakliste |

Årsmelding 2023

| | |
|----------|---|
| 023/2023 | Skriv og meldingar |
| 024/2023 | Delegasjonssaker |
| 025/2023 | Godkjenning av årsrekneskap og årsmelding 2022 for Gulen kommune |
| 026/2023 | Eigarskapsmelding for Gulen kommune |
| 027/2023 | Prinsippavklaring for kostnader knytt til overtaking av private vassverk - |
| 028/2023 | realitetsbehandling |
| 029/2023 | Samfunnsplan for Gulen kommune 2023 - 2034. Slutthandsaming |
| 030/2023 | Samarbeidsavtale for IUA Bergen region KOF. Godkjenning |
| 031/2023 | Søknad om stønad til Utkant 2023 |
| 032/2023 | Søknad om kommunalt tilskot til kulturbygg - Nordgulfjorden Grendahus |
| 033/2023 | Forskot på spelemidler, søknad om kommunal stønad og forskot mva. til |
| 034/2023 | Treningsstova på Byrknesøy |
| 035/2023 | Godkjenning av møtebok |
| 036/2023 | Idrettsanlegg i Gulen kommune. Statusmelding og vegen vidare etter dialog med |
| 037/2023 | næringslivet |
| 038/2023 | Kjøp av bustad |
| 039/2023 | Godkjenning av innkalling og sakliste |
| 040/2023 | Godkjenning av møtebok frå møtet 11.05.2023 |
| 041/2023 | Skriv og meldingar |
| 042/2023 | Delegasjonssaker |
| 043/2023 | Gulen kommune. Tiltak for å rekruttere til og behalde arbeidsstyrken |
| 044/2023 | Gulatinget 2024. Kommunal støtte til arrangement |
| 045/2023 | Evaluering av landbruksplan for Gulen kommune. Innspel og vidare handsaming |
| 046/2023 | Økonomirapport 1. tertial 2023 |
| 047/2023 | Gulen og Masfjorden Utvikling AS. Tilbod om kjøp av aksjar |
| 048/2023 | Felles søknad frå Gulen og Masfjorden kommunar. Bygdevekstavtale 2023 |
| 049/2023 | Tilflytterprosjekt. Felles prosjekt med Masfjorden kommune |
| 050/2023 | Svar på høyring av melding for demonstrasjonsturbin i Gulen industrihamn |
| 051/2023 | Kommunedelplan oppvekst og kultur |
| 052/2023 | Søknad om auke i kommunalt tilskot til nytt banehus ved Dalsøyra kunstgrasbane |
| 053/2023 | Godkjenning av møtebok |
| 054/2023 | Kompetanseplan 2021-2025, årleg rullering tiltaksdel 23/24 |
| 055/2023 | Skjerjehamn AS. Søknad om salsløyve for øl og cider i butikk i samband med Utkant |
| 056/2023 | 2023 |
| 057/2023 | Søknad om forskotering av midlar til Restaurering av stølsvegen til Austgulstølen - |
| 058/2023 | anleggsnummer 76981 |
| 059/2023 | Godkjenning av innkalling og sakliste |
| 060/2023 | Godkjenning av møtebok frå møtet 22.06.2023 |
| 061/2023 | Skriv og meldingar |
| 062/2023 | Delegasjonssaker |
| 063/2023 | Prinsipputtale frå Kommunestyret. Solcellepark på gbnr. 92/1 Nappen |
| 064/2023 | Utbetring av fylkesveg 571 mellom Kringla og Furubotn i Gulen og Masfjorden |
| 065/2023 | Vedk. retting av grensene i matrikkelkartet for gbnr. 131/2, 131/4 og 131/39 Brekke |
| 066/2023 | ytre |
| 067/2023 | Rapportering til kommunestyret - Internkontroll 2022-23 |
| 068/2023 | Evaluering av planstrategi 2020-2023 |
| 069/2023 | Bruk av følgjekort ved kommunale tilskot til arrangement |
| 070/2023 | Oppnemning av valnemnd 2023 |
| 071/2023 | Busetjing av flyktninger 2023. Tilleggsoppmoding |
| 072/2023 | Godkjenning av møtebok |

Årsmelding 2023

| | |
|----------|---|
| 073/2023 | Godkjenning av innkalling og sakliste |
| 074/2023 | Godkjenning av møtebok frå møtet 31.08.2023 |
| 075/2023 | Skriv og meldingar |
| 076/2023 | Delegasjonssaker |
| 077/2023 | Forvaltningsrevisjonsrapport – Brukarmedverknad i tenester for helse og omsorg |
| 078/2023 | Evaluering av landbruksplan for Gulen kommune. Innspel og vidare handsaming |
| 079/2023 | Gulen kommune. Økonomirapport 2. tertial 2023 |
| 080/2023 | Berivest AS. Vurdering av vidare drift og behov for økonomisk støtte |
| 081/2023 | Tausevika sandvolleyballbane |
| 082/2023 | Vedlikehald av turstiar i Gulen. Fornyng av avtaler med idrettslaga |
| 083/2023 | Kommunedelplan for oppvekst og kultur 2023 - 2026 |
| 084/2023 | Reglement for folkevalde i Gulen kommune. Revisjon 2023 |
| 085/2023 | Forskrift om godtgjersle til folkevalde i Gulen kommune. Revisjon 2023 |
| 086/2023 | Rammer for lokale forhandlingar 2023 |
| 087/2023 | Næringsfondsak utbetaling etter utgått frist |
| 088/2023 | Godkjenning av møtebok |
| 089/2023 | Godkjenning av innkalling og sakliste |
| 090/2023 | Godkjenning av kommunestyrevalet 2023 |
| 091/2023 | Godkjenning av valnemnd 2023-2027 |
| 092/2023 | Val av formannskap 2023 - 2027 |
| 093/2023 | Val av ordførar 2023 - 2027 |
| 094/2023 | Val av varaordførar 2023 - 2027 |
| 095/2023 | Val av kontrollutval 2023-2027 |
| 096/2023 | Val av hovudutval for helse og omsorg (HOM) 2023 - 2027 |
| 097/2023 | Val av hovudutval for oppvekst og kultur (HOP) 2023 - 2027 |
| 098/2023 | Val av hovudutval for plan, utvikling og klima (HPUK) 2023-2027 |
| 099/2023 | Val av eldreråd 2023-2027 |
| 100/2023 | Val av råd for menneske med nedsett funksjonsevne 2023-2027 |
| 101/2023 | Val av ungdomsråd 2023-2025 |
| 102/2023 | Val av medlemmer til sakkunnig takstnemnd - eigedomsskatt 2023 - 2027 |
| 103/2023 | Val av medlemmer til sakkunnig klagenemnd - eigedomsskatt 2023 - 2027 |
| 104/2023 | Val av representant i Kyrkjeleg fellesråd 2023-2027 |
| 105/2023 | Val av medlem i representantskapet for SEKOM sekretariat |
| 106/2023 | (kontrollutvalssekretariatet) 2023-27 |
| 107/2023 | Val av representant til representantskapet i Vestland Revisjon Kommunale |
| 108/2023 | Oppgåvefelleskap 2023-27 |
| 109/2023 | Val av medlem til oppnemningsutvalet konfliktrådsmeklarar 2023-2027 |
| 110/2023 | Val av medlem til representantskapet i stiftinga Kystkultur.no 2023-2027 |
| 111/2023 | Val av representant til generalforsamlinga i Gulen og Masfjorden Utvikling AS 2023- |
| 112/2023 | 2027 |
| 113/2023 | Val av representant til generalforsamling i Eviny 2023-2027 |
| 114/2023 | Val av representant til KS sitt fylkesmøte 2023-2027 |
| 115/2023 | Val av styremedlem til stiftinga Bjørn West- musèet 2023-2027 |
| 116/2023 | Val av utsending til valmøte - KLP 2023-2027 |
| 117/2023 | Val av representant til årsmøte i IUA Bergen region 2023-2027 |
| 118/2023 | Val av representant til å møte i generalforsamlinga i Vann Vest AS 2023-2027 |
| 119/2023 | Val av representant til område- og regionutval for vassområda Ytre |
| 120/2023 | Sogn/Nordhordland 2023 - 2027 |
| 121/2023 | Val av medlemar til representantskap i NGIR 2023 - 2027 |
| 122/2023 | Kommunearkivordninga (KA) i Vestland kommunalt oppgåvefelleskap. Val av |

| | |
|----------|---|
| 123/2023 | representant frå Gulen kommune for perioden 2023-2027 |
| 124/2023 | Val av representant til å møte i generalforsamling i Sogn og Fjordane Holding AS 2023-2027 |
| 125/2023 | 2027 |
| 126/2023 | Reglement for folkevalde i Gulen kommune. Revisjon 2023 |
| 127/2023 | Forskrift om godtgjersle til folkevalde i Gulen kommune. Revisjon 2023 |
| 128/2023 | Kommunedelplan for oppvekst og kultur 2023 - 2026 |
| 129/2023 | Godkjenning av møtebok |
| 130/2023 | Gulen kommune. Økonomirapport 2. tertial 2023 |
| 131/2023 | Prinsipputtale frå Kommunestyret. Solcellepark på gbnr. 92/1 Nappen |
| 132/2023 | Godkjenning av innkalling og sakliste |
| 134/2023 | Godkjenning av møtebok frå 19.10.2023 |
| 135/2023 | Skriv og meldingar |
| 136/2023 | Endring i valoppgjær. Val av formannskap 2023 - 2027 |
| 137/2023 | Endring i valoppgjær. Val av hovudutval for oppvekst og kultur (HOP) 2023 - 2027 |
| 138/2023 | Godkjenning av møtebok |
| 139/2023 | Godkjenning av innkalling og sakliste |
| 140/2023 | Skriv og meldingar |
| 141/2023 | Delegasjonssaker |
| 143/2023 | Kontrollutval 2023-2027. Nyval |
| 144/2023 | Val av medlemmer til representantskapet og kandidater til styreverv i Bergen og Omland Friluftsråd |
| | Forskrift om godtgjersle til folkevalde i Gulen kommune. Revisjon 2023 |
| | Interkommunal plan for sjøareal i Region Nordhordland. Godkjenning av vedtak Gulen kommune |
| | Avståing av grunn til trafikktryggingstiltak Eivindvik skule |
| | Beredskapsplan for Gulen kommune. Revisjon 2023 |
| | Deltaking i Vest brann og redningsregion - Oppgåvefelleskap |
| | Godkjenning av kulturmiljøplan for Gulen kommune |
| | Forlenging av planperiode for Kommunal plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv. |
| | Utvikling av frivilligpolitikk |
| | Gulen kyrkjelege fellesråd. Søknad om ekstra løyving til investeringar 2023 |
| | Regulering av drifts- og investeringsbudsjettet |
| | Handlings- og økonomiplan 2024-2027 med budsjett og gebyr for 2024. |
| | Slutthandsaming |
| | Refusjonskrav i samband med framføring av veg, vatn og elektrisitet i nytt bustadfelt Ortneset Brekke |
| | Godkjenning av møtebok |

Oppfølging av planer

Framdrift i planarbeidet

Gulen kommune sin planstrategi vart vedteke i 2020. Ny planstrategi er no under revidering og vil vere klar i løpet av 2024.

Beredskapsplan

Gulen

Sist beredskaps-plan vart revidert desember 2023.

Framdrift: Ferdig

Risiko: Middels

Bustadsosial handlingsplan

Gulen

Bustadsosial handlingsplan er under arbeid. Planen blir vedteke i 2024.

Framdrift: I arbeid - Forsinket

Risiko: Middels

Eigarskapsmelding jf. kommunelova §26-1

Gulen

Vart vedteke i 2023.

Framdrift: Ferdig

Kommunedelplan Oppvekst

Gulen

Kommunedelplanen for oppvekst og kultur 2023-2026 vart vedteke 19.10.2023.

Framdrift: Ferdig

Risiko: Låg

Kommuneplanen sin arealdel

Gulen

Arbeidet med planen er forsinka. Målet er å få slutført planen i 2024.

Framdrift: I arbeid - Forsinket

Kommuneplanen sin samfunnsdel

Gulen

Ny samfunnsplan blei vedteke i mai 2023.

Framdrift: Ferdig

Risiko: Låg

Kulturminneplan

Gulen

Kulturmiljøplanen vart vedteke 8. februar 2024 KOM sak 08/24.

Framdrift: Ferdig

Risiko: Låg

Landbruksplan

Gulen

Landbruksplanen 2021-2030 vart vedteke i 2021. Planen skal evaluerast

Framdrift: Ferdig

Risiko: Låg

Overordna ROS

Gulen

Heilskapleg ROS 2019-2023 vart vedteke k-sak 062/19.

Framdrift: Ferdig

Risiko: Låg

Plan for overgrep og vald i nære relasjonar

Gulen

Planen er under arbeid.

Framdrift: I arbeid - Forsinket

Pleie og omsorg

Gulen

Gulen kommune har ein omsorgsplan 2016-2030, som vart vedteke i k-sak 045/16.

Framdrift: Ferdig

Økonomiplan

Gulen

Handlings- og økonomiplanen (rullerande) 2024-2027 i vedteke i desember 2023.

Framdrift: Ferdig

Risiko: Middels

Gjennomføring av vedtekne planar

Internkontroll

Internkontroll

Kommunelova §25-2 seier at kommunedirektøren skal rapportere til kommunestyret om internkontroll samt resultat frå statlege tilsyn minst 1 gang pr. år. Gulen kommune har si eiga rutine knytt til kommunedirektøren sin overordna internkontroll som skildrar aktivitetar som skal gjennomførast gjennom året. Under er det presentert dei tilsyna kommunen har hatt i 2022 og 2023.

Statlege tilsyn

Statsforvaltaren

- Statsforvaltaren gjennomførte tilsyn med kommunal beredskap og helseberedskap
- Statsforvaltaren gjennomførte tilsyn på overordna beredskaps-plan og beredskaps-plan for helse- og omsorgstenester, og system for opplæring, øving og evaluering

Statsforvaltaren avdekte ikkje lovbrøt under tilsynet.

Arbeidstilsynet

- Arbeidstilsynet gjennomførte eit dokument-tilsyn knytt til eigedomsavdeling. Tilsyn i bygg- og anleggsbransjen og kontroll av pågåande og planlagte prosjekt

Arbeidstilsynet avdekte ikkje lovbrøt under tilsynet.

Lokale tilsyn

Kontrollutvalet

- Kontrollutvalet gjennomførte forvaltningsrevisjon på lønn- og personalpolitikk

Resultatet av forvaltningsrevisjonen vart presentert i eiga sak i kommunestyret 16.06.2022

Vestland Revisjon

- Vestland Revisjon utførte etterlevingskontroll på området Finans- og gjeldsreglementet til Gulen kommune

Vestland Revisjon avdekte ikkje lovbrøt under kontrollen.

Mattilsynet

- Mattilsynet utførte revisjon av Ånneland- og Eivindvik vassverk. Hovudfokuset var vasstilsigsområdet og råvasskjelde gjennom farekartlegging og farehandtering


Mattilsynet avdekte ikkje lovbrøt under kontrollen.

Miljøretta helsevern

- Miljøretta helsevern utført 24 tilsyn (inkludert vassprøver) i 2022
 - Dalsøyra bhg og skule og Byrknes bhg og skule blei kontrollert, fekk avvik og merknader, som alle er retta opp.
 - Badeplasskontrollar i juni og juli 2023
 - Sak om støy og støv i Sløvåg

Eigenkontroll

- Digital tryggleik
- Nytt kvalitets-system, Netpower, som blei tatt i bruk november 2021
 - Analyse av avvika blir nytta i løpande arbeid med forbetring og risiko. Avvik i 2022 var 340 stk, og i 2023 var det registrert 491 stk. Følgjande diagram viser at det er bra handtering av avvik då stor andel av avvika er lukka.



Kommunen sine tenesteområde

Pol. og adm. styring, økonomi og personal

Skildring av tenesteområde

Tenesteområdet består av politiske organ inkl. revisjon og kontrollutval, Kommunedirektør og kommunalsjefar, stab- og støttefunksjonar, økonomi, løn og personal og IKT.

Utvalde resultat

Politisk styring

| Utvikling i tal politiske saker | 2019 | 2020 | 2021 | 2022 | 2023 |
|---------------------------------|------|------|------|------|------|
| Kommunestyret | 144* | 108 | 100 | 112 | 144* |
| Formannskapet | 58 | 92 | 101 | 82 | 78 |

*Dei høge tala for kommunestyresaker i 2019 og 2023 skuldast utpeiking av medlemar til ymse råd og styrer i samband med kommuneval.

2023 var prega av kommunestyre- og fylkestingsvalet, som starta med prosessførebuing og godkjenning av listeframlegg i første halvår, og held fram med tidlegrøysting frå juli, førehandsrøysting frå august, valting andre måndagen i september, godkjenning av valresultat og -oppgjjer, konstituering av kommunestyre, val av formannskap og medlemar til ulike styrer, råd og utval etter dette, og opplæring og innfasing av dei nye folkevalde i den kommunale verksemda frå oktober. Hallvard Oppedal (SP) stilte ikkje som ordførarkandidat ved dette valet, etter å ha hatt dette vervet dei siste 12 åra. May- Lynn Osland (AP) vart vald som ny ordførar.

Nytt sak- og arkivsystem vart fasa inn på hausten, med ny løysing for utsending av saker til folkevalde og ei løysing for digital røystegjeving, med framsyning av røystegjeving og resultat på storskjerm, som vart tatt i bruk på kommunestyremøtet i desember.

Strategisk leiing

Kommuneleiinga består av 4 stillingar (3 kommunalsjefar og kommunedirektør). I tillegg har avdelinga 1 stilling som består av deler av konsulent (dekkjer møtesekretær politiske møter), samt deler av rådgjever samfunn (dekkjer økonomioppgåver). Halve 2023 hadde avdelinga (grunna delvis farspermisjon) redusert kapasitet. Noko vart dekkja inn gjennom korte engasjement, og flytting av ressurser.

Kommuneleiinga har gjennom året forutan å ha den overordna styringa av verksemda Gulen kommune delteke på ein del interkommunalt arbeid.

I 2023 vart det sett i gang eit større arbeid med bakgrunn i at arbeidsmarkedet dei seinare åra har stramma seg til og vi får markant færre søkarar på ledige stillingar. Det vart ilag med tillitsvalde sett i gang med å gjere vurderingar m.a. samanlikne lønsvivå opp imot nabokommunar og å vurdere kva lønstiltak som vil ha best effekt. Plan for tiltak vart vedteke og iverksett. Det vert arbeidd vidare med dette i 2024.

Det auka fokuset på IT sikkerheitsarbeidet, gjennom interkommunal satsing, vart vidareført i 2023. Det vart utvikla eit overordna rammeverket for digital sikkerheit, informasjonssikkerheit og personvern, samt nye sikkerheitsrutiner. Rammeområde 1 (teneste IKT) kjøper 20% stillingsressurs frå Eigedom, som sikkerheitskoordinator inn i fellesprosjektet. Dette sikrar at kommunen implementerer det som vert utvikla i fellesprosjektet.

Det vart i 2023 arbeidd vidare med å utvikle Framsikt som eit strategisk overordna styringssystem. Målstyring etter ny vedteken samfunnsplan vart utover hausten implementert i kommunedelplan for kultur og oppvekst og budsjett- og økonomiplandokument gjeldande frå 2024. Det har i året vore gjennomført 6 heildags samlingar for einingsleiarar (leiarforum).

Økonomi- og personalavdelinga

Nytt av året var omorganiseringa med samanslåing av Økonomiavdelinga og Løns- og personalavdelinga til Økonomi- og personalavdelinga (ØKP). Avdelinga fekk nyoppussa lokale og nyttilsett økonomi- og personalsjef var i funksjon frå februar.

ØKP hadde 6,2 stillingar i 2023, av dette var 2,3 årsverk knytt til løn, medan 2,9 årsverk var knytt til økonomi. Økonomi- og personalsjefstillinga var tenkt fordelt 50/50 på økonomi og personal. Arbeidet med løn gjekk som tidlegare, med lønshøyring kvar månad med tilhøyrande a-meldingar, og terminoppgåver for skatt/ arbeidsgjevaravgift annakvar månad.

JobbNorge vart innført hausten 2023, og overtok for tidlegare brukte Easycruit. JobbNorge ser ut til å vere et bra program for utlysing av stillingar og for tilsettingsprosessar. ØKP var delaktig i inngåing av ny hovudbankavtale. Etter ein grundig prosess fell valet på Sparebanken Sogn og Fjordane.

Framsikt vart i 2023 for første gong nytta til tertialrapportering og produksjon av årsmeldinga for 2022. Det vart i løpet av året ein del kursing av programmet saman med representant frå Framsikt. Kommunen sitt innkrevjingssystem KK2 vart innført i 2022. Ein fekk rapportert at andel uteståande fordringar var lågare i 2023 enn tidligare år. Ein trur dette kan sjåast i samband med at tilsette på ØKP saman med KK2 jobbar bra med oppfølging av kommunen sine uteståande fordringar.

Det vart i løpet av året mottatt ca. 8 000 inngåande faktura, og sendt ut 14 370 utgåande faktura.

IKT

- Utskifting av arkivsystem: Acos Websak som har vore brukt sidan 2010 vart fasa ut, og ny arkivkjerne (Documaster) innført. Denne arkivløysinga skal vere felles mot alle kommunen sine ulike fagsystem. I november vart Sikri Elements innført som nytt sak- og møtebehandlingssystem. Ny byggesak-modul, som vi ikkje har hatt tidlegare, vart og innført i dette prosjektet.
- Utskifting av pasientjournalssystem innanfor pleie og omsorg: Gulen kommune starta med elektronisk pasientjournal innanfor pleie og omsorg i 2006 og har fram til no brukt same

systemet Cosdoc. Hausten 2022 vart det gjort eit stort arbeid med å bygge opp, innføre og lære opp alle brukarane i nytt system Visma Profil. Systemet vart tatt i bruk 01.01.2023. Her er no bruk av nettbrett (mobil omsorg). I samband med dette vart òg nytt ressursstyringssystem (turnusprogram) tatt i bruk.

- Innanfor helse har både legekantoret og helsestasjonen gått over til nye, meir moderne IT-løysingar (InfoDoc og Visma Omsorg HSPRO) slik at vi no har same system som dei andre IKTNH-kommunane brukar.
- Visma Flyktning og Vaksenopplæring vart innført i 2023. Dette vil vere Flyktningtenesta sitt sakssystem med integrasjon og automatisk rapportering mot NIR (Nasjonalt Introduksjonsregister) under Integrerings- og Mangfoldsdirektoratet.
- Framsikt, som vart innført i 2022, har blitt påbygd med modul for Rapportering og Virksomhetsplan .
- Personvern og informasjonstryggleik har vore jobba mykje med, delvis fordi det stadig skjer avvik i andre kommunar eller system som vi har felles med mange andre, og som må følgjast opp med undersøking kva konsekvensar dei har hatt for innbyggjarane i Gulen kommune.
- Universell utforming av kommunen sine nettsider har òg vorte eit større tema enn før då det frå 01.02.2023 vart krav om tilgjengelegheitserklæringar. Dette går altså ut på at tenester skal vere tilgjengelege for alle, uavhengig av alder, funksjonsevne og utdanningsnivå.
- Andre digitaliserings/IKT-prosjekt:
 - Elektroniske skjema, felles utvikling saman med andre kommunar i IKTNH
 - Delegeringsreglement i nytt elektronisk system med kobling mot gjeldande lovverk
 - Nytt krisehandteringssystem, Rayvn, vart innført hausten 2023
 - Nytt kunnskapsverktøy kostrahjelp.no og DIB for å auke kvalitet på arbeid innanfor økonomi og personal
 - Kommunevalet hadde strenge krav til IKT og ein del nytt utstyr måtte kjøpast inn i den samanheng (pc, skrivar, skanner, mobilt nettverk)
 - Utvida bruk av fagsystem innanfor skule (ny foresattportal, sikker sak og timeplan)

Status økonomi per teneste

Beløp i 1000

| Teneste | Rekneskap | | Opph. bud. 2023 | Rev. bud. 2023 | Avvik i kr |
|---|-----------|-------|-----------------|----------------|------------|
| | 2022 | 2023 | | | |
| Politisk styring | 2 696 | 3 270 | 2 818 | 2 821 | -449 |
| Stortings-/kommuneval | 4 | 206 | 75 | 169 | -37 |
| Revisjon | 479 | 562 | 658 | 562 | 0 |
| Kontrollutval | 292 | 309 | 372 | 372 | 63 |
| Administrativ leiging | 6 612 | 6 077 | 6 795 | 5 728 | -349 |
| Stab og støttefunksjonar | 0 | 1 306 | 0 | 1 207 | -99 |
| Økonomiavdeling | 2 482 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Økonomi- og personalavdeling | 0 | 5 650 | 5 919 | 5 921 | 272 |
| Tillitsvalde (frikjøp av hovudtillitsvalde) | 665 | 647 | 693 | 694 | 47 |
| Fellesfunksjonar og fellesutgifter | 1 385 | 1 453 | 1 429 | 1 428 | -25 |
| Innbyggarservice | 3 119 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| IKT | 5 658 | 5 400 | 5 845 | 5 532 | 132 |
| Løns- og personalavdeling | 2 369 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Diverse fellesutgifter | 73 | 44 | 50 | 50 | 6 |
| Eigedomskattenemd | 11 | 9 | 33 | 33 | 25 |
| Ungdomsråd | 33 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Eldreråd | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Vaksinering og smittevernberedskap | 3 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Råd, rettleiing og sosialt førebyggjande arbeid | 45 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Tilskot og formidlingslån frå Husbanken | 24 | 19 | 25 | 25 | 6 |
| Tenester utanfor ordinært kommunalt | 3 860 | 0 | 0 | 0 | 0 |

Årsmelding 2023

| Teneste | Rekneskap 2022 | Rekneskap 2023 | Opph. bud. 2023 | Rev. bud. 2023 | Avvik i kr |
|---|-------------------|-------------------|--------------------|-------------------|-------------|
| ansvarsområde | | | | | |
| Plansaksbehandling | 10 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Bustadbygging og fysiske bumiljøtiltak | 818 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Tilrettelegging og bistand for næringslivet | 785 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Samferdsel og transporttiltak | 245 | 30 | 0 | 30 | 0 |
| Beredskap mot brannar og andre ulykker | 195 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Naturforvaltning og friluftsliv | 247 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Kulturminneforvaltning | 10 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Bibliotek | 875 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Museum | 140 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Idrett og tilskot til andre sine idrettsanlegg | 20 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Andre kulturakt. og tilskot til andre sine kulturbygg | 636 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Gulatinget | 651 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Den norske kyrkja | 3 169 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Sum | 37 611 | 24 982 | 24 713 | 24 573 | -409 |

Status økonomi

Beløp i 1000

| Ansvar | Rekneskap 2022 | Rekneskap 2023 | Rev. bud. 2023 | Avvik i kr | Avvik i % |
|------------|-------------------|-------------------|-------------------|-------------|---------------|
| Sum | 37 611 | 24 982 | 24 573 | -409 | -1,7 % |

Kommentar til status økonomi

Tenestemråde Politikk og administrasjon, styring, økonomi og personal hadde i 2023 eit samla meirforbruk på kr 408 660 (1,66 %), som i hovudsak skuldast at utgifter knytt til løn og godtgjersle vart høgare enn budsjettet, mellom anna vart utgiftene til pensjonsinnskot samla kr 293 000 over budsjettsum. På tenestenivå var det både meir- og mindreforbruk. Sjølv om det vart utført budsjettreguleringar etter kvart tertial i tillegg til fleire andre reguleringar, lukkast ein ikkje fullt ut med å få justert budsjettet i ynskjeleg grad. Året inneheld mange prosessar med vesentleg ressursinnsats og verknad for tenestemrådet, mellom anna endringar som følgje av ny organisering, kommuneplanlegging, gjennomføring av kommune- og fylkestingsval og innfasing av Framsikt.

Prosjekt som var budsjetterte, men som ikkje vart belasta ansvarsområde 100 i 2023, utgjorde til saman kr 358 000 (lærlingtilskot og prosjekt 9050 Kompetanseutvikling).

Kommentarar på tenestenivå:

- Teneste 10000 Politisk styring: Meirforbruk på om lag kr 450 000, i hovudsak som følgje av ekstra utgifter til godtgjersle i samband med nye folkevalde frå 19.10.23 som ein ikkje rakk å få regulert inn i budsjettet.
- Teneste 10080 Stortings-/kommuneval: Meirforbruk på om lag kr 37 000 – meir lønsutgifter enn budsjettet.
- Teneste 11051 Kontrollutval: Mindreforbruk på om lag kr 63 000 - mindre utgifter til godtgjersle, opplæring og reiser enn budsjettet.
- Teneste 12010 Administrativ leiding: Meirforbruk på om lag kr 350 000 – noko over halvparten av dette knytt til lønspostane, resten fordelt på ymse postar.

Årsmelding 2023

- Teneste 12015 Stab og støttefunksjonar: Meirforbruk på om lag kr 100 000 knytt til lønspostane.
- Teneste 12030 Økonomi- og personalavdeling: Mindreforbruk på høvesvis kr 300 000 og kr 58 000 knytt til at løyvingar knytt til prosjekt 9050 Kompetanseutvikling og lærlingtiltak ikkje vart fordelte i rekneskapen. Elles om lag kr 110 000 høgare pensjonsinnskott enn budsjettert, som forklarar meir enn det reelle meirforbruket på kr 87 000 (resultatet etter at dei ikkje belasta postane er trekt frå).
- Teneste 12040 Tillitsvalde: Om lag kr 47 000 i mindreforbruk knytt til frikjøp av tillitsvalde.
- Teneste 12052 IKT: Mindreforbruk på om lag kr 132 000, fordelt på ymse postar.

Samla utgjorde meirutgifter til pensjonspremie og arbeidsgjevaravgift om lag kr 300 000 av avviket knytt til lønsutgifter. Andre tenester utgjorde mindre summar, og hadde samla avvik på kr 12 000.

Rekneskap

Beløp i 1000

| | Rekneskap 2022 | Rekneskap 2023 | Budsjett 2023 | Avvik i kr | Avvik i % |
|--|-------------------|-------------------|------------------|-------------|----------------|
| Lønn | 21 152 | 16 415 | 15 700 | -715 | -4,6 % |
| Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon | 5 790 | 5 433 | 5 954 | 521 | 8,8 % |
| Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon | 4 501 | 3 732 | 3 615 | -117 | -3,2 % |
| Overføringsutgifter | 17 290 | 787 | 761 | -26 | -3,5 % |
| Finansutgifter | 921 | 532 | 186 | -346 | -185,7 % |
| Sum Driftsutgifter | 49 653 | 26 899 | 26 216 | -683 | -2,6 % |
| Salgsinntekter | -316 | -249 | -240 | 8 | -3,5 % |
| Refusjoner | -2 614 | -1 487 | -1 023 | 464 | -45,3 % |
| Overføringsinntekter | -7 662 | 0 | 0 | 0 | 0,0 % |
| Finansinntekter og finansieringstransaksjoner | -1 450 | -182 | -380 | -198 | 52,1 % |
| Sum Driftsinntekter | -12 042 | -1 918 | -1 643 | 274 | -16,7 % |
| Netto resultat | 37 611 | 24 982 | 24 573 | -409 | -1,7 % |

Status hovudmål

Målsetjing

Status måloppnåing

| | |
|--|---|
| Gulen kommune skal ha ein forsvarleg og berekraftig økonomi for å sikre velferdstilbodet i framtida | Gulen kommune har gode inntekter, men ein del av utgiftene vert vurdert til på lang sikt å vere noko usikre. Kommunen har også eit høgt utgiftsnivå. I desember vart det vedteke å sette igang eit arbeid med å ta ned kommunen sine driftsutgifter. |
| Gulen kommune skal levere heiskapelege og effektive tenester med god kvalitet | Det vert arbeidd med kontinuerleg forbetring, gjennom læringsnettverk |
| Gulen kommune skal vere budd på raskt å kunne iverksetje tiltak når ei krise har oppstått | Kommunen held sjølv øvingar og deltek også i øvingar ilag med andre. Kommunal kriseleing deltok i mai 2023 i Statsforvalteren si fylkesøving. Samhandling vert sikra med årlege møter i Beredskapsråd og Politiråd. |
| Gulen kommune skal vere ein attraktiv vertskommune for næringslivet og bidra til å utvikle eit aktivt og nytenkande næringsliv | Kommunen har i 2023 delteke i KS sitt læringsnettverk for næringsutvikling "Læring for næring". Det er utvikla eit årshjul for dialog med næringslivet. Kommunen tilbyr førstelinjeteneste for ny-etablering gjennom GMU AS, og yter også gjennom næringsfondet tilskott til nye satsingar. |
| Gulen kommune skal vere ein open organisasjon og ein attraktiv arbeidsgjevar | Kommunen praktiserer meioffentlegheit. I 2023 vart arbeidet med lønssamanlikning starta, og deler iversett for å sikre konkurransedyktige vilkår for å rekruttere og behalde arbeidskraft. |

Årsmelding 2023

Målsetjing

Status måloppnåing

| | |
|--|--|
| Gulen kommunen skal i lag med private aktørar leggje til rette for berekraftige og gode butilbod i alle livsfasar | Det er i 2023 arbeidd vidare med planane for offentleg-privat utbyggingsavtale for bustadbygging i ytre Gulen. Oppstart vart kunngjort i desember. |
| Næringslivet skal vere variert og framtidsretta med lønsame og berekraftige arbeidsplassar som er attraktive å rekruttere til. | Kommunen bidreg gjennom GMU til den årlege jobbmessa i Sløvåg. |
| Yrkesaktive i Gulen kommune skal oppleve gode jobbmoglegheiter | Det er låg arbeidsløyse i Gulen kommune. |

Status økonomiplaniltak

Rammeendringar i økonomiplanen

Beløp i 1000

| Tiltak | Ramme år | Status | Beskriving |
|---|-------------|--------------|--|
| | 1 | | |
| Vedtak forrige periode | | | |
| Storting/ kommuneval | 70 | Ferdig | Kommunestyre- og fylkestingsvalet 2023 gjennomført etter planen. |
| Sum | 70 | | |
| Nye tiltak | | | |
| Korrigering kulturminneforvaltning 36500 | -300 | Ferdig | Dette tiltaket var opphavleg midlar avsett til restaurering av Prestegardsmuren i Eivindvik (vedtatt i 2022). Tiltaket blei ikkje gjennomført i 2022 og difor er det blitt ei reversering av summen på kr 300 000,-. Under rammeområde Oppvekst ligg det inne eit nytt tiltak "Prestegardsmuren" med tilsvarande sum i 2023. |
| Deponering av eldre arkiv | -100 | Ikkje starta | Tiltaket utsett til 2024-25 som følgje av at depot ikkje står klart tidlegare. |
| Sum | -400 | | |
| Innsparingstiltak | | | |
| Redusere formannskapet til rådvælde | -100 | Ferdig | Tiltaket er gjennomført. |
| Sum | -100 | | |
| Naudsynte justeringar | | | |
| Reduksjon av revisjonshonorar for 2023 | -32 | Ferdig | Tiltaket er gjennomført. |
| Auke kjøp av tenester frå SEKOM sekretariatet | 15 | Ferdig | Tiltaket er gjennomført. |
| Sum | -17 | | |
| Sum tiltak | -447 | | |

Flere av driftstiltaka som er ført på rammeområde 1 er tiltak som er gjennomført i 2023 og som difor blir redusert i 2023.

Status investeringsprosjekt

Andre investeringar

Beløp i 1000

| Investering | Totalbudsjett | Budsjett for året | |
|---------------------|----------------|-------------------|------------------|
| | Vedteke totalt | Rev. bud. | Rekneskap Status |
| Bil ymse | - | 857 | 457 lht. plan |
| IKT-investering adm | 6 063 | 1 200 | 440 lht. plan |
| Symjeanlegg | 133 237 | 237 | 11 lht. plan |
| Sum | 139 300 | 2 294 | 909 |

Sjukefråvær

| Fråvær | Korttid | Langtid | Samla fråvær |
|------------------------|---------|---------|--------------|
| Årleg sjukefråvær 2022 | 3,19 % | 3,09 % | 6,28 % |
| Årleg sjukefråvær 2023 | 0,89 % | 1,70 % | 2,59 % |

Personalstatus

Godkjende stillingar 2023:

| Teneste | Namn | 01.01.2023 | 30.04.2023 | 31.08.2023 | 31.12.2023 |
|----------------|------------------------------|--------------|--------------|--------------|--------------|
| 12010 | Kommunedirektør | 5,0 | 5,0 | 5,0 | 4,0 |
| 12015 | Stab og støttefunksjonar | | | | 1,0 |
| 12030 | Økonomi- og personalavdeling | 6,2 | 6,2 | 6,2 | 6,4 |
| 12040 | Tillitsvalde | 0,94 | 0,94 | 0,94 | 0,94 |
| 12052 | IKT | 0,5 | 0,5 | 0,5 | 0,5 |
| Sum 100 | Kommunedirektør | 12,64 | 12,64 | 12,64 | 12,84 |

Tal godkjende stillingar på tenestområdet har vore lågare i 2023 enn tidlegare på grunn av flytting av tenester til sektorane Oppvekst og kultur og Samfunn. Endringa pr 31.12.23 er eigentleg ei "oppdrydding" ut frå faktisk styringsstruktur, og ressursinnsats frå PLT knytt til eigedomsskatt syner no i rekneskapan (0,2 st. på 12030).

KOSTRA Nøkkeltal

Kostra-analyse - Kultur og idrett

Årsmelding 2023

| | 2022 | 2023 | 06 | | |
|---|--------|--------|--------|--------|--------|
| Prioritet | | | | | |
| Netto driftsutgifter for kultursektoren per innbygger i kroner | 1 476 | 1 413 | 4 319 | 3 173 | 3 254 |
| Netto driftsutgifter til kommunale musikk- og kulturskoler, per innbygger 6-15 år | 2 333 | 3 362 | 6 612 | 3 292 | 3 144 |
| Produktivitet | | | | | |
| Korrigerte brutto driftsutgifter til kommunale musikk- og kulturskoler, per bruker | 11 820 | 19 100 | 31 028 | 27 798 | 26 234 |
| Dekningsgrad | | | | | |
| Andel barn i gr.skolealder på venteliste til komm musikk- og kulturskole, av barn i alderen 6-15 år | 0,0 % | 0,0 % | 2,8 % | 3,9 % | 3,2 % |
| Kvalitet | | | | | |
| Besøk i folkebibliotek per innbygger | 0,8 | 0,8 | 2,4 | 3,4 | 4,1 |

Kostra-analyse - Adm, styring og fellesutgifter

| | Gulen 2022 | Gulen Kostragruppe 2023 | Vestland 06 | Landet |
|---|---------------|----------------------------|----------------|--------|
| Prioritet | | | | |
| Administrasjon brutto driftsutgifter beløp pr innb (kr) | 12 102 | 13 425 | 10 115 | 4 941 |
| Administrasjonslokaler brutto driftsutgifter beløp pr innb (kr) | 446 | 588 | 934 | 564 |
| Diverse fellesutgifter brutto driftsutgifter beløp pr innb (kr) | 53 | 34 | 552 | 134 |
| Forv.utgifter i ei endomsforv. brutto driftsutgifter beløp pr innb (kr) | 1 408 | 1 654 | 522 | 463 |
| Kontroll og revisjon brutto driftsutgifter beløp pr innb (kr) | 591 | 664 | 428 | 125 |
| Politisk styring brutto driftsutgifter beløp pr innb (kr) | 1 297 | 1 661 | 1 216 | 510 |

Kostra-analyse - Næringsforv. og konsesjonskraft

| | Gulen 2022 | Gulen Kostragruppe 2023 | Vestland 06 | Landet |
|--|---------------|----------------------------|----------------|--------|
| Prioritet | | | | |
| Kommunal næringsvirksomhet brutto investeringsutgifter beløp pr innb (kr) | 0 | 0 | 45 | 156 |
| Kommunal næringsvirksomhet nettodriftsutgifterbeløp pr innb (kr) | -5 068 | -3 732 | -202 | -292 |
| Næringsforvaltning, kommune nettodriftsutgifterbeløp pr innb (kr) | -7 455 | -4 489 | -10 148 | -1 844 |
| Tilrettelegging og bistand for næringslivet brutto investeringsutgifter beløp pr innb (kr) | 0 | 0 | 758 | 123 |
| Tilrettelegging og bistand for næringslivet nettodriftsutgifterbeløp pr innb (kr) | 761 | 336 | 280 | 197 |

Kostra-analyse - Kirke

| | Gulen 2022 | Gulen Kostragruppe 2023 | Vestland 06 | Vestland | Landet |
|---|---------------|----------------------------|----------------|----------|--------|
| Prioritet | | | | | |
| Netto driftsutgifter til funksjon 392 tilskudd til tros- og livssynssamfunn pr. innbygger | 0 | 0 | 2 | 3 | 2 |
| Netto driftsutgifter til funksjon 390,393 pr. innbygger i kroner | 1 518 | 1 555 | 1 261 | 804 | 673 |
| Netto driftsutgifter, kirke, i prosent av totale netto driftsutgifter | 1,4 % | 1,3 % | 1,3 % | 1,0 % | 0,9 % |

Oppvekst og kultur

Skildring av tenesteområde

Oppvekst

Oppvekst skal gje tenester til born, unge og deira familiar. Barnehage, grunnskule og SFO er dei grunnleggjande omsorgs- og læringsarenaene. I Gulen vert desse tenestene organisert under fire oppveksteiningar/skulekrinsar. Dette er Brekke-, Byrknes-, Dalsøyra- og Eivindvik barnehage og skule. Krinsen Dalsøyra har to barnehagar; Dalsøyra barnehage og Hovden barnehage.

I tillegg er barnevernet og pedagogisk-psykologisk teneste (PPT) viktige tenester for å sikre det heilskaplege arbeidet. Barnevernet er ei interkommunal teneste i samarbeid med Masfjorden kommune, der Gulen er vertskommune. PPT er eit samarbeid mellom Austrheim, Fedje, Gulen og Masfjorden kommunar, med Austrheim som vertskommune.

Barnehage

Utviklinga i barnehagetalet dei siste fem åra syner ein samla nedgang på 24 born.

| | Brekke | Byrknes | Dalsøyra | Hovden | Eivindvik | Samla tal |
|------|--------|---------|----------|--------|-----------|-----------|
| 2023 | 21 | 20 | 14 | 14 | 22 | 91 |
| 2022 | 25 | 22 | 11 | 16 | 19 | 93 |
| 2021 | 26 | 22 | 10 | 15 | 17 | 90 |
| 2020 | 24 | 19 | 10 | 19 | 29 | 101 |
| 2019 | 30 | 16 | 34* | | 35 | 115 |

*Samlesum for Hovden og Dalsøyra barnehage.

Barnevern

Barnevernstenesta i Gulen og Masfjorden består av 5,4 årsverk. Av utdanning er det to barnevernspedagogar, ein sosionom, ein ergoterapeut og ein med høgskuleutdanning innan sosiale fag/psykologi.

Eit godt førebyggjande tilbod i kommunen kan bidra til at familien får hjelp før det oppstår eit særleg behov for tiltak etter barnevernsloven. Barnevernstenesta skal samtidig tilby og setje i verk frivillige hjelpetiltak når barnet på grunn av sin omsorgssituasjon eller åtferd har eit særleg behov for hjelp. Hjelpetiltak skal vere eigna til å møte barnet og foreldra sine behov, og til å bidra til positiv endring hos barnet og/eller i familien. Foreldrestøttande tiltak er ofte ein viktig del av tiltaka frå tenesta.

Barneverntenesta er heilt avhengig av godt samarbeid med andre instansar for å kunne gje best mogelege tenester. Tenestene barnevernet samarbeider med er mellom anna helsesjukepleiarane, barnehagar, skular, PPT, psykisk helse-teneste, tannhelsetenesta, BUP, politiet og NAV. Tenesta har faste samarbeidsmøte med helsesjukepleiarane kvar 6. veke. Dette samarbeidet har utvikla seg over tid, og er ei styrke for begge tenestene.

Grunnskule

Utviklinga i elevtalet dei siste fem åra syner ein samla nedgang på 34 elevar.

| | Brekke | Byrknes | Dalsøyra | Eivindvik | Samla elevtal |
|------|--------|---------|----------|-----------|---------------|
| 2023 | 55 | 47 | 54 | 64 | 220 |
| 2022 | 49 | 51 | 56 | 69 | 225 |
| 2021 | 55 | 55 | 59 | 69 | 238 |
| 2020 | 61 | 48 | 64 | 73 | 246 |
| 2019 | 65 | 49 | 64 | 76 | 254 |

Logoped

Av omsyn til personvern skil ikkje tabellen på logopedtenester til born, elevar eller vaksne.

| | Samla tal |
|------|-----------|
| 2023 | 3 |
| 2022 | 2 |

Det er kommunen sitt ansvar å gje tilbod om behandling hjå logoped og audiopedagog til born, ungdom og vaksne, som har rett til eit spesialpedagogisk tilbod etter opplæringslova. Det kan òg vere aktuelt med logopedbehandling eller audiopedagog, som ledd i behandling av sjukdom, skade eller lyte. Til dømes vil afasiramma ofte ha behov for intensiv og langvarig språktrening hos logoped. Etter utskrivning frå sjukehus er det kommunen som har ansvar for å gje eit logopedtilbud. Kommunen deltek i eit logoped samarbeid med Austrheim, Fedje og Masfjorden. I tillegg vert kommunen medlem i Syns- og audiopedagogisk teneste frå 01.01.2024.

Pedagogisk-psykologisk teneste

Tabellen er meint for ei oversikt over talet saker i PPT. Det vil seie at tabellen ikkje skil på enkeltsaker og saker på systemnivå.

| | Nye saker | Utgreiingar | Aktive saker |
|------|-----------|-------------|--------------|
| 2023 | 13 | 11 | 28 |
| 2022 | - | 10 | 36 |

PP-tenesta er ein frivillig hjelpeinstans og kan kontaktast av born, elevar, foreldre/føresette, tilsette i barnehagen eller skulen. Tilvising til PP-tenesta krev samtykke frå foreldra, verje eller eleven sjølv (etter fylte 15 år).

PP-tenesta jobbar både system- og individretta. Mandatet til PP-tenesta er å hjelpe det enkelte born i barnehage og skule, men tenesta tilbyr òg støtte til, og involvering av foreldre. Foreldra kan ha behov for rettleiing for å kunne støtte barnet på ein god måte. Gulen kommune samarbeider med Austrheim, Fedje og Masfjorden om PPT Fensfjorden. Austrheim er vertskommune for samarbeidet.

Skulefritidsordning (SFO)

Utviklinga i elevtalet dei siste fem åra syner ein samla nedgang på 8 elevar.

| | Brekke | Byrknes | Dalsøyra | Eivindvik | Samla elevtal |
|------|--------|---------|----------|-----------|---------------|
| 2023 | 18 | 12 | 11 | 9 | 50 |
| 2022 | 12 | 14 | 14 | 14 | 54 |
| 2021 | 10 | 15 | 16 | 16 | 57 |
| 2020 | 23 | 9 | 12 | 17 | 61 |
| 2019 | 18 | 12 | 15 | 13 | 58 |

Kultur og mangfald

Kultur og mangfald skal gje tenester til alle innbyggjarane i kommunen. Kultur og mangfald består av eit breitt felt og samarbeider tett med både fylket, innbyggjarar, lag og organisasjonar.

Andre kulturtilbod

Kultur famnar om eit bredt spekter av tilbod og aktivitetar, og kommunen brukar ressursar på tilrettelegging av aktivitetsarenaer.

Eit av kulturtilboda vi arbeidar med i Gulen er UKM, der vi har fokus på det som skjer både på, bak og rundt scena, samt kreativ utfolding rundt hobbyar som fotografering, måling og design med meir. Det vert arrangert workshopar og kurs, der born og unge kan lære å mestre nye ferdigheiter.

Vidare er kommunen opptatt av kulturarv som omfattar kulturminne og kulturmiljø, samt å synleggjere friluftsområde og fritidsaktivitetar.

Bibliotek

Biblioteket i Gulen har 4 avdelingar

- Hovudbibliotek i Eivindvik, det gamle kommunehuset.
- Filial Brekke, Brekke skule.
- Filial Byrknes, Byrknes skule.
- Filial Dalsøyra, Dalsøyra skule.

Det er mogleg å låne eit rikt utval av bøker, tidsskrifter, lydbøker og filmar. Biblioteket har også fleire digitale tenester; e-bøker, e-lydbøker, strøymeteneste frå Norsk filminstitutt, elektroniske aviser og tidsskrifter samt fjernlån, som vil sei at du kan bestille bøker får andre bibliotek i landet, og hente på ditt lokale bibliotek.

Den kulturelle skulesekken

Den kulturelle skulesekken (DKS) er ei nasjonal ordning som sørgjer for at alle skuleelevar i Noreg får oppleve profesjonell kunst og kultur kvart år.

Gulatinget

Målet for arbeidet er å forvalte, formidle og aktualisere arven frå Gulatinget. Vi skal skape bevisstheit i det norske samfunnet om dei lange linene i den norske demokrati-, retts- og forsvarshistoria. Vi skal engasjere born og unge, og vitjande som ønskjer å lære, og vi skal aktualisere og utfordre dei verdiane Gulatinget representerer. Arbeidet er definert i Strategiplan for utvikling av Gulatinget (2006-2010, 2016-2020). Ny strategiplan er under utarbeiding (2023-2026).

Gulen frivilligsentral

Gulen Frivilligsentral arbeidar for å skape mangfaldige møteplassar. Frivilligheita sine premiss skal ligge til grunn saman med lokale ynskjer der samhandling mellom frivillige, lag og foreiningar, næring og kommune er eit suksesskriterium. Frivilligsentralen skal kontinuerleg stimulere til frivillig arbeid innanfor målgruppa. Vidare er det ei sentral oppgåve å leggje til rette for at born og unge kan delta i fritidsaktivitetar uavhengig av familien sin sosiale og økonomiske situasjon. I Gulen har vi BUA-ordninga, som er ein utlånssentral lokalisert ved Dalsøyra barnehage og skule. BUA-ordninga jobbar for at born og unge skal ha høve til å prøve fleire og meir varierte fritidsaktivitetar. Tiltaket skal bidra til inkludering og auka deltaking i helsefremjande aktivitetar for born og unge. Det skal vere lett å låne utstyr til sport og friluftsliv ved BUA Gulen.

Gulen vaksenopplæring

Gulen vaksenopplæring driv for tida med opplæring etter introduksjonsprogrammet og opplæring i norsk og samfunnskunnskap.

Integreringstenesta

Tenesta er organisert under oppvekst og kultur, og samarbeider tett med alle tenester som omhandlar tenester til vaksne, elevar og born – då spesielt Norsksenteret i kommunen. Kommunen har òg etablert

Årsmelding 2023

ei tverrfagleg arbeidsgruppe som består av lege, helsesjukepleiar, einingsleiar eigedom, kommunalsjef oppvekst og kultur, kommunalsjef helse og omsorg, konsulent frivilligheit, NAV og leiar barnevern.

Musikk- og kulturskulen

Utviklinga i deltakartalet dei siste fem åra syner ein samla nedgang på 13 elevar.

| | Brekke | Byrknes | Dalsøyra | Eivindvik | Samla elevtal |
|------|--------|---------|----------|-----------|---------------|
| 2023 | 2 | 6 | 19 | 17 | 44 |
| 2022 | 4 | 7 | 22 | 27 | 60 |
| 2021 | 13 | 4 | 18 | 27 | 62 |
| 2020 | 15 | 4 | 10 | 14 | 43 |
| 2019 | 23 | 7 | 12 | 15 | 57 |

Musikk- og kulturskule skal òg samarbeide med det frivillig musikklivet. Kulturskulen skal vere eit lokalt ressurscenter og ein samarbeidande aktør til kulturlivet i kommunen.

Musikk- og kulturskulen bidrar til relasjonsbygging og fremjing av vennskap. Fleire av gruppetilboda blandar både ulike aldersgrupper og skulekrinsar, som til dømes korps som er aktuelt heilt frå barna er i småskulealder til dei er vaksne. Musikk- og kulturskulen skal gi opplæring av høg fagleg og pedagogisk kvalitet til alle barn og unge som ynskjer det. Formålet med opplæringa er å lære, oppleve, skape og formidle kulturell og kunstnariske uttrykk.

| | Musikkundervisning | Visuelle kunstfag | Teater | Dans | Andre kunst- og kulturuttrykk | Samla elevtal |
|------|--------------------|-------------------|--------|------|-------------------------------|---------------|
| 2023 | 36 | 0 | 0 | 0 | 8 | 44 |
| 2022 | 49 | 3 | 0 | 0 | 8 | 60 |
| 2021 | 42 | 11 | 0 | 0 | 9 | 62 |
| 2020 | 37 | 10 | 0 | 0 | 0 | 47 |
| 2019 | 36 | 24 | 0 | 0 | 0 | 60 |

Utvalde resultat

Oppvekst

Barnehage

I kommunen var det i 2023 nok barnehagelærarar til å oppfylle pedagognorma i alle barnehagane.

| | Gulen kommune | Vestland | Landet |
|--------------|---------------|-------------|-------------|
| 2023 | 9,8 | 12,5 | 13,5 |
| 2022 | 13,3 | 12,4 | 13,3 |
| 2021 | 9,9 | 12,4 | 13,1 |
| 2020 | 11,1 | 12,4 | 13,3 |
| 2019 | 14,5 | 12,5 | 13,6 |
| Snitt | 11,7 | 12,4 | 13,4 |

Tabellen over syner talet på born per barnehagelærer i kommunen. Born under tre år tel dobbelt i denne utrekninga. Pedagognorma stiller krav til tal born per barnehagelærer. Den seier at det skal vere minst ein pedagogisk leiar per 7 barn under 3 år, og minst 1 pedagogisk leiar per 14 barn over 3 år.

Alle barnehagane i kommunen oppfyller bemanningsnorma.

| | Gulen kommune | Vestland | Landet |
|--------------|---------------|------------|------------|
| 2023 | 4,1 | 5,7 | 5,7 |
| 2022 | 4,5 | 5,7 | 5,7 |
| 2021 | 4,1 | 5,7 | 5,7 |
| 2020 | 4,3 | 5,7 | 5,7 |
| 2019 | 4,7 | 5,7 | 5,7 |
| Snitt | 4,3 | 5,7 | 5,7 |

Tabellen over syner talet born per tilsett i barnehagane. Den viser at ein samla sett er særst godt bemanna. Likevel har det vore utfordrande for nokre av barnehagane å sikre nok bemanning knytt til fråvær. Barnehagane skal ha minst éin tilsett per tre barn når barna er under tre år, og éin tilsett per seks barn når barna er over tre år. Barn skal reknast for å vere over tre år frå og med august det året dei fyller tre år. Barn under tre år tel dobbelt i denne utrekninga.

Til tross for rekordgode tal knytt barnehagedrifta har kommunen i praksis hatt store driftsutfordringar knytt til nokre av barnehagane. Grunna fråvære og utfordringar med å skaffe vikar har barnehagane i Dalsøyra krinsen hatt redusert drift i 20 dagar i 2023.

Barnevern

Barnevernet har mottatt 16 meldingar i Gulen kommune og ferdigstilt 21 undersøkingar. Ved utgangen av 2023 får 17 barn tiltak i kommunen. Meldingane handlar om foreldre sin rusbruk (2), barnet sin åtfærd (6), barnet utsett for vald (2), andre forhold (4), barnet sin kriminelle åtfærd (1), konflikt mellom foreldre (2), foreldre sin manglande stimulering (3), barnet sine relasjonsvanskar (3), foreldre sin manglande oppfølging (1). Ei melding kan ha fleire av desse forholda.

Det er foreldre, anna familie, helsesjukepleiar, skule, anonyme og politi som melder. Ofte er det meldingsmøte der foreldre og helsesjukepleiar/skule tek opp det som dei er bekymra for og det dei trenger hjelp til.

Møte for kvalitetsutvikling barnehage og skule

For å best mogleg legge til rett for medverknad i prosessen med å kvalitetsoppfølging, gjennomfører kommunen årlege møte for kvalitetsutvikling. Det er ikkje eit krav å gjennomføre dette, men det er likevel ein god tradisjon som sikrar brei involvering i kvalitetsarbeidet. Planen for møta er:

| | Deltakarar |
|------------|--|
| Partalsår | SU ved Brekke barnehage og skule, helsesjukepleiaren på eininga og hovudutval for oppvekst og kultur SU ved Dalsøyra barnehage og skule, helsesjukepleiaren på eininga og hovudutval for oppvekst og kultur |
| Oddetalsår | SU ved Byrknes barnehage og skule, helsesjukepleiaren på eininga og hovudutval for oppvekst og kultur SU ved Eivindvik barnehage og skule, helsesjukepleiaren på eininga og hovudutval for oppvekst og kultur |
| Årleg | Leiarforum for oppvekst og kultur og hovudutval for oppvekst og kultur |

I møte for kvalitetsutvikling med samarbeidsutvala får dei tilsette, føresette og elevane komme med eigne refleksjonar rundt kvalitetsdata for eininga/kommunen. Dialogen omhandlar fremjande og hemmande faktorar i barnehage- og skulemiljøet på den enkelte eininga, som igjen resulterer i delmål for som eininga/kommunen treng å jobbe vidare med.

Brekke barnehage og skule

Delmål:

- Legge til rette for foreldreengasjement, foreldrerettleiing, «foreldrevitreglar» osb.
- Meir praktisk og variert undervisning.
- Meir organisert aktivitet i friminutta.
- Auka bruk av skulebygget utanom skuletida. Open hall, osb.
- Enda betre kommunikasjon mellom dei føresette og eininga. Blant anna med tanka på «taus kunnskap» og nok informasjon til fyrstegognsforeldre.
- Eininga skal vere ein aktiv bidragsytar i etableringa av felles system for kvalitetsoppfølging, prosedyrar og rutinar for skule og barnehage.

| Fremjande faktorar | Hemmande faktorar |
|--|--|
| Godt samarbeid mellom barnehage, SFO, skulen og musikk- og kulturskulen. Dette legg til rette for gode og trygge overgangar. Barn og unge på eininga kjenner kvarandre. Barnehagebarna | Komplekse utfordringar krev aukande samarbeid med fleire aktørar, som mellom anna BUP. |

| | |
|--|--|
| <p>kjenner lærarane på eininga. God bruk av kompetanse på tvers i eininga.</p> <p>Felles uteområde og pauserom legg til rette for eit trygt miljø.</p> <p>Ein framsnakkar skulen.</p> <p>Godt samarbeid med skulehelsetenesta.</p> <p>Høg kompetanse blant dei tilsette, samt god tilrettelegging for vidareutdanning.</p> | |
|--|--|

Dalsøyra barnehage og skule

Delmål:

- Tydlegare leiarstruktur på eininga.
- Oppretthalde det gode arbeidsmiljøet på eininga og trivselen på skulen.
- Eininga skal vere ein aktiv bidragsytar i etableringa av felles system for kvalitetsoppfølging, prosedyrar og rutinar for skule og barnehage.
- Ordne dei største manglane på bygningsmassen både for barnehage og skule.
- Barnehagane får på plass ein struktur som gjer at ein får gjennomført planlagde møte.

| Fremjande faktorar | Hemmande faktorar |
|---|---|
| <p>Alle kjenner alle. Gode relasjonar mellom tilsette, og barn/elevar. Oversiktleg og trygt barnehage- og skulemiljø.</p> <p>Alle tar ansvar for eininga.</p> | <p>For flat struktur i barnehagen.</p> <p>Stort behov for oppfølging av enkeltsaker, noko som gjer at ein får mindre tid til førebyggjande arbeid.</p> <p>Gamalt barnehagebygg/uteområde i den eine barnehagen.</p> |

Elevundersøkinga

7. trinn

| | Indikator | Gulen kommune | Vestland | Landet |
|------|----------------------|---------------|----------|--------|
| 2023 | Støtte frå lærar | 3,8 | 4,2 | 4,2 |
| 2023 | Vurdering for læring | 3,1 | 3,6 | 3,6 |
| 2023 | Læringskultur | 3,5 | 3,7 | 3,7 |
| 2023 | Meistring | 3,5 | 3,8 | 3,9 |

Årsmelding 2023

| | | | | |
|--------------|-----------------------------|------------|------------|------------|
| 2023 | Elevdemokrati og medverknad | 3,3 | 3,5 | 3,6 |
| 2022 | Støtte frå lærar | 4,3 | 4,2 | 4,3 |
| 2022 | Vurdering for læring | 3,8 | 3,7 | 3,7 |
| 2022 | Læringskultur | 3,5 | 3,8 | 3,8 |
| 2022 | Meistring | 3,7 | 3,9 | 3,9 |
| 2022 | Elevdemokrati og medverknad | 3,9 | 3,6 | 3,6 |
| 2021 | Støtte frå lærar | 4,4 | 4,3 | 4,3 |
| 2021 | Vurdering for læring | 3,5 | 3,7 | 3,8 |
| 2021 | Læringskultur | 4,1 | 3,9 | 3,9 |
| 2021 | Meistring | 3,8 | 3,9 | 4,0 |
| 2021 | Elevdemokrati og medverknad | 3,2 | 3,7 | 3,7 |
| Snitt | | 3,7 | 3,8 | 3,9 |

10. trinn

| | Indikator | Gulen kommune | Vestland | Landet |
|------|-----------------------------|---------------|----------|--------|
| 2023 | Støtte frå lærar | 3,9 | 3,8 | 3,9 |
| 2023 | Vurdering for læring | 3,3 | 3,2 | 3,2 |
| 2023 | Læringskultur | 3,7 | 3,6 | 3,7 |
| 2023 | Meistring | 3,7 | 3,8 | 3,8 |
| 2023 | Elevdemokrati og medverknad | 3,3 | 3,2 | 3,2 |
| 2022 | Støtte frå lærar | 3,7 | 3,9 | 4,0 |
| 2022 | Vurdering for læring | 2,7 | 3,3 | 3,3 |
| 2022 | Læringskultur | 3,0 | 3,7 | 3,7 |
| 2022 | Meistring | 3,5 | 3,9 | 3,9 |
| 2022 | Elevdemokrati og medverknad | 3,2 | 3,3 | 3,3 |
| 2021 | Støtte frå lærar | 4,2 | 4,0 | 4,0 |
| 2021 | Vurdering for læring | 3,4 | 3,2 | 3,3 |
| 2021 | Læringskultur | 3,6 | 3,7 | 3,8 |

Årsmelding 2023

| | | | | |
|--------------|-----------------------------|------------|------------|------------|
| 2021 | Meistring | 3,8 | 3,9 | 3,9 |
| 2021 | Elevdemokrati og medverknad | 3,4 | 3,3 | 3,4 |
| Snitt | | 3,5 | 3,6 | 3,6 |

Skalaen går frå 1 – 5 poeng, og høg verdi betyr positivt resultat. Beste gjennomsnittsverdi er 5.

Alle elever i grunnskulen har rett til et godt fysisk og psykososialt læringsmiljø som fremjar helse, trivsel og læring. Jf kap. 9a i opplæringslova. Elevundersøkinga er ei årleg nettbaserte undersøking om elevane sitt læringsmiljø. Undersøkinga kartlegg sentrale sider ved læringsmiljøet på skulane. Undersøkinga kartlegg dei mest sentrale tilhøva ved elevane sitt læringsmiljø slik det er avklart i nyare forskning. Elevane svarar på spørsmål om korleis dei trivst på skulen, korleis forholdet er til lærarar og medelevar, korleis dei opplever vurdering for læring, osb.

For 7. trinn ligg alle indikatorane under snittet for både fylket og landet, medan dei på 10. trinn er på nivå med dei regionale og nasjonale tala. Resultata vert følgt opp på den enkelte eininga.

Mobbing på skulen

7. trinn

| | Gulen kommune | Vestland | Landet |
|------|---------------|----------|--------|
| 2023 | 26,1 | 11,9 | 12,8 |
| 2022 | * | 9,2 | 9,8 |
| 2021 | * | 7,8 | 7,9 |
| 2020 | * | 7,2 | 7,5 |
| 2019 | * | - | 7,0 |

10. trinn

| | Gulen kommune | Vestland | Landet |
|------|---------------|----------|--------|
| 2023 | * | 12 | 11 |
| 2022 | * | 8,1 | 7,4 |
| 2021 | * | 6,1 | 5,6 |
| 2020 | * | 5,5 | 5,5 |
| 2019 | * | - | 6,5 |

Tabellen syner andelen elevar som opplever å verte mobba på skulen 2 eller 3 gongar i månaden eller oftare. Andelen elevar som opplever mobbing er summen av elevar som har kryssa av på svaralternativa «2 eller 3 gongar i månaden», «Omtrent 1 gong i veka» og «Fleire gongar i veka». Andelen elevar som har blitt mobba på skulen seier med andre ord ingenting om kor ofte elevane opplever å verte mobba.

Årsmelding 2023

Tala om mobbing i skulen har dei siste åra vore under publiseringsgrensa, og under grensa for kva skuleeigar får sjå. Det vil seie at både på skule- og kommunenivå må ein gjere eigne vurderingar for å kartlegge og jobbe med problematikken. Tala for 7. trinn for 2023 er over publiseringsgrensa. Kommunen har òg fått tal for 10. trinn, men dei er under publiseringsgrensa og kan difor ikkje publiserast i tabellen. Tala for 10. trinn nyanserer det dystre biletet ein får av det samla talet for 7. trinn noko. Kommunen har sett inn tiltak for å jobbe med mobbing på alle skulane og på alle trinn.

Nasjonale prøver

Føremålet med nasjonale prøver er å gi skulane kunnskap om elevane sine grunnleggjande ferdigheiter i lesing, rekning og engelsk. Informasjonen frå prøvane skal danne grunnlag for undervegsvurdering og kvalitetsutvikling på alle nivå i skulesystemet. Resultata vert publiserte på ein skala med eit gjennomsnitt på 50 skalapoeng og standardavvik på 10.

Frå 2022 startar måling av utvikling over tid på nytt. Resultata frå 22/23 kan difor ikkje direkte samanliknast bakover i tid.

5. trinn

Engelsk

| | Gulen kommune | Vestland | Landet | Kostragruppe 06 |
|--------------|---------------|-----------|-----------|-----------------|
| 2023 | 47 | 50 | 50 | 49 |
| 2022 | 47 | 50 | 50 | 49 |
| 2021 | 46 | 50 | 50 | 49 |
| 2020 | 49 | 50 | 50 | 49 |
| 2019 | 53 | - | 50 | - |
| Snitt | 48 | 50 | 50 | 49 |

For 5. trinn ser vi at alle skårane hamnar innanfor eitt standardavvik under snittet, altså der omlag 70% av elevane hamnar.

8. trinn

Rekning

| | Gulen kommune | Vestland | Landet | Kostragruppe 06 |
|------|---------------|----------|--------|-----------------|
| 2023 | 50 | 49 | 49 | 49 |
| 2022 | 52 | 50 | 50 | 49 |
| 2021 | 52 | 50 | 50 | 48 |
| 2020 | 48 | 50 | 50 | 49 |

Årsmelding 2023

| | | | | |
|--------------|-----------|-----------|-----------|-----------|
| 2019 | 49 | - | 50 | - |
| Snitt | 50 | 50 | 50 | 49 |

Lesing

| | Gulen kommune | Vestland | Landet | Kostragruppe 06 |
|--------------|----------------------|-----------------|---------------|------------------------|
| 2023 | 47 | 48 | 49 | 48 |
| 2022 | 55 | 49 | 50 | 49 |
| 2021 | 49 | 49 | 50 | 49 |
| 2020 | 47 | 49 | 50 | 49 |
| 2019 | 48 | - | 50 | - |
| Snitt | 49 | 49 | 50 | 49 |

Engelsk

| | Gulen kommune | Vestland | Landet | Kostragruppe 06 |
|--------------|----------------------|-----------------|---------------|------------------------|
| 2023 | 49 | 50 | 50 | 50 |
| 2022 | 54 | 49 | 50 | 48 |
| 2021 | 52 | 50 | 50 | 49 |
| 2020 | 51 | 50 | 50 | 49 |
| 2019 | 47 | - | 50 | - |
| Snitt | 51 | 50 | 50 | 49 |

9. trinn

Rekning

| | Gulen kommune | Vestland | Landet | Kostragruppe 06 |
|------|----------------------|-----------------|---------------|------------------------|
| 2023 | 50 | 49 | 49 | 49 |
| 2022 | 55 | 54 | 54 | 53 |
| 2021 | 52 | 53 | 53 | 53 |
| 2020 | 52 | 54 | 53 | 52 |
| 2019 | 55 | - | 53 | - |

Årsmelding 2023

| | | | | |
|--------------|-----------|-----------|-----------|-----------|
| Snitt | 53 | 53 | 52 | 52 |
|--------------|-----------|-----------|-----------|-----------|

Lesing

| | Gulen kommune | Vestland | Landet | Kostragruppe 06 |
|--------------|----------------------|-----------------|---------------|------------------------|
| 2023 | 47 | 48 | 49 | 48 |
| 2022 | 56 | 53 | 54 | 52 |
| 2021 | 54 | 53 | 53 | 53 |
| 2020 | 50 | 53 | 54 | 52 |
| 2019 | 53 | - | 54 | - |
| Snitt | 52 | 52 | 53 | 51 |

For 8.- og 9. trinn ser vi at alle skårane hamnar innanfor eitt standardavvik over snittet for landet og fylket, altså der omlag 70% av elevane hamnar.

Grunnskulepoeng

| | Gulen kommune | Vestland | Landet | Kostragruppe 06 |
|--------------|----------------------|-----------------|---------------|------------------------|
| 2023 | 41,5 | 42,7 | 42,3 | 42,0 |
| 2022 | 41,7 | 43,5 | 43,2 | 43,6 |
| 2021 | 43,8 | 43,4 | 43,2 | 42,3 |
| 2020 | 45,2 | 43,1 | 43,1 | 42,5 |
| 2019 | 42,1 | - | 41,9 | - |
| Snitt | 42,9 | 43,2 | 42,7 | 42,6 |

Grunnskulepoeng er eit samla mål for eleven sine karakterar ved avslutting av 10. trinn, og dannar grunnlag for opptak til vidaregåande skule. Grunnskulepoenga vert rekna ved å summere talkarakterane i alle fag, både eksamen og standpunkt, og dele på talet karakterar. Gjennomsnittet, med to desimalar, multipliserast med 10 for å finne grunnskulepoenga. Det vert ikkje rekna ut grunnskulepoeng for elevar som manglar karakter i meir enn halvparten av faga.

Fråvære

| | Gulen kommune dagar | Gulen kommune timar | Landet dagar | Landet timar |
|------|----------------------------|----------------------------|---------------------|---------------------|
| 2023 | 6,0 | 0,0 | 8,0 | 6,0 |
| 2022 | 1,5 | 1,5 | 2,0 | 3,0 |

Årsmelding 2023

| | | | | |
|--------------|------------|------------|------------|------------|
| 2021 | 2,0 | 0,0 | 1,0 | 2,0 |
| 2020 | 2,0 | 0,0 | 4,0 | 3,0 |
| 2019 | 2,0 | 0,0 | 6,0 | 5,0 |
| Snitt | 2,7 | 0,3 | 4,2 | 3,8 |

Tabellen syner medianen for tal dagar og timar fråvære for elevar på 10. trinn, slik det er ført på vitnemålet.

Overgang frå grunnskule til vidaregåande skule

| | Gulen kommune | Vestland | Landet | Kostragruppe 06 |
|--------------|---------------|-------------|-------------|-----------------|
| 2023 | 100,0 | 98,2 | 97,2 | * |
| 2022 | 100,0 | 98,1 | 97,7 | 96,4 |
| 2021 | 96,2 | 98,0 | 97,9 | 97,9 |
| 2020 | 100,0 | 98,5 | 98,2 | 97,7 |
| 2019 | 100,0 | - | 98,0 | - |
| Snitt | 99,2 | 98,2 | 97,8 | 97,3 |

Med unntak av i 2021 syner oversikta at alle elevane frå kommunen startar på vidaregåande opplæring. For kommunen sin del er det snakk om så små elevgrupper at det er utfordrande å ha ei statistisk tilnærming til talet. Likevel er målet at elevane frå kommunen opplever ein vellukka overgang til vidaregåande opplæring.

Gjennomføring i vidaregåande opplæring

| | Gulen kommune | Vestland | Landet | Kostragruppe 06 |
|--------------|---------------|-----------|-----------|-----------------|
| 2023 | | | | |
| 2022 | 88 | 80 | 80 | 79 |
| 2021 | 87 | 79 | 79 | 78 |
| 2020 | 90 | 78 | 78 | 77 |
| 2019 | 93 | - | 82 | 80 |
| Snitt | 90 | 79 | 80 | 79 |

Talet vert rekna slik: Er elevane som startar på vidaregåande opplæring ferdig etter

- fem år etter start i Vg1 for elevar som begynte på eitt av dei studieførebauende utdanningsprogramma

- seks år etter start i Vg1 for elevar som begynte på eitt av dei yrkesfaglege utdanningsprogramma

Tabellen syner at kommunen gjer det bra på dette området. Elevane frå Gulen ser ut til å vere klare for å starte på og fullføre vidaregåande opplæring.

Kultur og mangfald

Bibliotek

Utlån per innbyggjar

| | Gulen kommune | Vestland | Landet | Kostragruppe 06 |
|--------------|---------------|-------------|-------------|-----------------|
| 2023 | | | | |
| 2022 | 2,93 | 2,42 | 2,37 | 2,41 |
| 2021 | 2,58 | 2,35 | 2,33 | 2,44 |
| 2020 | 2,34 | 2,08 | 2,11 | 2,22 |
| 2019 | 2,5 | - | 2,8 | 2,88 |
| Snitt | 2,59 | 2,28 | 2,40 | 2,49 |

Hovudvekta av det som vert lånt ut er litteratur til born. Frå og med 2020 har utlåna i Gulen vore høgare enn snittet for landet, fylket og KOSTRA-gruppe 6.

Dei to siste åra medieutlånet (bøker, tidsskrift, filmar og lydbøker) auka litt, etter nedgangen under covid-19. Innlån av bøker frå andre bibliotek er eit godt tilbod til fjern- og deltidsstudentar. Sommarles for 1.-7. kl. hadde same tal deltakarar som året før.

Frammøte per 100 innbyggjarar eigne arrangement

| | Gulen kommune | Vestland | Landet | Kostragruppe 06 |
|--------------|---------------|--------------|--------------|-----------------|
| 2023 | | | | |
| 2022 | 3,32 | 18,46 | 22,26 | 24,35 |
| 2021 | 2,99 | 9,85 | 12,15 | 16,77 |
| 2020 | 2,44 | 7,82 | 10,88 | 10,91 |
| 2019 | 6,42 | - | 27,32 | 40,28 |
| Snitt | 3,79 | 12,04 | 18,15 | 23,08 |

Tabellen ovanfor syner at innbyggjarane i kommunen er markant mindre med på arrangement i biblioteka enn ein er i fylket, landet og KOSTRA-gruppe 6. I 2023 deltok biblioteket i

Nordhordlandsbiblioteka sitt prosjekt: Bærekraft, biosfære og bibliotek, og hadde eit arrangement i tilknytning til det.

Integrering

| | Buset | Introduksjonsordninga | Norskopplæring utanom intro |
|------|-------|-----------------------|-----------------------------|
| 2023 | 44 | 32 | 6 |
| 2022 | 48 | 15 | 1 |

Gulen frivilligsentral

Aktive born og unge/aktivitetsveka

Gulen frivilligsentral søkte i 2022 om tilskot frå Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet knytt til ordninga "Tilskudd til inkludering av barn og unge". Prosjektet det vart innvilga tilskot til heiter «Aktive born og unge» og midlane er innvilga for ei periode på 3 år. Tilskotet skal nyttast til transport, løn til aktivitetsleiarar/-vertar og fritidsutstyr til BUA Gulen - gratis utlånssentral.

1.- 4. trinn

| | Dagar | Deltakarar | Innhald |
|------|-------|------------|---|
| 2023 | 4 | 36 | Tur, drama, aktivitetar ved sjøen og diverse leikar |
| 2022 | 2 | 40 | Aktivitetar ved sjøen og diverse leikar |

5.- 7. trinn

| | Dagar | Deltakarar | Innhald |
|------|-------|------------|--|
| 2023 | 3 | 36 | Fjelltur, kajakk, kano, drama, aktivitetar ved sjøen og diverse leikar |
| 2022 | 2 | 20 | Aktivitetar ved sjøen, SUP-brett og diverse leikar |

8.- 10. trinn

| | Dagar | Deltakarar | Innhald |
|------|-------|------------|--|
| 2023 | 2 | 22 | Paintball, omsyning fiskemottak Byrknes, aktivitetar ved sjøen og grilling |
| 2022 | 1 | 20 | Paintball |

BUA

Årsmelding 2023

| | Utlånt utstyr | Unikt utlånt utstyr | Nye lån | Nye brukarar | Unike brukarar med lån |
|------|---------------|---------------------|---------|--------------|------------------------|
| 2023 | 268 | 173 | 69 | 12 | 29 |

E-sport og gaming

Frivilligsentralen fekk i 2023 tilskot frå Vestland fylkeskommune til å gjennomføre prosjekt “bygdeliga med interessevekkjar”. Tilskotet var på 12 000 kr. 10.november inviterte frivilligsentralen, kulturskulen og ungdomsrådet til ein gamingkveld i Dalsøyra samfunnshus. Det kom rundt 60 ungdommar. Det vart servert pizza frå Gulen pizzeria. Det var turnering i Rocket League, spelning av Minecraft og brettspel for dei som ynskja det. Frivilligsentralen arrangerte gratis transport til alle.

Turgrupper

Det er fire aktive turgrupper i Gulen som er i regi av frivilligsentralen, som vert kalla “aktiv på dagtid”. Det er frivillige som leiar desse gruppene. Nokre grupper går langt, medan andre går kort. Nokon varierer kor dei går, medan andre går same rute kvar gong. Frivilligsentralen samlar turleiarane til felles idèutveksling to gongar i året. Gruppene var med til Massnes villmarksmuseum.

Leve heile livet

Hovudutvalet for omsorg i kommunen fekk mynde i 2021 til å avgjere korleis dei vil nytte avsette midlar knytt til «Leve heile Livet». Det vart sett av kroner 100 000 og HOM ynskja at midlane skulle gå til aktivitetsskapande tiltak for heimebuande seniorar. Målet er helsebringande tiltak, sosialt samvær, inkludering og fellesskap gjennom å vidareutvikle eller å skape møteplassar for seniorane.

Status økonomi per teneste

Beløp i 1000

| Teneste | Rekneskap 2022 | Rekneskap 2023 | Opph. bud. 2023 | Rev. bud. 2023 | Avvik i kr |
|---|-------------------|-------------------|--------------------|-------------------|------------|
| Administrativ leiging | 0 | 60 | 0 | 60 | 0 |
| Ungdomsråd | 0 | 19 | 10 | 10 | -9 |
| Barnehage | 20 006 | 23 142 | 22 221 | 22 065 | -1 077 |
| Grunnskule | 41 513 | 46 114 | 44 283 | 45 293 | -821 |
| PPT - grunnskule | 854 | 1 055 | 840 | 860 | -195 |
| PPT- barnehage | 300 | 369 | 300 | 306 | -63 |
| PPT- vaksenopplæring | 60 | 63 | 60 | 62 | -1 |
| Vaksenopplæring framandspråklege | 1 469 | 1 707 | 1 150 | 1 071 | -636 |
| Skulefritidstilbod | 1 491 | 1 582 | 1 781 | 1 698 | 116 |
| Drift og vedlikehald av skulelokale | 0 | 40 | 0 | 0 | -40 |
| Skuleskyss | 1 012 | 708 | 1 125 | 800 | 92 |
| Aktivitetstilbod til born og unge | 0 | 14 | 0 | 0 | -14 |
| Flyktningeadministrasjon | 623 | 1 299 | 880 | 1 500 | 201 |
| Barnevernteneste | 2 741 | 2 992 | 0 | 0 | -2 992 |
| Barnevernstiltak når barnet ikkje er plassert av BV | 131 | 168 | 153 | 153 | -15 |
| Barnevernstiltak når barnet er plassert av BV, | 748 | 1 066 | 825 | 976 | -89 |
| Kommunalt disponerte bustadar | 297 | 231 | 0 | 120 | -111 |
| Introduksjonsordninga | 1 333 | 4 526 | 2 100 | 5 900 | 1 374 |
| Ytelse til livsopphold (introduksjonsordninga) | 752 | 1 616 | 600 | 1 600 | -16 |
| Interkommunalt barnevern, felleskostnad Gulen og Masfjorden | 0 | 0 | 3 043 | 3 052 | 3 052 |
| Barnevernstiltak når bornet ikkje er plassert av BV, Masfjorden | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Barnevernstiltak når bornet er plassert av BV, | 0 | 0 | 7 | 8 | 8 |

Årsmelding 2023

| Teneste | Rekneskap 2022 | Rekneskap 2023 | Opph. bud. 2023 | Rev. bud. 2023 | Avvik i kr |
|---|-------------------|-------------------|--------------------|-------------------|------------|
| Masfjorden | | | | | |
| Naturforvaltning og friluftsliv | 0 | 103 | 0 | 90 | -13 |
| Kulturminneforvaltning | 0 | 36 | 400 | 428 | 392 |
| Bibliotek | 0 | 824 | 943 | 994 | 170 |
| Museum | 0 | 135 | 130 | 130 | -5 |
| Idrett og tilskot til andre sine idrettsanlegg | 0 | 122 | 400 | 400 | 278 |
| Kommunale idrettsbygg og idrettsanlegg | 0 | 7 | 0 | 0 | -7 |
| Musikk- og kulturskule | 546 | 754 | 704 | 705 | -49 |
| Andre kulturakt. og tilskot til andre sine kulturbygg | 0 | 749 | 926 | 953 | 204 |
| Frivilligsentral | 0 | 267 | 1 051 | 848 | 582 |
| Gulatinget | 0 | 951 | 733 | 1 082 | 130 |
| Sum | 73 878 | 90 719 | 84 664 | 91 164 | 445 |

Status økonomi

Beløp i 1000

| Ansvar | Rekneskap 2022 | Rekneskap 2023 | Rev. bud. 2023 | Avvik i kr | Avvik i % |
|--|-------------------|-------------------|-------------------|------------|--------------|
| 200-Leiar Oppvekst og kultur | 6 659 | 14 775 | 17 545 | 2 770 | 15,8 % |
| 211-Leiar Brekke barnehage og skule | 14 756 | 16 568 | 16 035 | -534 | -3,3 % |
| 212-Leiar Byrknes barnehage og skule | 13 008 | 15 177 | 14 440 | -737 | -5,1 % |
| 213-Leiar Dalsøyra barnehage og skule | 16 076 | 18 642 | 18 577 | -65 | -0,4 % |
| 214-Leiar Eivindvik barnehage og skule | 19 760 | 21 331 | 20 378 | -953 | -4,7 % |
| 260-Leiar Barnevern | 3 620 | 4 226 | 4 189 | -36 | -0,9 % |
| Sum | 73 878 | 90 719 | 91 164 | 445 | 0,5 % |

Kommentar til status økonomi

Arbeidet med flyktningstraumen

Samla sett ser ein at dei økonomiske rammene for flyktningarbeidet var godt budsjettert for rammeområdet, men at det var relativt stor variasjon i kor nøyaktig dette treffe for dei ulike tenestene. Ein hadde eit mindreforbruk på introduksjonsordninga, medan det var eit overforbruk for barnehage, grunnskule og vaksenopplæringa. Samla sett vart dette utlikna.

Kulturminneforvaltning

Det var sett av midlar i budsjettet til restaurering Prestegardsmuren i Eivindvik. Det vart brukt kroner 36 000 på kartlegging og rapport om nødvendige tiltak. Utføring av reparasjonar vil skje i 2024.

Idrett og tilskot til andre sine idrettsanlegg

Sett av midlar til forventa tilskot til anlegg under bygging. Avvik førekjem blant anna ved at prosjekta dreg ut.

Andre kulturakt. og tilskot til andre sine kulturbygg

Til kulturbygg var det løyvd kroner 380 000 til Nordgulfjorden grendahus. Desse er ikkje utbetalt då projektet ikkje er påbegynt.

Gulen frivilligsentral

Mindreforbruk grunna periodar med vakanse.

Pedagogisk-psykologisk teneste

Det har vore gjennomført fleire nye satsingar på tvers av kommunane i Fensfjorden, som har gjort at kostnaden har auka noko. Dette mellom anna oppretting av DUÅ-nettverk og Fensfjorden interkommunale fagleg forum for lese- og skriveopplæring.

Status hovudmål

Målsetjing

Alle barn og unge i Gulen kommune skal få ein god start på livet

Status måloppnåing

For å følgje opp dette målet jobbar kommunen med fleire tiltak og oppdrag.

Ikkje starta:

- Delta i opplæringsprogrammet Tidlig inn

I arbeid:

- Sikre brei forankring av ICDP
- Implementere De utrolige årene
- Delta i KS Barnevernløft
- Bustadsosial handlingsplan

Alle born og unge i Gulen kommune skal få eit godt verdi- og utdanningsgrunnlag

For å følgje opp dette målet jobbar kommunen med fleire tiltak og oppdrag.

Ikkje starta:

- Implementere MOT
- Medlemsskap i Ungt Entreprenørskap
- Greie ut Ungjobb i Gulen kommune
- Etablere felles system for oppgåver og funksjonar innanfor barnehage og skule
- Etablere kommunal standard for samarbeid mellom skulane/rådgjevarane, GMU og næringsliv
- Opprette kommunal plan for bruk av skulebibliotek
- Utarbeide plan for symjeopplæringa i kommunen

I arbeid:

- Medlemsskap i Bergen og omland friluftsråd

Ferdig:

- Delta som part i fag og tenesteutvikling i- og rundt Region Nordhordland Helsehus
- Medlemsskap i Nordhordland kompetanseregion

Alle born og unge i Gulen kommune skal ha eit trygt og godt oppvekstmiljø

For å følgje opp dette målet jobbar kommunen med fleire tiltak og oppdrag.

Ikkje starta:

- Greie ut 5-dagars skuleveke

Årsmelding 2023

Målsetjing

Status måloppnåing

- Greie ut konsekvensar av etablering av familiens hus
- Greie ut tilbod om ungdomsfritidsordning (UFO)
- Greie ut behov for ungdomskoordinator
- Etablere kommunal standard for måltid i barnehage, skule og skulefritidsordninga

I arbeid:

- Bidra i tilrettelegging for ferieaktivitetar, juniorklubb og ungdomsklubb
- Etablere felles system for kvalitetsoppfølging, prosederer og rutinar for skule og barnehage

Gulen kommune skal arbeide for at kulturminna i kommunen vert tatt vare på

For å følgje opp dette målet jobbar kommunen med fleire tiltak og oppdrag.

I arbeid:

- Kulturmiljøplan med tilhøyrande tiltaksplan
- Gulatinget Nasjonale Kultursenter
- Nasjonaljubileet Noreg i 1000 år
- Gulatinget blir konsolidert inn i det nasjonale museumsnettverket

Gulen kommune skal bidra til at aktørar i Gulen-samfunnet kan koordinere sitt virke til beste for innbyggjarane

Gulen kommune skal fremje frivilligheita sin verdi som samfunnsbygger

Gulen kommune skal legge til rette for nærmiljø som kan bidra til aktivitetar som fremjer god livskvalitet

For å følgje opp dette målet jobbar kommunen med fleire tiltak og oppdrag.

Ikkje starta:

- Sikre brei kompetanse i kulturskulen
- Vurdere etablering av fleire BUA-filialar i kommunen

I arbeid:

- Ny kommunal plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv 2024-2027

I Gulen kommune skal vi oppretthalde det høge tale på unge som fullfører vidaregåande opplæring

For å følgje opp dette målet jobbar kommunen med fleire tiltak og oppdrag.

I arbeid:

- Opprette BTI-rettleiar
- Medlemskap i Syns- og audiopedagogisk teneste

Status økonomiplaniltak

Rammeendringar i økonomiplanen

Beløp i 1000

Tiltak

Ramme år
1

Status Beskriving

Vedtak forrige periode

| | | |
|--------------------------------|------|---|
| Lærartettleik/ driftsomlegging | -796 | Ferdig Tiltaket er delvis halvårseffekten av innsparingstiltak frå i 2022, og delvis nye tiltak frå nytt skuleår. |
| Læreverk | -300 | Ferdig Tiltaket er frå 2022, der sette kommunen av kr 300 000,- til |

Årsmelding 2023

| Tiltak | Ramme år | Status | Beskriving |
|--|---------------|--------------|---|
| | 1 | | innkjøp av nytt læreverk. Tiltaket er slutført og difor redusert med tilsvarende sum i 2023. |
| Utstyr til kunst og handverk | -60 | Ferdig | Tiltaket er gjennomført og tatt ut av ramma i 2023. |
| Sum | -1 156 | | |
| Innsparingstiltak | | | |
| Bemanningsnorm barnehage | -540 | Ferdig | Har tilpassa bemanning etter barnetalet. |
| Lærartettleik/ driftsomlegging | -450 | Ferdig | <p>Tiltaket er delvis halvårseffekten av innsparingstiltak frå i 2022, og delvis nye tiltak frå nytt skuleår.</p> |
| Auke i gebyr | -200 | Ferdig | Tiltaket er gjennomført. |
| Sum | -1 190 | | |
| Politisk vedtak | | | |
| Lærartettleik/ driftsomlegging | 225 | Ferdig | Tiltaket er delvis halvårseffekten av innsparingstiltak frå i 2022, og delvis nye tiltak frå nytt skuleår. |
| Bemanningsnorm barnehage | 270 | Ferdig | Har tilpassa bemanning etter barnetalet. |
| Sum | 495 | | |
| Nye tiltak | | | |
| Kontorløysingar Dalsøyra barnehage og skule | 24 | Ferdig | Tiltaket er gjennomført. |
| Større reparasjon fallbelegg leikeplass. Brekke | 40 | Ikkje starta | Tiltaket er ikkje starta på i 2023, blir flytta til 2024. |
| Kontorløysingar Brekke barnehage og skule | 54 | Ferdig | Tiltaket er gjennomført. |
| Implementering av DUÅ i barnehagane | 200 | Ferdig | Implementeringa har starta i tre av fem barnehagar. Dette i tråd med planen. |
| Satsing på kultur og frivilligheit med utgangspunkt i treffstadar for ungdom | 213 | Ferdig | Tiltaket er gjennomført. |
| Auka utgifter flyktningsarbeid | 3 400 | Ferdig | Tiltaket er gjennomført. |
| Sum | 3 931 | | |
| Korrigerig tidligere vedtatte tiltak | | | |
| Oppfølging av kulturminneplanen | 100 | I arbeid | Prosjektet er under arbeid. |
| Restaurering av Prestegardsmuren | 300 | I arbeid | Tiltaket er starta på, det er i kommunedelplan for oppvekst lagt inn kr 500 000,- i 2024 for slutføring av dette. |
| Sum | 400 | | |
| Sum tiltak | 2 480 | | |

Status investeringsprosjekt

Andre investeringar

Beløp i 1000

| Investering | Totalbudsjett | Budsjett for året | |
|---|----------------|-------------------|------------------|
| | Vedteke totalt | Rev. bud. | Rekneskap Status |
| Byrknes bhg og skule, hinderløype | 844 | 189 | 0 Ferdig |
| Byrknes bhg og skule, klatreanlegg m lys | 974 | 110 | 0 Ferdig |
| Byrknes skule - ventilasjon | 0 | 0 | 25 Ferdig |
| Dalsøyra barnehage - ventilasjon | 0 | 0 | 25 Ferdig |
| Eivindvik barnehage, uteområde | 380 | 380 | 0 Forsinket |
| Elevstolar og -bord | 700 | 700 | 830 Ferdig |
| Uteområde Dalsøyra skule | 1 950 | 1 950 | 1 213 Iht. plan |
| Utlån Ytre Gulen idrettslag (YGIL) Treningstova Byrknes | 622 | 622 | 622 Iht. plan |
| Utlån Ytre Gulen idrettslag, Tausevika sandvolleyballbane | 0 | 0 | 154 Iht. plan |
| Utlån Ytre Sogn Turlag Austgulstølsvegen | 1 830 | 893 | 580 Iht. plan |
| Utstyr uteområde barnehage | 250 | 250 | 0 Iht. plan |
| Ventilasjonsanlegg Dalsøyra skule | 0 | 0 | 12 Ikkje vurdert |
| Sum | 7 550 | 5 093 | 3 460 |

Sjukefråvær

| Fråvær | Korttid | Langtid | Samla fråvær |
|------------------------|---------|---------|--------------|
| Årleg sjukefråvær 2022 | 2,27 % | 6,86 % | 9,13 % |
| Årleg sjukefråvær 2023 | 2,03 % | 4,50 % | 6,52 % |

Status sjukefråvær og HMT

Samla sett har sjukefråværet hatt ei positiv utvikling for sektoren. Tenesta med høgast sjukefråvær er barnehage. I 2022 var det samla fråværet 12,56% og i 2023 var det ei auke til 15%.

Personalstatus

Leiar Brekke barnehage og skule

| Teneste | Namn | 01.01.2023 | 30.04.2023 | 31.08.2023 | 31.12.2023 |
|------------|---------------------------------------|--------------|--------------|--------------|--------------|
| 20100 | Barnehage | 7,66 | 7,66 | 7,66 | 8,79 |
| 20200 | Grunnskule | 12,42 | 12,42 | 12,42 | 13,23 |
| 21500 | SFO | 1,14 | 1,14 | 1,14 | 0,89 |
| 211 | Sum godkjente stillingar Leiar | 21,22 | 21,22 | 21,22 | 22,92 |

Årsmelding 2023

| | | | | |
|----------------------------|--|--|--|--|
| Brekke bhg og skule | | | | |
|----------------------------|--|--|--|--|

Endring utgjør stilling som miljørettleiar i skulen samt auka bemanning i barnehagen . Fagarbeidar i skulen og SFO vil ha små justeringar frå skuleår til skuleår.

Auke i stillingar grunna flyktningstraumen og andre kommunale verv.

Leiar Byrknes barnehage og skule

| Teneste | Namn | 01.01.2023 | 30.04.2023 | 31.08.2023 | 31.12.2023 |
|------------|--|--------------|--------------|--------------|--------------|
| 20100 | Barnehage | 7,20 | 7,20 | 7,20 | 7,20 |
| 20200 | Grunnskule | 11,32 | 11,32 | 12,85 | 12,80 |
| 21500 | SFO | 1,04 | 1,04 | 1,04 | 1,04 |
| 212 | Sum godkjente stillingar Leiar Byrknes bhg og skule | 19,56 | 19,56 | 21,09 | 21,04 |

Auke i stillingar grunna flyktningstraumen.

Leiar Dalsøyra barnehage og skule

| Teneste | Namn | 01.01.2023 | 30.04.2023 | 31.08.2023 | 31.12.2023 |
|------------|---|--------------|--------------|--------------|--------------|
| 20100 | Barnehage | 11,40 | 11,40 | 11,40 | 11,40 |
| 20200 | Grunnskule | 13,61 | 13,61 | 13,61 | 13,61 |
| 21500 | SFO | 0,73 | 0,73 | 0,73 | 0,73 |
| 213 | Sum godkjente stillingar Leiar Dalsøyra bhg og skule | 25,74 | 25,74 | 25,74 | 25,74 |

Leiar Eivindvik barnehage og skule

| Teneste | Namn | 01.01.2023 | 30.04.2023 | 31.08.2023 | 31.12.2023 |
|---------|-----------------|------------|------------|------------|------------|
| 20100 | Barnehage | 8,35 | 8,35 | 8,35 | 8,35 |
| 20200 | Grunnskule | 15,78 | 15,78 | 17,20 | 17,20 |
| 21320 | Vaksenopplæring | 1,90 | 1,90 | 2 | 2,80 |
| 21500 | SFO | 0,83 | 0,83 | 0,90 | 1,24 |

| | | | | | |
|------------|--|--------------|--------------|--------------|--------------|
| 214 | Sum godkjente stillingar Leiar Eivindvik bhg og skule | 26,86 | 26,86 | 28,86 | 29,59 |
|------------|--|--------------|--------------|--------------|--------------|

Auke i stillingar grunna flyktningstraumen.

Leiar Barnevern

| Teneste | Namn | 01.01.2023 | 30.04.2023 | 31.08.2023 | 31.12.2023 |
|------------|--------------------------|-------------|-------------|-------------|-------------|
| 29050 | Interkommunalt barnevern | 5,40 | 5,40 | 5,40 | 5,40 |
| 260 | Leiar barnevern | 5,40 | 5,40 | 5,40 | 5,40 |

KOSTRA Nøkkeltal

Kostra-analyse - Grunnskole

| | Gulen 2022 | Gulen Kostragruppe 2023 | Vestland 06 | Landet |
|---|---------------|----------------------------|----------------|---------|
| Prioritet | | | | |
| Brutto investeringsutgifter til grunnskolesektor (202, 215, 222, 223), per innbygger | 1 003,1 | 1 422,1 | 4 191,6 | 1 935,9 |
| Netto driftsutgifter grunnskolesektor (202, 215, 222, 223) i prosent av samlede netto driftsutgifter | 24,1 % | 23,0 % | 22,4 % | 23,8 % |
| Netto driftsutgifter til grunnskole (202), per innbygger 6-15 år | 181 184 | 210 286 | 156 626 | 119 707 |
| Netto driftsutgifter til grunnskolesektor (202, 215, 222, 223), per innbygger 6-15 år | 242 184 | 271 402 | 204 512 | 154 268 |
| Netto driftsutgifter til skolefritidstilbud (215), per innbygger 6-9 år | 16 954 | 18 384 | 18 188 | 15 528 |
| Produktivitet | | | | |
| Driftsutgifter til undervisningsmaterieil (202), per elev i grunnskolen | 5 095 | 5 729 | 2 972 | 1 966 |
| Korrigerte brutto driftsutgifter til skolefritidstilbud (215), per komm. bruker | 43 961 | 45 564 | 42 949 | 39 275 |
| Korrigerte brutto driftsutgifter til grunnskole, skolelokaler og skoleskyss (202, 222, 223), per elev | 235 813 | 263 804 | 211 242 | 158 015 |
| Dekningsgrad | | | | |
| Andel elever i grunnskolen som får spesialundervisning | 6,7 % | 5,5 % | 10,2 % | 7,7 % |
| Andel elever i grunnskolen som får særskilt norskopplæring | 8,4 % | 8,6 % | 7,0 % | 6,2 % |
| Andel innbyggere 6-9 år i kommunal og privat SFO | 61,4 % | 58,1 % | 59,7 % | 69,8 % |
| Kvalitet | | | | |
| Andel undervisning gitt av undervisningspersonale med godkjent utdanning | 93,7 | 94,7 | 96,8 | 95,1 |

Årsmelding 2023

| | | | | | |
|---|------|------|-----|------|------|
| Elevunders. 10. trinn - Trivsel | 4,0 | 3,8 | | 3,9 | 4,0 |
| Gjennomsnittlig gruppestørrelse, 1.-10.årstrinn | 7,0 | 7,5 | 8,6 | 12,3 | 12,6 |
| Nasjonale prøver 5. trinn: Lesing | 47,0 | 46,0 | | 49,0 | 49,0 |
| Nasjonale prøver 5. trinn: Regning | 47,0 | 49,0 | | 50,0 | 50,0 |

Kostra-analyse - Barnevern

| | Gulen 2022 | Gulen Kostragruppe 2023 | Vestland 06 | Landet | |
|--|---------------|----------------------------|----------------|---------|---------|
| Prioritet | | | | | |
| Andel netto driftsutgifter til saksbehandling (funksjon 244) | 75,7 % | 72,0 % | 43,7 % | 35,8 % | 38,1 % |
| Netto driftsutgifter (funksjon 244, 251, 252) per barn med tiltak | 134 370 | 166 720 | 325 642 | 400 721 | 363 662 |
| Netto driftsutgifter per innbygger 0-17 år, barnevernstjenesten | 9 047 | 10 579 | 19 120 | 14 870 | 14 397 |
| Produktivitet | | | | | |
| Barn med undersøkelse eller tiltak per årsverk (funksjon 244) | 14,1 | 18,8 | 13,7 | 12,9 | 13,8 |
| Brutto driftsutgifter til tiltak (funksjon 251, 252) per barn med tiltak | 33 963 | 51 080 | 192 928 | 274 062 | 236 624 |
| Dekningsgrad | | | | | |
| Andel barn med barnevernstiltak pr 31.12 ift. innbyggere 0-17 år | 3,7 % | 4,8 % | 3,6 % | 2,1 % | 2,3 % |
| Barn med undersøkelse ift. antall innbyggere 0-17 år | 4,2 % | 4,3 % | 4,8 % | 3,5 % | 3,9 % |
| Kvalitet | | | | | |
| Stillinger med fagutdanning per 1 000 barn 0-17 år | 6,2 | 6,3 | 6,4 | 5,9 | 5,7 |

Kostra-analyse - Barnehage

| | Gulen 2022 | Gulen Kostragruppe 2023 | Vestland 06 | Landet | |
|--|---------------|----------------------------|----------------|---------|---------|
| Prioritet | | | | | |
| Netto driftsutgifter per innbygger 1-5 år i kroner, barnehager | 256 740 | 289 885 | 253 640 | 221 123 | 216 812 |

Kostra-analyse - Flyktninger og integrasjon

| | Gulen 2022 | Gulen Kostragruppe 2023 | Vestland 06 | Landet |
|--|---------------|----------------------------|----------------|--------|
| Andre nøkkeltal | | | | |
| Bosatte flyktninger per 1000 innbyggere | 17,1 | | | |
| Flyktninger - Faktisk bosetting - Prosent av anmodning | 126,7 % | | 5,7 % | |
| Flyktninger - Vedtak om bosetting - Prosent av anmodning | 100,0 % | | | |
| Innvandrere i arbeid (prosent) | 71,7 % | | | |

Helse og omsorg

Skildring av tenesteområde

Helse og omsorg

Rammeområde 3, helse og omsorg, skal legge til rette for god helse gjennom å førebygge og behandle sjukdom og sikre likeverdige moglegheiter for helsefremjande aktivitet, fellesskap og deltaking i samfunnet for innbyggjarar i alle fasar av livet. Det er ei viktig målsetting at flest mogleg kan bu i eigen heim lengst mogleg. Ein føresetnad for å få dette til er at tilsette og innbyggjarane i Gulen kommune har kultur og haldningar som fremjar eigenomsorg, meistring og brukarmedverknad.

Helsetenestene

Eining helse organiserer helsestasjon, legetenester inkl. kommuneoverlege, kommunal koordinator, barnekoordinator, fysio- og ergoterapi, hukommelsesteam, dagsenter, psykolog og psykisk helse og rus. Helsetenestene har hovudbase for tenestene i Eivindvik, men har også mellom anna utekontor for helsestasjon og lege på Brekke og Byrknes.

Sone Eivindvik - Gulen sjukeheim

Sone Eivindvik - Gulen sjukeheim yter tenester til heimebuande i skulekrinsen Eivindvik, samt bebuarar på Gulen sjukeheim, i tillegg til å organisere ressursjukepleiar lindrande behandling. Sjukeheimen har eige vaskeri og kjøken, som leverer middag til bebuarane, på dagsenteret for personar med demens og personar elles i sona som har vedtak på middagslevering. Sjukeheimen har 24 plassar. Desse institusjonsplassane er for tida organisert som to avdelingar; dementavdeling med åtte plassar, og langtid-/korttid-/rehabiliteringsavdeling med totalt 16 plassar. Eventuelt behov for ØH-plass vert også tilbudd frå Gulen sjukeheim innanfor desse plassane. Det er 14 omsorgsbustader i Eivindvik i tillegg til ei avlastningsleilighet.

Sone BBD

Sone BBD yter tenester til heimebuande i skulekrinsane Brekke, Byrknes og Dalsøyra. Det er samla 32 omsorgsbustader i denne eininga, fordelt på 12 på Brekke, 12 på Byrknes og 8 på Dalsøyra. Det er lovpålagt å tilby avlastning, og det er i tillegg til leilighetene eitt avlastningsrom på kvar av sentra. Det er nattevakter knytt til avdeling Brekke og Byrknes. For avdeling Dalsøyra er nattevakta på Miljøtenesta også tilgjengeleg ved behov for tilsyn/bistand på natt.

Miljøtenesta

Miljøtenesta yter tenester til personar som treng tilpassing i miljøet for å i størst mogleg grad nytte egne ressursar i kvardagen. Basen for tenesta er på Dalsøyra, der kommunen har 7 bustader som vert leigd ut til personar som har behov for tenestene eininga tilbyr. Det er også aktivitetssenter knytt til Miljøtenesta, som vert nytta av fleire brukargrupper. Tenesta har også samarbeid med private bedrifter for å tilby aktivitetar/arbeid til bebuarane. Kommunen kjøper i tillegg tenester frå privat tilbydar til nokre brukarar i private bustader som har vedtak på brukarstyrt personleg assistent.

Andre tenester/kjøp av tenester/samarbeid

Ut over desse fire einingane nemnd ovanfor, har vi samarbeid med andre/kjøper tenester knytt til NAV (NAV Fensfjorden), legevakt (vertskommunesamarbeid med Alver), miljøretta helsevern (vertskommunesamarbeid med Alver), Friskliv og meistring (samarbeid med Alver kommune) næringsmiddelkontroll, krisesenter (samarbeidsavtale med Bergen kommune), skjenkekontroll (kjøp av tenester frå Securitas), brukarstyrte tenester og jordmorteneste (vertskommunesamarbeid med Masfjorden kommune). Folkehelsearbeid ligg også til sektoren.

For internt samarbeid kan vi trekke fram tiltaksnemnda, som handsamar alle søknadar om helse- og omsorgstenester og sikrar heilskapelege vurderingar knytt til vedtak om tildeling, der både lege og leiarar i sektoren er medlemar.

Utvalde resultat

Helse og omsorg

Leiar Helse

Eining helse utfører mange ulike tenester til befolkninga i Gulen kommune. Det er tenester til barn og unge, familiar, vaksne og eldre. Tenestene omfattar kartlegging av funksjonsnivå, kartlegging/søknad av behov for ulike typar hjelpemidlar eller tenester, fysioterapi og ergoterapi, dagsenter for heimebuande med demensdiagnose samt oppfølging av deira pårørande, funksjonar som oversikt og utlevering av kommunale hjelpemidlar, deltaking i tiltaksnemnd og psykososialt kriseteam, skriving av vedtak etter lov om helse- og omsorgstenester, psykisk helse og rus teneste, legeteneste, helsestasjon og skulehelseteneste.

I tråd med statlege føringa har eining helse hatt fokus på å gje lovbestemte tenester og har heile tida justert seg etter dei krav som kommunane har måtte dekke t.d. oppfølging av pandemien og nye bestemmelser om vaksinasjon.

Helsetenestene i Gulen har brukt mykje ressursar i arbeidet med flyktningar 2023, både til helsekartlegging og oppfølging og bistand til enkeltpersonar og familiar. Dette arbeidet krev tverrfagleg samarbeid med resten av dei kommunale tenestene, samt avklaring og gode system for arbeidsdeling. Konsultasjonane krev bruk av tolk, som også gjer kvart møte meir omfattande. Det er ikkje sett av ekstra stillingsressursar til dette og oppgåvene må prioriterast på lik linje som andre oppgåver.

Leiar Eivindvik region/ Gulen sjukeheim

Oversikt over bebuarar ved Gulen sjukeheim

| Teneste 25300 : | 2016 | 2017 | 2018 | 2019 | 2020 | 2021 | 2022 | 2023 |
|----------------------------------|-----------|-----------|-----------|-----------|-----------|-----------|-----------|-----------|
| Tal utskrivningar totalt | 39 | 47 | 31 | 30 | 30 | 34 | 55 | 31 |
| Utskriving etter langtidsopphald | 6 | 14 | 10 | 8 | 5 | 10 | 14 | 12 |
| Av desse etter dødsfall | 6 | 13 | 9 | 8 | 5 | 10 | 11 | 12 |

Årsmelding 2023

| | | | | | | | | |
|------------------------------------|----|----|----|----|----|----|----|----|
| Utskrivingar etter korttidsopphald | 33 | 33 | 18 | 22 | 25 | 24 | 34 | 17 |
| Av desse etter dødsfall | 2 | 1 | 4 | 5 | 2 | 3 | 5 | 5 |
| Avlastning | | 1 | | | | 1 | 2 | 2 |

Det har vore færre inn- og utskrivningar dette året samanlikna med 2022, men meir på nivå med andre år. Det har vore fleire personar som har hatt behov for lindrande behandling og terminal pleie i siste del av året som krev mykje ressursar. Kommunen har god kompetanse på dette området.

Leiar Miljøtenesta

Namnet på eininga vart endra frå PU-tenesta til miljøtenesta. Denne endringa har tydeleggjort at tenesta ikkje berre gir bistand til menneske med utviklingshemming, men også menneske med andre funksjonsnedsettingar.

Leiar Sone BBD

Einina har arbeidd spesielt med rekruttering i 2023, samt organisering av dei ressursane ein har hatt tilgjengelig. Ein har gjennom bemanningsutfordringane som har vore hatt tilsette som har jobba på tvers på fleire avdelingar ufrå behov. Det har også vore ekstra fokus på utarbeiding og revidering av rutinar. Har starta arbeid med nytt personalrom på avdeling Byrknes.

Brukarundersøkingar

Det vart gjennomført brukarundersøking i heimetenestene i 2023.

Prosjekt berekraftige helse- og omsorgstenester

Det vart starta eit prosjekt med mål å sikre berekraftige pleie og omsorgstenester i Gulen i åra som kjem. Det vart gjennomført fleire arbeidsmøter, der mellom anna leiarar, avdelingsleiarar, tillitvalde over vernetenesta deltok. Hovudfokusområda har vore tildeling av tenester og bemanning. Prosjektet fortset i 2024, og vil inngå i det vidare arbeidet med å sjå på omstilling i heile kommunen, jf. kommunestyrevedtak i desember 2023/februar 2024.

Digitalisering

Det er store endringar innan digitalisering i sektoren. Nokre av tiltak som vart gjennomført var utskifting av journal/fagsystem på både helsestasjon, legekontor og pleie- og omsorgstenestene i 2023. Det vart også bytta turnusprogram innan omsorgstenesta. Dette har vore ressurskrevjande både med tanke på opplæring og at den daglege drifta skulle ivaretaast. Det er innført multidose for brukarar i pleie- og omsorgstenesta. Per no medfører dette ekstra arbeid for legane, men er meir ressursparande for helsepersonellet på sjukeheimen/ i sonane. Per no er det ikkje gjennomført ved sone BBD pga kapasitet på legekantoret. Det er også teke i bruk meir velferdsteknologisk utstyr knytt til enkeltbrukarar, som til dømes dør-alarmer, epi-mobil, epilepsi alarm, memo planer og Roommate.

Personell, rekrutteringstiltak

Alle einingane har store utfordringar med å rekruttere personell. Det gjeld særleg lege, sjukepleiarar og anna høgskulepersonell i turnus og helsefagarbeidarar i turnus. Det er også utfordrande få tak i personar utan helsefagleg utdanning og tilkallingsvikarar elles. Tidleg i prosjektet berekraftig pleie- og

omsorgstenster vart det mykje fokus på rekrutteringsutfordringene, særleg i lys av folketalsframskriving som syner tydeleg at tal eldre vil auke kraftig og tal personar i yrkesaktiv alder vil gå ned i Gulen kommune. Kommunestyret gjorde derfor vedtak om ekstra tillegg for å arbeide helg, ekstra løn til sjukepleiarar/vernepleiarar i turnus, rekrutteringsbonus og utdanningsstillingar. Tiltaket med ekstra tillegg på helg har gitt svært gode resultat, der det vert rapportert om mindre utfordringar med å rekruttere personell på helg enn før, og generelt positive tilbakemeldingar frå dei tilsette. Dei andre tiltaka har også ført til fleire søkjarar. Vi har også lyst ut stillingar med langvaktar/komprimerte vakter, i kombinasjon med muligheit for overnatting mellom langvakter, som også har gitt positive tal for søkjarmassen. Sjølv om det er gjennomført tiltak som har vore positive for rekruttering, er det framleis utfordringar i tenestene knytt til personell, og vi må framleis bruke ekstravakter, overtidsvakter og vikarbyrå, men i mindre grad enn før vi gjennomførte tiltaka.

Avtale om tilsynsfarmasøyt

Det vart inngått avtale med tilsynsfarmasøyt i 2023. Dei har mellom anna rådgjeving og undervisning i legemiddalhandtering. Dei tilsette har gitt svært gode tilbakemeldingar på undervisninga.

Kommunale bilar

Alle einingane i sektoren har ein eller fleire kommunale tenestebilar. Einingane melder at det er utfordrande å drifte bilane, og at det er ynskjeleg at ein kunne hatt ein eigen stillingsressurs i kommunen som kunne teke ansvar for bilhaldet.

Betre tverrfagleg innsats - BTI

Kommunen har starta opp med innføring av samhandlingsmodellen BTI, som skal kvalitetsikre tverrfaglege, heilskapleg og koordinerte tenester til barn og unge det er knytta bekymring eller undring til. Målgruppa er alle som har kontakt med barn og unge, på alle nivå, i alle sektorar. Tilsette i helse- og omsorgssektoren og oppvekst og kultur er involvert i dette arbeidet.

Status økonomi per teneste

Beløp i 1000

| Teneste | Rekneskap | | Opph. bud. 2023 | Rev. bud. 2023 | Avvik i kr |
|---|-----------|-------|-----------------|----------------|------------|
| | 2022 | 2023 | | | |
| Administrativ leing | 0 | 9 | 0 | 0 | -9 |
| Eldreråd | 0 | 4 | 18 | 18 | 14 |
| Råd for mennesker med nedsatt funksjonsevne | 0 | 0 | 18 | 18 | 17 |
| Aktivitetstilbod til born og unge | 15 | 0 | 16 | 16 | 16 |
| Helsestasjons- og skulehelseteneste | 2 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Helsestasjon/skulehelseteneste | 3 113 | 3 410 | 3 398 | 3 402 | -9 |
| Jordmorteneste | 78 | 84 | 77 | 77 | -7 |
| Anna førebyggjande helsearbeid | 0 | 54 | 0 | 0 | -54 |
| Vaksinering og smittevernberedskap | 145 | 89 | 0 | 0 | -89 |
| Miljøretta helsevern | 72 | 87 | 68 | 68 | -19 |
| Aktiviserings- og servicetenester til eldre og personar med funksjonsnedsetting | 390 | 459 | 518 | 626 | 167 |
| Aktivitetssenter, varesal | -4 | -18 | -11 | -11 | 7 |
| Diagnose, behandling, habilitering og rehabilitering | 44 | 181 | 485 | 785 | 604 |
| Legesenter | 6 523 | 7 317 | 7 516 | 8 037 | 721 |
| Legevakt | 2 515 | 2 954 | 2 993 | 2 993 | 39 |
| Fysioterapi | 994 | 1 019 | 1 104 | 1 106 | 87 |
| Ergoterapi | 822 | 1 323 | 841 | 948 | -375 |

Årsmelding 2023

| Teneste | Rekneskap | Rekneskap | Opph. | Rev. bud. | Avvik i kr |
|--|----------------|----------------|----------------|----------------|---------------|
| | 2022 | 2023 | bud. 2023 | 2023 | |
| Krisesenter | 222 | 211 | 249 | 249 | 38 |
| Skjenkekontroll | -81 | -68 | -60 | -60 | 8 |
| Sosialkontorteneste | 1 213 | 1 420 | 1 400 | 1 411 | -9 |
| Tilbod til personar med rusproblem | 292 | 634 | 480 | 481 | -152 |
| Helse- og omsorgstenester i institusjon | 23 020 | 26 085 | 23 887 | 24 359 | -1 726 |
| Helse- og omsorgstenester til heimebuande | 61 503 | 66 528 | 61 322 | 64 432 | -2 097 |
| Psykisk helse | 3 109 | 3 281 | 3 355 | 3 381 | 100 |
| Øyeblikkeleg hjelp døgntilbud | 378 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Institusjonslokale | 2 101 | 2 458 | 2 110 | 2 114 | -343 |
| Arbeidsretta tiltak i kommunal regi | 0 | 50 | 0 | 0 | -50 |
| Kvalifiseringsordninga | 41 | 53 | 0 | 0 | -53 |
| Ytelse til livsopphold | 3 352 | 4 193 | 2 200 | 5 007 | 814 |
| Ytelse til livsopphold (introduksjonsordninga) | 24 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Frivilligsentral | 258 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Sum | 110 141 | 121 818 | 111 981 | 119 456 | -2 362 |

Status økonomi

Beløp i 1000

| Ansvar | Rekneskap | Rekneskap | Rev. bud. | Avvik i kr | Avvik i % |
|--|----------------|----------------|----------------|---------------|---------------|
| | 2022 | 2023 | 2023 | | |
| 300-Leiar Helse og omsorg | 10 886 | 12 192 | 12 373 | 181 | 1,5 % |
| 310-Leiar Helse | 16 780 | 18 651 | 20 070 | 1 419 | 7,1 % |
| 371-Leiar Eiv.region/Gulen sjukeheim | 31 450 | 34 428 | 32 799 | -1 629 | -5,0 % |
| 376-Leiar Miljøtenesta | 22 065 | 23 948 | 22 421 | -1 527 | -6,8 % |
| 377-Leiar Sone Brekke, Dalsøyra, Byrknes | 28 960 | 32 599 | 31 793 | -806 | -2,5 % |
| Sum | 110 141 | 121 818 | 119 456 | -2 362 | -2,0 % |

Kommentar til status økonomi

Helse og omsorg

Helse og omsorg hadde eit samla meirforbruk på 2,4 mill i 2023. Dette utgjer 2% av netto budsjetttramme. Dei største postane for meirforbruk er 1,6 mill (5%) på sone Eivindvik - Gulen sjukeheim, 1.5 mill (6,8%) på miljøtenesta og 0,8 mill (2,5%) i sone BBD. Eining helse har mindreforbruk på 1,4 mill (7,1%). Generelt ser vi at det er vanskar med å erstatte fast personell ved sjukdom, permisjon og vakansar, noko som gjer at drifta må reduserast/oppgåver må prioriterast som gjer mindreforbruk og reduserte tenester. I fleire tilfelle må ein må bruke vikarbyrå som gjer økonomisk meirforbruk. Kva løysing ein vel avhenger av vurderingar i kvart enkelt tilfelle.

Ansvar 300, leiar helse og omsorg

Eininga har eit samla mindreforbruk på 0,2 mill. Dette skuldast mellom anna noko meir kostnader/mindre refusjon knytt til enkelttiltak som samla utgjer 0,2 mill, budsjettert generell innsparing på 500 000 som ikkje var gjennomført og arbeidsretta tiltak/kvalifiseringsstønad på 0,1 mill. Budsjettet for livsopphald vart auka frå 2,2 mill til 5 mill i løpet av året. Totalkostnad på denne posten vart 4,2 mill, noko som førte til mindreforbruk jf. revidert budsjett på 0,8 mill. Årsaken til auken på ytingar til livsopphald frå 2022 til 2023 skuldast både auka kostnader i samfunnet generelt, endring i reglar for sosialstønad og auka tal flyktningar i kommunen.

Ansvar 310, eining helse

Årsmelding 2023

Eininga har eit samla mindreforbruk på 1,4 mill, som utgjer 7,1% av av netto budsjettramme. Dette skuldast mellom anna mindreforbruk på løn i samband med vakansar og fråvær der ein ikkje får tilsett vikar på 0,8 mill, og høgare inntekter i form av tilskot og brukarbetaling på 2,7 mill. Utgiftene i eininga samla sett er 2,1 mill høgare enn budsjettert, mellom anna grunna kjøp av vikarar frå byrå for 2,0 mill. Samla sett nyttar eininga 0,2 mill til tolketenester, som er om lag 5 gonger så mykje som budsjettert.

Legesenteret har hatt mindreforbruk på 0,7 mill, trass bruk av vikarbyrå for enkelte av stillingane. Dette skuldast mellom anna tilskot på 1,5 mill til styrking av legevakt som ikkje var budsjettert, samt brukarbetaling ut over det som var budsjettert.

Tilbod til personar med rusproblem har meirforbruk på 0,15 mill. Dette skuldast at førespegla tilskot frå helsedirektoratet vart redusert med 0,1 mill.

Ergoterapitenesta har meirforbruk på 0,4 mill. Dette skuldast at fleire vakante delstillinger i dei andre tenestene er løyst ved å forlenge vikariat med ergoterapeut gjennom året, og kostnadane må derfor sjåast i lys av mindreforbruk på andre tenester, mellom anna tenesta diagnose, behandling, habilitering og rehabilitering, som har mindreforbruk på 0,4 mill. grunna fråvær/permisjon.

Helse og omsorgstenester til heimebuande omfattar løn til einingsleiar, hukommelsesteam, kartleggingsteam, psykolog og kommunale hjelpemidlar. Mindreforbruket på 0,7 mill skuldast ulike fråvær, og vanskar med rekruttering som gjer at ein ikkje har kunne sette i gang styrking av hukommelsesteamet og dagsenter, som er vedteke. Det har ikkje lukkast å tilsetje psykolog i 2023.

Dei andre tenestene, mellom anna helsestasjon/skulehelseteneste, vaksinerings og smittevernberedskap, fysioterapi og psykisk helse har kun små differansar mellom budsjett og rekneskap.

[Ansvar 371, sone Eivindvik - Gulen sjukheime](#)

Eininga har eit samla meirforbruk på 1,6 mill i 2023, som er 5% av nettoramma.

Teneste 25300 helse og omsorgstenester i institusjon har meirforbruk på 1,6 mill inkl. innsparingskrav på 0,75 mill som ikkje har vore mogleg å gjennomføre. Dette skuldast delvis auka fastløn (0,4 mill + sos.utg) og tillegg for særskild arbeidstid gjennom sentral tariff og særskilde lokale lønstiltak som ekstra løn for arbeid på helg og for sjukepleiarar i turnus (samla 0,3 mill + sos.utg.). Eininga har ikkje budsjettert for bruk av vikarbyrå, og har dermed meirforbruk på 0,2 mill på kjøp frå vikarbyrå.

Tenesta 25400, heimetenester, har samla mindreforbruk på 0,14 mill, medrekna innsparingskravet på 0,5 mill. Det er ikkje gjort permanente tiltak knytt til innsparinga, men det vert alltid vurdert om det er behov for å leige inn personell ved fråvær eller ikkje, og gjennom mindre innleie av vikarar når det lar seg gjere har ein lukkast å spare på løn, t.d mindreforbruk på løn 0,5 mill når vi ser fastløn, vikarløn og lærlingløn i samanheng. Vedteke auka helgetillegg gjer meirforbruk på 0,1 mill jf. budsjett.

Prosjekt 8090, lindring - kreftsjukepleie er om lag i balanse.

Prosjekt 9340 Nattevakt har underforbruk på om lag 0,2 mill grunna mindre forbruk av løn.

Teneste 26100, reinhald har meirforbruk på 0.3 mill. Dette skuldast i hovudsak meirforbruk på innleie av vikarar på 0,2 mill + sos.utg.

[376 Miljøtenesta](#)

Årsmelding 2023

Eininga har eit samla meirforbruk på 1,5 mill, inkl. innsparingskrav på 0,8 mill, som er 6,8% av nettoramman. Dette skuldast mellom anna auka tenester grunna brukarar med nye/auka behov. Overtid utgjer også ein stor del av meirforbruket med 1,3 mill. Dette skuldast store vanskar med å rekruttere personell til ledige stillingar og lite tilgang til tilkallingsvikarar, som gjer at ein må omdisponere tilsette, som utløyser overtid. Eininga har også lånt ut personell til annan eining i ein avgrensa periode, grunna særskild behov i den andre eininga. Dette utløyste overtidsvakter i miljøtenesta i den perioden.

Det er også 0,1 mill mindre i tilskot for ressurskrevjande brukarar enn budsjettert. Det er mindreforbruk av tillegg for særskild arbeidstid på 0,5 mill, og mindreforbruk på vikarar på 0,2 mill. Utover dette er det mindre differansar mellom budsjett og rekneskap.

Teneste 23400, aktivisering og servicetenester for personar med utviklingshemming går i balanse.

377 Sone Brekke, Byrknes og Dalsøyra

Eininga har eit samla meirforbruk på 0,8 mill, inkl. innsparingskrav på 0,7 mill, som er 2,5% av nettoramman. På lønspostane ser vi generelt mindreforbruk på lønspostane, t.d 0,4 mill på fastløn og 0,2 mill på vikarløn. Det totale mindreforbruket på lønspostane samla (eksl. innsparingskravet på 0,7 mill) er på 1,3 mill. Rekrutteringsutfordringane gjer at vi i staden for å tilsette i faste stillingar og vikarstillingar må nytte vikarbyrå. Kostnaden til vikarbyrå er på 3,7 mill. Gjennom revidert budsjett var det budsjettert med 1,7 mill til vikarinneleige frå byrå. Mindreforbruk på lønspostane, i tillegg til meirinntekt på sjukeløns-refusjon på 1 mill dekker deler av kostnadane.

Det er auka kostnad til matvarer, forbruksmateriell, lisensar og transport på 0,4 mill.

Status hovudmål

Målsetjing

Den eldre generasjon i Gulen kommune er ein aktiv initiativtakar med høg trivsel

Status måloppnåing

Det vart vald nytt eldreråd i 2023. Kommunen har bidratt ved økonomisk tilrettelegging til formålstenelege møtestader for vaksne/eldre.

Gulen kommune skal ha attraktive bygdesenter med moglegheit for fysisk og sosial aktivitet i alle aldersgrupper

For dei eldre i Gulen har det vorte sett i verk tiltak for å auka fysisk og sosial aktivitet ved arrangement som t.d fallforebyggjande kurs, aktiv på dagtid, seniortrening, innkjøp av treningsutstyr, støtta lag til drift av samlingsstader.

Gulen kommune skal leggje til rette for å styrke evna til eigenomsorg

Ved søknad om tenester vert det gjennomført kartleggingsbesøk, med fokus på sjølvstende, hjelpemidlar og muligheit til eigenomsorg. Gjennom prosjektet "Leve hele livet" er det gjennomført ulike tiltak for å bidra til møteplassar, som ein kombinerer med helsefremjande og førebyggjande tiltak som trening og rettleiing. Kommunen har samarbeid med Alver kommune om ulike kurs innan Friskliv og meistring, som til dømes røykeslutt og søvn.

I Gulen skal alle oppleve ein trygg alderdom

Gulen kommune gjennomførte brukarundersøking hos heimebuande som mottar vedtaksbaserte heime- og omsorgstenester i 2023, som viser at innbyggjarane er godt nøgde med tenestene. Vi har svært få klager på tenestene som vert gitt. Alle har tilgang

Årsmelding 2023

Målsetjing

Status måloppnåing

til fastlege, og vi har elles god kompetanse i- og tilgang til helse- og omsorgstenester.

Innbyggjarane i Gulen kommune skal oppleve god livskvalitet

Gjennom folkehelseprofilen finn vi status på faktorar som indikerer livskvalitet (sjå under mål som gjeld folkehelse).

Tenster i kommunen som bidarar til auka livskvalitet er mellom anna aktivitetssenter, dagsenter, aktivitetstilbod på bu- og omsorgssentra, høg kvalitet på institusjonskjøken, og høve til å kjøpe middag på bu- og omsorgssentra og for heimebuande. Gjennom tenester innan lindrande behandling er det fokus på livskvalitet heile livet.

Som innbyggjar i Gulen skal du oppleve meistring og god folkehelse

FHI gjer ut folkehelseprofil for alle kommunane i februar kvart år, basert på tal tilgjengelege tal året før. Folkehelseprofilen for Gulen kommune: [Folkehelseprofil-2024-nb-4635-Gulen.pdf](#). Tala varierer frå år til år, men vi ser ei forverring av faktorane: "Lågaste meistringsnivå i lesing 5. trinn" og "trenast sjeldnare enn vekentlig, 17 år". Gulen kommune skil seg negativt ut frå andre kommunar med parameteren "drikkevann, hygienisk og stabilt" og "leier bolig 45 år +". Gulen kommune skil seg positivt ut frå andre kommunar ved "vedvarande lavinntekt, alle aldre", "bor trangt 0-17 år", "gjeld større enn 3 ganger inntekt", "stønad til livsopphald 20-66", "valgdeltakelse", "luftforurening" og "psykiske sympt./lidelser 0-74 år".

Når det gjeld barn og unge spesielt, tilbyr kommunen gode helsetenester til barn og unge gjennom helsestasjonen og skulehelsetenesta, som har eit godt samarbeid med andre tenester som t.d skule, barnehage, barnevern osv. Vi har også gode og tilgjengelege legetenester, fysioterapi- og ergoterapiressursar samt tenester knytt til psykisk helse og rus, som er viktig både i behandlingsspektiv og førebyggjande perspektiv.

Sjukefråvær

| Fråvær | Korttid | Langtid | Samla fråvær |
|------------------------|---------|---------|--------------|
| Årleg sjukefråvær 2022 | 3,16 % | 7,64 % | 10,80 % |
| Årleg sjukefråvær 2023 | 2,46 % | 8,52 % | 10,98 % |

Status sjukefråvær og HMT

Samla sett har sjukefråværet hatt ein liten auke på 0,2. prosentpoeng frå 2022 til 2023. Sjukefråværet har vore høgst i sone BBD, med om lag 18% sjukefråvær. Miljøtenesta ligg lågast med omlag 5% fråvær. Korttidsfråværet er på 1,8% til 3% i dei ulike einingane på rammeområdet, medan langtidsfråværet er i intervallet 3,6% til 15,5%,

Personalstatus

Leiar Helse

| Teneste | Namn | 01.01.2023 | 30.04.2023 | 31.08.2023 | 31.12.2023 |
|---------|------------------------------------|------------|------------|------------|------------|
| 23210 | Helsestasjon- og skulehelseteneste | 3,00 | 3,00 | 3,00 | 3,00 |
| 24100 | Diagnose, beh. habilitering og | 0,20 | 0,20 | 0,20 | 0,20 |

Årsmelding 2023

| | | | | | |
|------------|---|--------------|--------------|--------------|--------------|
| | rehabilitering | | | | |
| 24110 | Legesenter | 6,60 | 7,30 | 7,30 | 7,30 |
| 24160 | Fysioterapi | 1,30 | 1,30 | 1,30 | 1,30 |
| 24170 | Ergoterapi | 1,00 | 1,00 | 1,00 | 1,00 |
| 24300 | Tilbod til personar med rusproblem | 1,00 | 1,00 | 1,00 | 1,00 |
| 25300 | Helse- og omsorgstenester i institusjon | 0,40 | 0,40 | 0,40 | 0,40 |
| 25400 | Helse- og omsorgstenester til heimebuande | 1,50 | 1,50 | 1,50 | 1,50 |
| 25401 | Psykisk helse | 3,70 | 3,90 | 3,90 | 3,90 |
| 310 | Sum godkjente stillingar Leiar Helse | 18,70 | 19,60 | 19,60 | 19,60 |

Det var 28 tilsette i eininga i ulike tenester ved utgangen av 2023. Generelt er det god og variert kompetanse i eininga.

[Leiar Eiv.region/Gulen sjukeheim](#)

| Teneste | Namn | 01.01.2023 | 30.04.2023 | 31.08.2023 | 31.12.2023 |
|------------|---|--------------|--------------|--------------|--------------|
| 25300 | Helse- og omsorgstenester i institusjon | 28,64 | 28,85 | 28,85 | 28,55 |
| 25400 | Helse- og omsorgstenester til heimebuande (inkl. p. 9340 og p. 8090) | 11,43 | 11,43 | 11,43 | 10,95 |
| 26100 | Institusjonslokale | 2,70 | 2,7 | 2,7 | 3,06 |
| 371 | Sum godkjente stillingar Leiar Eivindvik region/ Gulen sjukeheim | 42,43 | 42,43 | 42,43 | 42,56 |

I tabellen er ikkje stillingar for lærlinger telt med. Hadde pr 31.12.23; 0,87 stillingsheime for lærling på teneste 25400

- Fremdeles vakanse på helg, men meir positiv holdning til å jobbe helg etter at ein har fått ekstra kompensasjon på helg.
- Vakanse nattevakt sjukepleiar, sidan august 2023.
- Har hatt fleire i permisjonar 2023, der det ikkje lukkast å rekruttere fagpersonell i vikariata.

[Leiar Miljøtenesta](#)

| Teneste | Namn | 01.01.2023 | 30.04.2023 | 31.08.2023 | 31.12.2023 |
|---------|------|------------|------------|------------|------------|
|---------|------|------------|------------|------------|------------|

Årsmelding 2023

| | | | | | |
|------------|--|--------------|--------------|--------------|--------------|
| 25300 | Helse- og omsorgstenester i institusjon | 0,79 | 0,79 | 0,79 | 0,79 |
| 25400 | Helse- og omsorgstenester til heimebuande | 22,05 | 22,05 | 22,05 | 22,05 |
| 376 | Sum godkjente stillingar Leiar Miljøtenesta | 22,84 | 22,84 | 22,84 | 22,84 |

Ansvar 376 har i 2023 hatt 4 høgskuleutdanna i tenesta, som det er krav om på vakter der det er gjort vedtak om bruk av tvang, jf. helse. og omsorgstenestelova kap 9.

Leiar Sone Brekke, Dalsøyra, Byrknes

| Teneste | Namn | 01.01.2023 | 30.04.2023 | 31.08.2023 | 31.12.2023 |
|------------|--|--------------|--------------|--------------|--------------|
| 25400 | Helse- og omsorgstenester til heimebuande | 29,10 | 29,50 | 29,50 | 29,50 |
| 377 | Sum godkjente stillingar Leiar Sone Brekke, Byrknes og Dalsøyra | 29,10 | 29,50 | 29,50 | 29,50 |

- Har vore stor personalmangel i sone BBD i 2023. Stillingane har vore lyst ut fleire gonger. Avdeling Byrknes har hatt største utfordringane med vakansar. Brekke er den avdelinga der bemanninga har vore mest stabil gjennom året, samt tilstrekkeleg tilgang på tilkallingsvikarar.
- Vakante helgestillinger i alle tre avdelingane

KOSTRA Nøkkeltal

Kostra-analyse - Pleie og omsorg

| | Gulen 2022 | Gulen Kostragruppe 2023 | Vestland 06 | Landet |
|---|---------------|----------------------------|----------------|---------------------|
| Produktivitet | | | | |
| Korrigerte brutto driftsutgifter, institusjon, pr. kommunal plass | 1 241 731 | 1 491 962 | 1 626 396 | 1 578 220 1 650 754 |

Kostra-analyse - Kommnehelse

| | Gulen 2022 | Gulen Kostragruppe 2023 | Vestland 06 | Landet |
|--|---------------|----------------------------|----------------|---------------|
| Produktivitet | | | | |
| Årsverk av psykiatriske sykepleiere per 10 000 innbyggere (khelse+plo) | 13,5 | | | |
| Kvalitet | | | | |
| Gjennomsnittlig listelengde | 797,0 | 702,0 | 582,0 | 949,0 1 005,0 |

Kostra-analyse - Sosiale tjenester

| | Gulen 2022 | Gulen Kostragruppe 2023 | 06 | Vestland | Landet |
|--|---------------|----------------------------|-----|----------|--------|
| Produktivitet | | | | | |
| Brutto driftsutgifter til introduksjonsordningen pr. innbygger | 0,6 | 2,0 | 2,4 | 1,0 | 1,1 |

Kostra-analyse - Folkehelse

| | Gulen 2022 | Gulen Kostragruppe 2023 | 06 | Vestland | Landet |
|---|---------------|----------------------------|----|----------|--------|
| Befolkning | | | | | |
| Befolkning - Personer som bor alene, 45 år + | 27,1 | 27,3 | | 25,2 | 26,6 |
| Oppvekst og levekår | | | | | |
| Oppvekst og levekår - Vgs eller høyere utdanning, 30-39 år | | | | | |
| Miljø | | | | | |
| Miljø - Fornøyd m/ lokalmiljøet. Ungdata - Litt eller svært fornøyd, andel (prosent, standardisert) | | | | | 68,0 |
| Miljø, skader og ulykker - God drikkevannsforsyning | | | | | |
| Helsetilstand | | | | | |
| Helsetilstand - Overvekt og fedme, 17 år | 27,0 | 28,0 | | 21,0 | 22,0 |

Samfunn

Skildring av tenesteområde

Samfunn

Tenesteområde Samfunn blei oppretta i 2022, under dette område ligg einingane Plan-, Landbruk- og Teknisk avdeling (PLT), Eigedomsforvaltning og eining Samfunn. Tenesteområde Samfunn har hovudfokus på å dekke dei oppgåvene som høyrer til å “drive samfunnsutvikling til beste for innbyggerne” jf kommunelova § 1-1.

Leiar Samfunn

Eining Samfunn er oppretta frå rekneskapsåret 2023, og har som hovudfokus å fylgje opp kommunelov § 1-1; “drive samfunnsutvikling til beste for innbyggerne”.

Fleire av fellesfunksjonane som er knytt til arbeidet kommunen utfører i samband med den ønska samfunnsutviklinga, ligg inn under dette området. Dette gjeld til dømes prosjektleiing for overordna planar og etablering av planar på tvers av sektorane, overordna heilskaplege risikovurderingar,

koordinering av beredskapsdialog og -planar, forvaltning av kommunale tomter, fiberutbygging, samhandling med kyrkja, dialog med næringslivet, samhandling med næringssekskapet Gulen og Masfjorden Utvikling AS (GMU) og elles analyser for vidare arbeid opp mot målsettingane som er sett for kommunen samla.

Arbeidet skal skje i tråd med dei politiske avgjersle kring målsettingar, og legge til rette for at utviklinga er berekraftig og skjer i tråd med dei nasjonale forpliktingar og retningsliner.

Den generelle samfunnsutviklinga må skje gjennom fleire samhandlingsarenaer og i tråd med nasjonale og regionale planer. Området Klima- og miljø er eit viktig område, her er etterkvart mykje datagrunnlag som skal innlemmast i vurderinga av prioriterte område.

Den største fellestenesta innanfor budsjettområdet er Innbyggarservice, som har hovudoppgåvene med innbyggjarbetjening og kommunikasjon, i tillegg til den kommunale dokumentasjonsforvaltninga inkludert arkiv.

Leiar Plan, landbruk og teknisk

Eining Plan, landbruk og tekniske tenester (PLT) har ansvar for plan- og byggjesak, kart og oppmåling, landbruk, veterinær, brann- og feiarvesen, oljevern, fisk- og viltforvaltning og vassressursforvaltning. I tillegg til oppfylgning av området forureining, klima og miljø.

Leiar Eigedomsforvaltning

Eining Eigedom har ansvar for veg og samferdsel, vatn og avløp, kommunale bygg og eigedom samt reinhald. I tillegg ligg det mange drifts- og investeringsprosjekt som eininga har ansvar for.

Utvalde resultat

Samfunn

Samfunn kan vise til mange resultatmål for 2023. Under kjem det utvalte resultat frå avdeling- og einingane.

Samfunnsutvikling

Generell samfunnsutvikling

Gulen kommune, oftast representert ved ordførar, er med i ymse samarbeidsorgan for samfunnsutvikling, mellom anna Regionrådet Nordhordland, Nettverk for fjord- og kystkommunar, Kystvegen Bergen-Ålesund (Fv. 57 gjennom Gulen), Hovedutvalgsmøtet for E39 i Sogn og Fjordane og Kystrådet, eit samarbeidsråd for kystkommunane i Vestland fylke frå Gulen og nordover. Gjennom Region Nordhordland IKS, samarbeidsorganet for dei åtte kommunane Vaksdal, Osterøy, Modalen, Alver, Austrheim, Fedje, Masfjorden og Gulen, deltek Gulen kommune i ei rekkje fellestiltak. Eit viktig tiltak innafor samfunnsutvikling i 2023 var slutføring av interkommunal planprosess for sjøareala i Nordhordlandsregionen. Alle kommunane i regionen deltek i reiselivsutvikling gjennom Visit Bergen.

Fiberbreiband har vore eit viktig infrastrukturiltak dei siste åra, med to store utbyggingsprosjekt som har gitt opp mot full tilgang til fiberbasert høgfarbreiband for fastbuande og verksemdar. Dei siste

fastbuande utan tilgang til fiberbasert høgfarbtreiband er omfatta av eit nytt prosjekt som har tatt lenger tid enn planlagt, og som no ser ut til å verte fullført 1. halvår 2024. Utbygginga vert meir omfattande enn først lagt opp til, med sjøkabelstrekk, og vil gje dekning i øyområda i Ytre Gulen heilt ut til Litle Kvernøyna og Hille.

Interessa for reservering av kommunale tomter var jamn gjennom året, sjølv om det berre vart overskøytt og starta bygging på ei tomt. Heile fem tomter for fleirbustadbygg vart reservert gjennom året. Pr 31.12. var i tillegg åtte tomter for einebustad reserverte, sju av desse i det nye bustadfeltet Ortneset vest i Brekke, den siste i bustadfeltet Gåta på Byrknes. Ordninga med etableringstilskot til innbyggjarar under 45 år som byggjer, kjøper eller restaurerer eigen bustad og som vert saksbehandla av Innbyggjarservice, betalte i 2023 ut 15 grunntilskot på kr 60 000 og 4 tilleggstilskot på kr 30 000 (utleigeining), til saman om lag kr 1 mill. Det var ikkje utbetalingar innafor ordninga med ekstra tilskot til bygging av bustad utafor felt med kommunal finansiering i 2023.

Innafor næringsutvikling var aktiviteten i Gulen og Masfjorden Utvikling AS (GMU) god i 2023. GMU er deleigd av Gulen kommune og får årleg tilskot for å drive næringsretta innsats i Gulen. GMU arrangerte i 2023 jobb- og utdanningsmesse med over 200 deltakarar (samarbeid med NAV), hadde eigne fag- og temasamlingar og tok del i andre nettverk, dreiv med ordinær næringsrådgjeving og etablerarhjelp og var elles aktiv i ulike næringsretta aktivitetar. Det var jamleg samhandling mellom GMU og kommunen gjennom året, mellom anna i arbeidet med ny samfunnsdel av kommuneplanen, som vart vedteken av kommunestyret i mai. Gulen kommune har dei siste åra vore medlem i reiselivsorganisasjonen for Region Bergen, og samarbeidet for å utvikle og profilere Gulen som reisemål gjennom denne medlemskapen vert handtert av GMU.

Det kommunale ansvaret for finansiering av kyrkjelege føremål og dialogen med Gulen kyrkjelege fellestråd om dette ligg til tenesteområdet, og i 2023 var det relativt høg aktivitet knytt til ulike tiltak og planar for nye tiltak. Det vart lagt ein plan for korleis samarbeidet mellom GKF og kommunen kan bli endå betre i tida framover.

Avtale med Vestland fylkeskommune om kommunalt tilskot til rutetilbodet for ferjesambandet Hisarøy-Mjånes vert belasta tenesteområde Samfunn, elles var det i meldingsåret nokre utgifter knytt til beredskap, og nokre av dei kommunale utgiftene knytt til friluftsliv (avtale om vedlikehald av Den Trondhjemske Postvei og utvalde turstiar) vart og ført her dette året, men vert overført til Kultur og mangfald frå 2024.

Innbyggjarservice

Denne fellestenesta har hovudoppgåvene med dokumentasjonsforvaltning (arkiv), innbyggjarbetjening og kommunikasjon. Digitalisering i samarbeid med regionsamarbeidet og selskapet IKTNH, er sentralt, i samband med å legge til rette for best mogleg teneste for innbyggjarane, politikarane og dei tilsette i kommunen. Sjølv dokumentforvaltninga har endra seg saman med dei nye digitale verktøya som kommunen tek i bruk. I løpet av 2023 har avdelinga òg vore sentral i samband med å utvikle gode digitale skjema for dei kommunane som deltar i IKT-fellesskapet.

Dei kvalitetsmessige kontrollane relatert til arkivløyisinga er standardisert, med redusert risiko for feil og fortsatt høg fokus på personsikkerheit med systematiske risikovurderingar kring datatryggleik. I kvalitetssikringsarbeidet er sakene og journalpostane via arkivet fleire gongar. Saman med saksbehandlarane sikrar ein at dokumentasjonen er gjenfinnbar for framtida, og er ein viktig del av internkontrollen i kommunen.

Årsmelding 2023

Innbyggarservice har 3,8 stillingar til løysing av dei daglege oppgåvene dette inkluderer all arkivering, registrering av post, journalføring, kontaktsenter (samarbeid med kommunane Samnanger, Osterøy og Aurland). Kontaktsenteret svarar ut omlag 23 000 telefonar i løpet av eit år.

Avdelinga har arbeidd mykje med utvikling av gode digitale løysingar. For 2023 har dette særleg vore relatert til skifte av arkivsystem og utvikling av digitale skjema.

Avdelinga har òg hatt leiaransvar for gjennomføring av kommunevalet 2023.

| År | Registrerte arkivsaker | Registrerte journalposter |
|------|------------------------|---------------------------|
| 2020 | 1 876 | 13 324 |
| 2021 | 2 118 | 14 279 |
| 2022 | 1 945 | 13 251 |
| 2023 | 2 520* | 16 017 |

Plan, landbruk og teknisk

Det har skjedd ein merkbar omstilling i arbeidet gjennom nye verktøy. Målet er å kunne tilby oversiktlege presentasjonar over gjeldande planar og gjere søknadsprosessar meir effektive og brukarvenlege, til dømes digitale byggjesøknader.

Politiske saker som er handsama i Hovudutvalet for plan, utvikling og klima (HPUK):

| År | Politiske saker | Delegerte saker |
|------|-----------------|-----------------|
| 2021 | 70 | 270 |
| 2022 | 60 | 227 |
| 2023 | 69 | 275 |

Eininga har ansvar for **kommuneplan arealdel, KPA**, som er eit av dei mest omfattande planarbeida som ligg til ein kommune. Gjennom arealplanen skal politikarane ta standpunkt til arealdisponeringa for kommunen framover, opp mot den framtidige samfunnsutviklinga som ein planlegg. Gjennom arealdisponeringa set ein òg vilkår/kriteria for bruk av areala. Målet er å få semje mellom Statsforvaltar og Gulen kommune om arealplanen, som har vore til 2. gongs høyring. Dersom vi ikkje oppnår semje, vil saka gå til mekling og avgjerse av departementet.

I løpet av 2023 har eininga måtte prioritere handsaming av detaljplanar framfor den overordna planen. Dette er gjort for å regulere dei områda som tiltakshavarar treng for å utøve deira del av samfunnsutviklinga. Detaljplanar som er prioritert gjeld både for næringsareal og utvikling av bustadområde i kommunen. Det er dialog med Statsforvaltar i samband med arbeidet med å ferdigstille KPA.

Interkommunal plan for sjøareal er vedteken i 2023. Dette er samla plan for sjøareala i kommunane Alver, Austrheim, Fedje, Gulen, Masfjorden, Modalen, Osterøy og Vaksdal. Prosjektleiar for dette

Årsmelding 2023

arbeidet kjem frå Region Hordaland IKS. Dei einiskilde kommunane bidreg ressursmessig gjennom felles arbeidsgruppe. Også for denne planen gjenstår det nokre punkt for avklaring med Statsforvaltar.

KPA er oversiktsplanen for arealbruk, medan reguleringsplanane gir ein meir detaljert skildring av mindre område.

Reguleringsplanar:

| År | Oppstart | Under arbeid | Fullført (erstatta) | Planendringar |
|------|----------|--------------|---------------------|---------------|
| 2018 | 0 | 2 | 4 | 0 |
| 2019 | 2 | 3 | 0 | 0 |
| 2020 | 3 | 3 | 4 | 5 |
| 2021 | 3 | 3 | 1 | 2 |
| 2022 | 2 | 4 | 1 | 4 |
| 2023 | 1 | 4 | 2 | 2 |

Byggjesak:

| År | Byggjesøknader | Dispensasjonssøknader | Delingssøknader |
|------|----------------|-----------------------|-----------------|
| 2018 | 116 | 47 | 35 |
| 2019 | 180 | 32 | 16 |
| 2020 | 88 | 34 | 13 |
| 2021 | 41 | 52 | 30 |
| 2022 | 80 | 36 | 16 |
| 2023 | 149 | 30 | 15 |

Eininga er heilt ajour med handsaming av byggjesak.

Kart og oppmåling:

| År | Oppmålingsforretninger | Eigarseksjonar |
|------|------------------------|----------------|
| 2018 | 45 | 1 |
| 2019 | 28 | 2 |
| 2020 | 28 | 0 |
| 2021 | 40 | 3 |

Årsmelding 2023

| | | |
|------|----|---|
| 2022 | 16 | 0 |
| 2023 | 19 | 0 |

Eininga har hatt få bestillingar på oppmåling. Ein har difor kunne arbeide med naudsynt retting og kvalitetsheving av matrikkelkartet, til dømes når det gjeld sirkeleigedomar og ikkje kartregistrerte eigedomar. I tillegg er det av omsyn til beredskap sett krav til kartfesting av tilkomspunkt, her er det registrert omlag 200 tilkomspunkt av 250.

Landbruksforvaltning:

Jordbruk

| År | Tal søkjarar produksjonstilskot | Tal mjølkeprodusentar | Regionale miljømidlar |
|------|---------------------------------|-----------------------|-----------------------|
| 2019 | 92 | 35 | 27 |
| 2020 | 87 | 34 | 34 |
| 2021 | 90 | 35 | 32 |
| 2022 | 87 | 31 | 33 |
| 2023 | 92 | 27 | 41 |

Jordbruket er ei stor næring i kommunen. Dei siste åra har tal søkjarar om produksjonstilskot vore relativt stabilt. Nokre nye søkjarar har byrja med sau, og 4 føretak avslutta mjølkeproduksjonen. Gulen fekk tildelt kr 250 000 til spesielle miljøtiltak i jordbruket (SMIL-midlar). I tillegg vart det inndratt kr 175 000, slik at kr 425 000 vart fordelt mellom 7 søknader. Kommunen har eigne økonomiske støtteordningar for landbruket i Gulen som vart vedtekne av kommunestyret i 2021. Til saman vart det i 2023 utbetalt kr 590 000 fordelt på 1 tilskot ved eigarskifte, 1 tilskot til driftsutbygging, 1 tilskot til planlegging, 1 tilskot til kjøp av mjølkekvote og 3 tilskot til rentekostnader.

Viltforvaltning

| Hjortejakta i Gulen kommune | | | | Fallvilt | | | Utfall | | | |
|-----------------------------|--------------|------------------|---------------|-----------------|--------------|-----------------|-----------------------|------------------------------|------------------|---------------|
| År | Kvote (stk.) | Felte dyr (stk.) | Felte dyr (%) | Meldingar (stk) | Hjort (stk.) | Oter ørn (stk.) | Daud på staden (stk.) | Ettersøk – ikkje funn (stk.) | Friskmeld (stk.) | Avliva (stk.) |
| 2023 | 1656 | 1158 | 70 | 21 | 21 | 0 | 14 | 2 | 2 | 3 |
| 2022 | 1866 | 1152 | 62 | 45 | 45 | 0 | 21 | 1 | 7 | 11 |
| 2021 | 1127 | 1052 | 93 | 41 | 41 | 0 | 16 | 7 | 1 | 14 |
| 2020 | 1127 | 1004 | 89,1 | 47 | 45 | 2 | 21 | 9 | 1 | 12 |
| 2019 | 1141 | 846 | 74,2 | 36 | 34 | 2 | 16 | 7 | 3 | 7 |
| 2018 | 906 | 800 | 88,3 | 89 | 87 | 2 | 60 | 8 | 1 | 18 |
| 2017 | 754 | 704 | 93,4 | 18 | 18 | 0 | 10 | 1 | 0 | 7 |

Årsmelding 2023

I Gulen kommune vart det i 2023 felt 1158 dyr. Målet er å redusere hjorteviltbestanden i kommunen og det vart for 2023 tildelt 1656 løyver.

Veterinærteneste

Veterinærtenestene gjeld for distrikta Høyanger, Gulen og Masfjorden. 4 veterinærar deler vaktene der staten dekkjer mesteparten av ordninga.

Brann- og feiarvesen

| Oppdragstype | Masfjorden | Gulen |
|----------------------------------|------------|-------|
| Brann i bygning | 0 | 1 |
| Unødig kontroll av melding | 2 | 2 |
| Trafikkulykke | 2 | 5 |
| Akutt forureining | 1 | 1 |
| Ulykke/redning anna | 0 | 1 |
| Bistand Politi | 0 | 1 |
| RVR utan føregåande innsats | 0 | 1 |
| Dyreoppdrag | 2 | 0 |
| Berging av verdier | 1 | 2 |
| Ubetydeleg forureining | 1 | 1 |
| Brann i lastebil | 1 | 0 |
| Brann i personbil | 1 | 0 |
| Brann i skorstein | 2 | 1 |
| Helseoppdrag bere/løfte | 5 | 2 |
| Helseoppdrag anna | 25 | 20 |
| Branntilløp i bygg anna | 1 | 0 |
| Branntilløp utanfor bygg | 0 | 2 |
| Avbroten utrykking alarm | 0 | 2 |
| Avbroten utrykking samtale | 1 | 1 |
| Automatisk brannalarm (ABA) anna | 0 | 1 |
| ABA arbeid på/i bygg | 0 | 2 |

Årsmelding 2023

| | | |
|-------------------------------|-----------|-----------|
| ABA matlaging | 4 | 4 |
| ABA teknisk feil | 0 | 1 |
| ABA trykkfall sprinklaranlegg | 0 | 1 |
| ABA ukjent | 3 | 3 |
| ABA vassdamp | 0 | 1 |
| Unødig alarm privatmarknad | 2 | 5 |
| Totale oppdrag | 54 | 61 |

Gulen kommune samarbeider med Masfjorden om felles brann- og redningsvesen, det vi seie at vi har eit felles mannskap. Investeringar knytt til utstyr tek kommunane kvar for seg. Dei tilsette i brannvesenet er deltidstilsette, som dekker både området akutthjelpar og stettar nærleiksprinsippet.

For feietenester i kommunen er det eit samarbeid mellom Masfjorden, Modalen og Solund. For anna brannførebyggande arbeid er det inngått avtalefellesskap gjennom Nordhordland og Gulen interkommunale brannførebyggande avdeling (NGIB).

Eigedomsforvaltning

Veg og samferdsel

Gulen kommune er vegeigar på ca 135 km kommunal veg, samt 30 bruer. No er det i underkant av 20 km med grusveg igjen på vegnettet før alt har fått fast dekke. I tillegg til ordinær drift og vedlikehald blir det saksbehandla søknadar etter veglova. Dette til dømes søknadar om avkøyrsel, dispensasjon frå avstand veg, graveløyve, fartsgrense/skilt mm. Sommarvedlikehald blir utført med eige personell og utstyr samt innleie av eksterne entreprenørar.

Vintervedlikehald blir gjennomført på 15 stk brøyterode med private entreprenørar. Vintersesongen har vert ekstra krevjande med mykje snø samt vekslende vær mellom tining og frost. Våre brøytekontraktørar har stått på og gjort ein god jobb for å halde vegane framkommelege og i akseptabel stand.

Gjennom året er det lagt ny asfalt på følgjande område:

- Delar av strekning Engesetvegen v/høgereina Brekke
- Siste del av strekning på enden av Engesetvegen Brekke
- Strekning Asheim
- Parkeringsplass Brekke Kyrkje og Brekke bu- og omsorgssenter
- Vegar i kommunalt byggefelt Gåta Byrknes
- Strekningar Midtun/Henriksbø i Eivindvik og frå kryss FV Brekke til Ortneset bustadfelt i Brekke

Innan trafikktrygging er følgjande tiltak iverksatt og slutført:

- Montering av gatelys mellom Brekke sentrum til Ortneset bustadfelt slutført.
- Prosjekt med forlenging av gang og sykkelveg Hovden bustadfelt og fram til Hovden barnehage starta og 70% fullført. Rest arbeid blir gjennomført i 2024 pga frost og tele.

Årsmelding 2023

I tillegg er det 12 stk kommunale kaier og 1 stk venterom. Det er lite framdrift på kai vedlikehald og derfor ein del etterslep på dei kommunale kaiene. Men tilstand blir vurdert årleg. Det har i 2023 blitt utført noko mindre vedlikehald og rep på Stemnebø kai. Planlagt oppgradering av Lille Kvernøy kai, men vi har ikkje lukkast med å gjennomføre dette i 2023.

Vatn og avløp

Gulen kommune har 2 stk vassverk med tilhøyrande distribusjonsnett, dette då i Eivindvik og på Ånneland. Hovden/Halsvik, Eidsbotn og Sløvåg blir forsynt med vatn produsert i Masfjorden. Gulen kommune eige distribusjonsnett på si side av kommunegrensa med 2 stk høgdebasseng og tilhøyrande leidningsnett. Vi får maksimalt 350 m³ i døgnet.

| Kommunal vassforsyning | Abonnentar privat | Abonnentar Næring | Abonnentar totalt | Forbruk vatn 2023 |
|-------------------------------|--------------------------|--------------------------|--------------------------|--------------------------|
| Eivindvik vassverk | 222 stk | 26 stk | 248 stk | 47 869 m ³ |
| Ånneland vassverk | 86 stk | 7 stk | 93 stk | 17 596 m ³ |
| Hovden/Eidsbotn og Sløvåg | 54 stk | 23 stk | 77 stk | 113 760 m ³ |

Vi har ein nedgang i forbruk på vatn i Eivindvik og Ånneland. I Sløvåg er det ein auke på forbruk vatn frå føregående år. Eininga har iverksett ekstra fokus på ettersyn og forbetring av overvaking av forbruk vatn med målarar. Fleire lekkasjar er oppdaga og utbetra. Dette i tillegg til å digitalisere leidningsnett og kontrollere/ kartlegge ulike påkoplingar i våre kummar. Sjølvkosten på fond vatn er fortsatt negativ.

Nokon av prosjekta gjennom året:

- Oppgradering av sjøleidningar i Midtunvågen Eivindvik
- Oppgradering av Eivindvik vassverk med nytt forfilter og ph-justering
- Etablert vassforsyning til Berivest
- Oppgradering av kummar Halsvikvågen og ved Steinsvatnet
- Arbeid med kommunal overtaking prosess av Byrknes vassverk samt prosjektering/anbudsarbeid nytt renseanlegg

På avløpssida med kloakk har Gulen kommune avløpsanlegg i delar av Eivindvik, Dalsøyra, Byrknes, Hovden, Oppedal. 4 stk pumpestasjonar mens resterande er på sjølvfall anlegg. 325 stk abonnentar er tilknytt dei kommunale anlegga. Sjølvkostfondet er negativt men ein kraftig forbetring økonomisk med innhenting av 80% av underskotet i 2023. Det har blitt gjennomført fleire video inspeksjonar for å utbetre framandvatn inn på kloakkleidningane. Ein tendens tilbake i tid er at det er lagt overvatn inn på spillvatn leidningar. Vi har gjennom året hatt fleire utrykkingar på pumpestopp, fordi ting som ikkje skal kastast i toalettet har stoppe pumpene våre.

Gulen kommune ferdigstilte kloakksanering mot Lundalsvik på søre garden Byrknes i 2023. 30 stk nye abonnentar blei tilknytt i dette prosjektet kommunalt anlegg. Synergjar med oppgradering av vassleidning blei tatt samtidig når ein gravde grøft.

Kommunale bygg og utområde inkl. tomter

Årsmelding 2023

Gulen kommune eig og forvaltar ca 25 500 m² bygningsmasse fordelt på ulike formålsbygg som skular, barnehagar og helsebygg. Inkl i dette er det 79 stk leilegheiter fordelt i bu og omsorgssenter samt ordinære kommunale utleigebustadar. Eininga gjennomføre vekentleg i sommarhalvåret ca 63 000 m² med grasskjøtsel areal inkl gravplassar og for Gulatinget på Flolid. Reinhold i Gulen kommune sine formålsbygg blir utført med egne tilsette, men løyst med eksterne firma der vi har mangla personell.

Mange tiltak er gjort på egedomsmassa gjennom året 2023, nokon av tiltaka/prosjekta som er slutført:

- Kjøp av 1 stk robot klyppar og 1 stk rider grasklyppar for grasskjøtsel
- Ambulanse og brannpersonell flytta inn i ny stasjon på Dalsøyra i feb 2023
- Nytt brann og nødløysanlegg Eivindvik skule er montert
- "Pilot" på EL ladepunkt med betalingsløysing er etablert på Dalsøyra v/omsorgssenteret
- Ny rullestol tilkomst/ hovudtrapp Mjømna kyrkje
- Oppstart med grunnarbeid nærmiljøanlegg ved Dalsøyra skule
- Oppgradering av leikeplass Ortneset bustadfelt
- Etablering av 12 stk nye kommunale tomter på Ortneset, her gjekk entreprenør konkurs når anlegget var nesten ferdig. Buett blir oppgjort i fyrste del av 2024. Gulen kommune har ikkje betalt ut heile kontraktsbeløpet samt har eit krav inn i buett på gjenstående arbeid.
- Skifta takteking 1972 fløy Gulen sjukeheim inkl. skift av 93 stk vindauge og maling av fasade
- Etablert ny leilegheit i kjellar Prestebustad Eivindvik
- Kjøp av ny kommunal bustad med 2 stk leilegheiter på Byrknes
- Oppussing av 8 stk kommunale leilegheiter
- Oppgradering av skulekjøkken Dalsøyra skule
- Akustikk forbetring fleire rom Brekke skule og barnehage
- Utsifting av defekt varmpumpe Eivindvik bu og omsorgssenter
- Skift av golvbelegg i rom, EL tavler, maling mm i fleire kommunale bygg

I tillegg til dette er det gjennom året tilsette ein ny dyktig vegvoktar. Vi lykkast med dette i andre gangs utlysing. Ny vegvoktar starta etter at vår mangeårig erfaren vegvoktar gjekk av med pensjon. Pensjonerte vegvoktar stilte opp med opplæring og overlapping av oppgåve etter han hadde slutta i Gulen kommune. Ledig fagarbeidar bygg/VA-stilling, rekruttering vil først skje i 2024.

Status økonomi per teneste

Beløp i 1000

| Teneste | Rekneskap | | Opph. bud. 2023 | Rev. bud. 2023 | Avvik i kr |
|---|-----------|--------|-----------------|----------------|------------|
| | 2022 | 2023 | | | |
| Administrativ leing | 446 | 562 | 662 | 663 | 102 |
| Stab og støttefunksjonar | 0 | 175 | 0 | 233 | 58 |
| Innbyggarservice | 0 | 3 228 | 3 278 | 2 895 | -333 |
| Forvaltningsutgifter i egedomsforvaltninga | 2 429 | 2 550 | 4 843 | 4 855 | 2 305 |
| Administrasjonslokale | 526 | 747 | 104 | 238 | -509 |
| Drift og vedlikehald av barnehagar | 4 356 | 4 345 | 3 157 | 3 774 | -571 |
| Skulelokale | 0 | 47 | 0 | 0 | -47 |
| Drift og vedlikehald av skulelokale | 11 768 | 11 312 | 10 493 | 10 714 | -599 |
| Dalsøyra aktivitetssenter, bygg | 98 | 98 | 0 | 98 | 0 |
| Legesenter | 0 | 1 | 0 | 0 | -1 |
| Helse- og omsorgstenester til heimebuande | 0 | 2 | 0 | 0 | -2 |
| Institusjonslokale | 3 141 | 6 103 | 6 163 | 6 402 | 299 |
| Kommunalt disponerte bustadar | 1 862 | 2 117 | 780 | 841 | -1 276 |
| Tenester utanfor ordinært kommunalt ansvarsområde | 0 | -251 | 225 | 225 | 476 |
| Ambulansestasjon | 0 | 76 | 0 | 0 | -76 |

Årsmelding 2023

| Teneste | Rekneskap | Rekneskap | Opph. | Rev. bud. | Avvik i kr |
|---|---------------|---------------|---------------|---------------|------------|
| | 2022 | 2023 | bud. 2023 | 2023 | |
| Plansaksbehandling | 1 824 | 1 881 | 1 693 | 1 956 | 76 |
| Byggesaksbehandling og seksjonering | 1 044 | 13 | 497 | 534 | 521 |
| Kart og oppmåling | 1 069 | 1 406 | 650 | 653 | -753 |
| Bustadbyggjing og fysiske bumiljøtiltak | 0 | 1 120 | 960 | 1 287 | 167 |
| Tilrettelegging og bistand for næringslivet | 0 | 862 | 793 | 856 | -6 |
| Fellesbygget tekniske tenester | 123 | 124 | 21 | 21 | -103 |
| Landbruksforv. og landbruksbasert næringsutv. | 0 | 519 | 600 | 750 | 231 |
| Landbrukskontor | 2 029 | 500 | 469 | 470 | -29 |
| Veterinærvakt | 165 | 374 | 349 | 350 | -24 |
| Samferdsel og transporttiltak | 234 | 590 | 1 096 | 1 175 | 584 |
| Kommunale vegar | 5 489 | 4 941 | 4 585 | 4 775 | -166 |
| Vintervedlikehald | 2 082 | 4 081 | 2 105 | 2 105 | -1 977 |
| Veglyskommunal veg | 151 | 231 | 160 | 245 | 14 |
| Førebyggjing av brannar og andre ulykker | 249 | 337 | 280 | 280 | -57 |
| Feiarvesen | -98 | -71 | -110 | -110 | -39 |
| Beredskap mot brannar og andre ulykker | 0 | 57 | 42 | 42 | -15 |
| Brannvesen | 4 898 | 5 843 | 4 559 | 6 629 | 786 |
| Oljevern | 0 | 58 | 55 | 55 | -3 |
| Produksjon av vatn | 1 202 | 1 439 | 551 | 552 | -888 |
| Distribusjon av vatn | -1 506 | -1 719 | -1 026 | -1 114 | 605 |
| Kloakknett | 3 | -1 217 | -197 | -161 | 1 056 |
| Naturforvaltning og friluftsliv | 0 | 20 | 151 | 171 | 151 |
| Fisk- og viltforvaltning | 531 | 392 | 532 | 533 | 141 |
| Vassressursforvaltning | 77 | 60 | 55 | 55 | -5 |
| Bibliotek | 0 | 0 | 128 | 128 | 128 |
| Kommunale idrettsbygg og idrettsanlegg | 169 | 169 | 165 | 165 | -3 |
| Kommunale kulturbygg | 120 | 68 | 41 | 41 | -27 |
| Den norske kyrkja | 1 | 3 263 | 3 131 | 3 177 | -86 |
| Gravplassar og krematorier | 211 | 211 | 110 | 59 | -153 |
| Sum | 44 694 | 56 662 | 52 150 | 56 616 | -46 |

Status økonomi

Beløp i 1000

| Ansvar | Rekneskap | Rekneskap | Rev. bud. | Avvik i kr | Avvik i % |
|-------------------------------------|---------------|---------------|---------------|------------|---------------|
| | 2022 | 2023 | 2023 | | |
| 400-Leiar Plan, landbruk og teknisk | 12 230 | 11 826 | 12 819 | 993 | 7,7 % |
| 450-Leiar Eigedomsforvaltning | 32 464 | 35 461 | 34 110 | -1 352 | -4,0 % |
| 490-Leiar Samfunn | 0 | 9 375 | 9 687 | 312 | 3,2 % |
| Sum | 44 694 | 56 662 | 56 616 | -46 | -0,1 % |

Kommentar til status økonomi

Samfunn

Leiar Samfunn

Eining Samfunn hadde i 2023 eit mindreforbruk på kr 312 131 (3,2 %), som om lag svarte til sum utgifter til fiberutbygging som var budsjettert i 2023, men vert belasta i 2024. Innbyggjarservice hadde overskriding, medan det var tilsvarande mindreforbruk på andre tenester.

Årsmelding 2023

- Teneste 12015, Stab og støttefunksjonar: Mindreforbruk kr 58 000 som følgje av lågare belasta lønsutgifter enn budsjettert.
- Teneste 12051 Innbyggarservice: Samla meirforbruk på kr 333 000 meir lønsrelaterte utgifter enn budsjettert (noko over kr 280 000 inkl. pensjonsinnskot) forklarer det meste av avviket, elles vart kostnad ved felles kontaktsenter noko høgare enn budsjettert (kr 33 000).
- Teneste 28500, prosjekt 9013 Fiber 3: Kr 297 000 lågare utgifter enn budsjettert, i hovudsak som følgje av noko lågare framdrift i utbygginga enn planlagt. Må budsjetterast opp att i 2024.
- Teneste 31500 Bustadbygging og bumiljøtiltak: Mindreforbruk på om lag kr 166 700 i høve til budsjett – i hovudsak som følgje av kr 140 000 lågare utbetalingar av tilskot enn rekna med.
- Teneste 36000 Naturforvaltning og friluftsliv: Kr 151 000 lågare utgifter enn budsjettert som følgje av at statstilskot til vedlikehald av Den Trondhjemske Postvei ikkje låg i budsjettet.

Leiar Plan, landbruk og teknisk

Eining PLT har i 2023 eit samla mindreforbruk på kr 992 991 (7,7 %), som skuldast at ei naudsynt oppregulering av budsjettløyvingane etter 2. tertial synte seg å vere høgare enn behovet for enkelte postar. Mange av tenestene hadde avvik for lønspostane, som følgje av ulike løysingar med til dømes kortvarige engasjement og tenestekjøp for å dekkje opp for vakansar. Utgifter knytt til pensjonsinnskot vart ekstra høge i 2023, og var generelt budsjettert for lågt.

- Teneste 30100, 30200 og 30300 (plan, byggjesak og oppmåling): Samla underdekning på om lag kr 156 000. Over kr 520 000 høgare gebyrinntekter innafør byggjesaksbehandling enn budsjettert, som i stor grad kompenserte for lågare inntekter enn budsjettert innafør plan og oppmåling, men ikkje heilt. Inntektene innafør kart og oppmåling var budsjettert høgt, her vart resultatet om lag kr 600 000 lågare enn budsjett. Det var færre oppdrag enn eit normalår.
- Teneste 32900 Landbruksforvaltning: Mindreforbruk på om lag kr 231 000 lågare utbetalingar enn lagt til grunn i revidert budsjett (vart etter 2. tertial budsjettert med auke på kr 150 000).
- Teneste 32940 Landbrukskontor: Meirforbruk på om lag kr 30 000 i høve til budsjett – skuldast høgare lønsrelaterte utgifter enn budsjettert.
- Teneste 33910 Brannvesen: Mindreforbruk på om lag kr 832 000, etter høgare oppregulering enn naudsynt etter 2. tertial (auka med kr 2 070 000).
- Teneste 36020 Fisk- og viltforvaltning: Innsparing på kr 375 000, i hovudsak som følgje av vakanse delar av året, som vart delvis motsvart av ei feilbudsjettert netto inntekt for viltfondet på kr 234 000 (netto inntekt skal setjast av til viltfondet). Samla meirutgift vart om lag kr 141 000.

Leiar Eigedomsforvaltning

Eigedomsforvaltning hadde eit meirforbruk på kr 1 851 870 i 2023.

Dette skyldast at budsjett på vintervedlikehaldet på kommunale vegar hadde ein økonomisk "sprekk" på kr 1 976 764. Mykje snø og kulde i sesongen medførte at våre brøytekontraktører hadde mykje arbeid med å halde vegane våre i akseptabel stand. I tillegg blei underskot på sjølvkost område vatn forverra med kr 502 764. Sjølvkostområde avløp blei resultat forbetra med kr 826 669. Øvrig drift og vedlikehald på våre fagområde er jf. budsjett med mindre avvik frå budsjett (mindre og meir forbruk pr konto).

Ekstra budsjett tiltak utover ordinært driftsbudsjett ved Eigedom:

- Utvendig vedlikehald takteking, maling og vindauge Gulen sjukeheim - Sluttført
- Reduksjon straumforbruk - haldningsendring og styring SD har redusert straumforbruk med kr 250 000

Årsmelding 2023

- Auka husleige - pga. mottak av flyktingar har ikkje husleige stege meir enn ordinær KPI-justering. Vi har ikkje vurdert gjengs leige for 2023
- Innbyggjarservice lokale har blitt bygd om - slutført
- Leigeinntekter ambulansestasjon Dalsøyra er iverksatt etter innflytting
- Klimatilpassing - prosjekt ikkje iverksatt pga avvente klimaplan og mål som er under utarbeiding eining PLT
- Ordning veglys redusert med kr -70 000. Jf. vedtak i formannskap blei dette tiltaket i 2023 endra til auka satsing veglys. Utbetaling jf. vedtak er slutført.

Status hovudmål

Målsetjing

Areala i Gulen skal forvaltast slik at det i minst mogleg grad fører til konflikt mellom dei ulike arealføremåla sine behov

Beredskapsmessige omsyn skal vurderast ved all kommunal planlegging, utbygging og drift

Gjennom klimatilpassingar vil innbyggjarane i Gulen ha eit trygt lokalsamfunn

Gulen kommune skal bidra til å sikre fremtidige generasjonar ved å vere oppdatert på nyaste kunnskap og kutte utslepp i tråd med nasjonale ambisjonar innan 2030 og 2050

Gulen kommune skal bidra til å vidareutvikle eit allsidig landbruk

Gulen kommune skal ha aktive innbyggjarar som engasjerer seg i utviklinga av eit inkluderande og levande lokalsamfunn

Gulen kommune skal ha ein best mogleg beredskap mot kriser

Gulen kommune skal i samfunnsutviklinga vurdere korleis det rike natur- og kulturlandskapet blir ivareteke

Gulen kommune skal legge til rette for at innbyggjarane har kjennskap til, og nyttar miljø- og klimavennlege løysingar

Gulen kommune tilbyr gode og effektive lokale til kommunale

Status måloppnåing

Omsynet til dei ulike arealføremåla ligg inne i dei driftsmessige arbeidsprosessane for plan- og byggehandsaming. Kunnskapsgrunnlag kring dei kartlagde naturtypene og oversyn over naturmangfald har vore arbeid særleg med.

Kommunen har søkt tilskot for å gjere skredkartlegging i område med allereie eksisterande bygningsmasse. For nybygg ligg det krav til kartlegging og eventuelt sikring om NVE-kart viser noko risiko.

Klimaendringar kan føre med seg andre hendingar enn dei vi allereie har erfaring med å handtere i kommunen. Det blir arbeid med kunnskapsbygging for å kunne sette inn barrierar som hindrar eller reduserer skadeomfang. Innanfor Eigeidsforvaltning fylgjer ein opp med fysiske tiltak for ekstremvær, og Innbyggjarservice informerer ut i dei tilfelle innbyggjarane bør ta forholdsreglar. Beredskapsplan blir årleg rullert, med skildring av når Kriseleiinga må sette inn ekstraordinære tiltak.

Kunnskapsgrunnlag er utarbeidd, men førebels er det ikkje sett inn merkbare tiltak for innbyggjarane.

Kommunen har ein landbruksplan. Det er teke ei avgjerse om evaluering av denne.

Målsettinga fordrar at kommunen har ei god og effektiv involvering av dei ulike aktørane i kommunen. Det er arbeid med å finne representative kontaktflater for medverknad, mellom anna har det vore godt oppmøte på folkemøte for planprogram i store utviklingsprosjekt. Framover vil ein arbeide med fleire sektorovergripande initiativ.

Beredskap er ei av grunnoppgåvene til kommunen. Her vert det løpande arbeid med å forbetre risikovurderingane våre opp mot klimatilpassing. Beredskapsplandokumenta blir gjennomgått fleire gonger i året. Kommunestyret får seg førelagt planen årleg. Framover står no for tur ny heilskapleg risiko- og sårbarheitsanalyse.

Kunnskapsbasen er oppdatert. Tiltaksplan utover dette er førebels ikkje utarbeidd.

Tiltaksplan er ikkje utarbeidd og ferdigstilt i 2023 slik som ein ønskte. Årsak er ressursmangel.

Her vert det arbeid etter ein eigeidsstrategi for eigeidomane kommunen sjølv eig.

Målsetjing

Status måloppnåing

tenester og har eit verdibevarande vedlikehald av den kommunale bygningsmassen

Status økonomiplan tiltak

Rammeendringar i økonomiplanen

Beløp i 1000

| Tiltak | Ramme år 1 | Status | Beskriving |
|--|---------------|--------------|---|
| Vedtak forrige periode | | | |
| Leigeinntekter nytt ambulansebygg | -579 | Ferdig | Leigetakar Helse Bergen er flytta inn og leige fakturering starta. |
| KDP Naturmangfald | -275 | I arbeid | Arbeidet med planen vart starta opp i 2. tertial. Her er arbeidd ut eit materiale for kunnskapsgrunnlag. Det er førebels ikkje laga ei tiltaksplan, men informasjonen i kunnskapsgrunnlaget blir nytta |
| Interkommunal plan for sjøareal | -200 | Ferdig | Interkommunal plan for sjøareal i Region Nordhordland, som vart starta opp i 2021 og gjeld for kommunane Gulen, Masfjorden, Fedje, Austrheim, Alver, Osterøy, Modalen og Vaksdal, vart endeleg vedteken av alle kommunane 2. halvår 2023. Kommunestyret i Gulen sluttbehandla planen i desember (sak 131/23). |
| Redningsbil Eivindvik | -80 | Ferdig | Reversering av tiltak frå tidlegare år. |
| Reasfaltering | 0 | I arbeid | Redusert pott til reasfaltering. Vert utført ut frå prioritert liste. |
| Ombygging av lokala for ekspedisjonen | 100 | Ferdig | Ombygging ekspedisjonen med auke av kontorkapasitet. Lokala vart innflyttingsklare i slutten av året. |
| Klimatilpassing bygg og anlegg | 110 | Ikkje starta | Starta planlegging for tiltak energireduksjon. Ventar på ferdig klimaplan for å kunne fastsette energimål. |
| Sum | -924 | | |
| Korrigering tidligere vedtatte tiltak | | | |
| Breiband Fiber 2 | -2 440 | Ferdig | Tiltaket vart fullført i 2022. |
| Omprioritere tilskot samfunnsnyttig infrastruktur Furnes | -1 020 | Ikkje starta | Løyvinga har vore i budsjettet i ein del år og har ikkje vore nytta. Eventuell ny løyving vert å vurdere i samband med planar om nye tiltak. |
| Klimatilpassing bygg og anlegg | 40 | Ikkje starta | Starta planlegging for tiltak energireduksjon. Ventar på ferdig klimaplan for å kunne fastsette energimål. |
| KDP Naturmangfald | 275 | I arbeid | Arbeidet med planen vart starta opp i 2. tertial. Her er arbeidd ut eit materiale for kunnskapsgrunnlag. Det er førebels ikkje laga ei tiltaksplan, men informasjonen i kunnskapsgrunnlaget blir nytta |
| Leigeinntekter nytt ambulansebygg | 279 | Ferdig | Leigetakar Helse Bergen er flytta inn og leige fakturering starta. |
| Sum | -2 866 | | |
| Innsparingstiltak | | | |
| Ordning med tilskot til landbruksnæringa | -600 | Ferdig | Kontinuerleg tildeling. |
| Reasfaltering | -500 | Ferdig | Redusert pott til reasfaltering. Vert utført ut frå prioritert liste. |
| Straumsparing kommunale bygg | -250 | I arbeid | Reduksjon av straumforbruk med bevisstgjerung, gjennomgang av driftstider og aktivt ettersyn på SD anlegg har starta med å gjere utslag. |
| Auke husleige til gjengs leige | -200 | Ikkje starta | Det er førebels ikkje gjort endringar på husleigeavtaler. |
| Ombygging av lokala for ekspedisjonen | -100 | I arbeid | Ombygging ekspedisjonen med auke av kontorkapasitet. Lokala vart innflyttingsklare i slutten av året. |
| Ordning med tilskot veglys | -70 | I arbeid | Tildeling i løpet av året. |
| Sum | -1 720 | | |

Årsmelding 2023

| Tiltak | Ramme år | Status | Beskriving |
|--|--------------|--------------|---|
| | 1 | | |
| Nye tiltak | | | |
| Fornyning av samarbeidsavtale om prestenesta | 40 | Ferdig | Tiltaket er godkjend av alle partar, og gjeld frå august 2023. |
| Kommune- og fylkestingsval 2023 | 140 | Ferdig | Kommunestyre- og fylkestingsvalet vart gjennomført utan vesentlege problem undervegs. |
| Breiband Fiber 3 | 640 | I arbeid | Tiltaket var planlagt fullført i 2023, men har tatt lenger tid enn føresett, og er no planlagt slutført i løpet av 1. halvår 2024. Utbygginga blir meir omfattande enn føresett i oppstarten, og godkjeningsprosessen har tatt lenger tid enn lagt inn i planane. Prosjektkostnaden for Gulen kommune vert ikkje påverka av desse endringane. |
| Kommunal støtte møteplassar i bygdesentra | 1 000 | Ikkje starta | Tiltaket vart flytta i samband med handsaming av handlings- og økonomiplan. Oppstart flytta til 2024. |
| Utvendig vedlikehald 1972 fløy Gulen sjukeheim | 3 356 | Ferdig | Prosjektering og anbod utlyst. 9 stk tilbod. Byggmester Aase & Hegrenes AS sto for arbeidet, og tiltaket vart ferdig juni 2023. |
| Sum | 5 176 | | |
| Politisk vedtak | | | |
| Kommunal støtte møteplassar i bygdesentra | -1 000 | Ikkje starta | Tiltaket vart flytta i samband med handsaming av handlings- og økonomiplan. Oppstart flytta til 2024. |
| Ordning med tilskot veglys | 70 | I arbeid | Tildeling i løpet av året. |
| Ordning med tilskot til landbruksnæringa | 1 200 | I arbeid | Kontinuerleg tildeling. |
| Sum | 270 | | |
| Sum tiltak | -64 | | |

Rammeendringar gjennom året

Beløp i 1000

| Tiltak | Ramme år | Status | Beskriving |
|------------------------------|------------|--------|--|
| | 1 | | |
| Budsjettendringar | | | |
| 490- Ombygging ekspedisjonen | 100 | Ferdig | Betre tilrettelagt med ekstra kontor tilpassa arbeidsoppgåvene i samband med kontaktssenteret. |
| Sum | 100 | | |
| Sum tiltak | 100 | | |

Status investeringsprosjekt

Andre investeringar

Beløp i 1000

| Investering | Totalbudsjett | Budsjett for året | |
|--|-------------------|-------------------|------------------|
| | Vedteke totalt | Rev. bud. | Rekneskap Status |
| Ambulansestasjon Dalsøyra | 26 347 | 2 143 | 2 196 Ferdig |
| Brannsikring, enøk og oppgradering bygg | 4 500 | 1 170 | 1 032 Ferdig |
| Bustadfelt Dalsøyra | 10 000 | 10 000 | 0 Forsinket |
| Bustadfelt Ortneset | 14 797 | 12 108 | 11 338 Forsinket |
| Bustadfelt ytre Gulen/ søre Gulen | 10 000 | 10 000 | 0 Forsinket |
| First Responder bil | 150 | 150 | 270 Ferdig |
| Gang- og sykkelveg Byrknes Nordre garden | - | -758 | 0 Ferdig |
| Investeringsstiltak til Gulen kyrkjelege fellesråd | - | 750 | 750 Iht. plan |
| Kjøp av bustad Byrknes | 3 160 | 3 160 | 3 663 Ferdig |
| Ladepunkt | 225 | 211 | 71 Iht. plan |
| Lastebil Eigeomsforvaltning | 900 | 900 | 0 Iht. plan |
| Mannskapsbil GMBR | 500 | 500 | 0 Ferdig |
| Ombygging av brannstasjon Brekke | 570 | 347 | 394 Ferdig |
| Oppgradering vegar | - | 4 739 | 3 931 Ferdig |
| Reinholdsmaskiner | 100 | 57 | 22 Ferdig |
| Rideklipper eigeomsforvaltning | 180 | 180 | 185 Ferdig |
| Sentrumstiltak Eivindvik | 3 261 | 3 081 | 412 Forsinket |
| Trafikksikringstiltak | - | 2 338 | 825 Forsinket |
| Sum | 74 691 | 51 076 | 25 089 |

Sjølvcost

Beløp i 1000

| Investering | Totalbudsjett | Budsjett for året | |
|---|-------------------|-------------------|--------------------|
| | Vedteke totalt | Rev. bud. | Rekneskap Status |
| Avløp Nedre Stølen | 2 400 | 2 400 | 0 Forsinket |
| Oppgr. vassbeh.anl. Eivindvik vassverk | 1 250 | 980 | 434 Ferdig |
| Oppgradering av kummar Hovden-Sløvåg | 700 | 432 | 810 Iht. plan |
| Oppgradering Byrknes vassverk | 25 300 | 8 700 | 1 402 Iht. plan |
| Opprusting Eivindvik vassverk | 0 | -449 | 0 Ferdig |
| Pumpestasjon i Eivindvik, oppgradering | 700 | 700 | 0 Forsinket |
| Sanering av utslipp mot Lundalsvik Søre Byrknes | 5 867 | 2 392 | 1 914 Ferdig |
| Vassforsyning Eivindvik, nye sjøleidningar | 3 566 | 0 | 272 Ferdig |
| Vassforsyning Ånneland - Skipavika | 0 | 0 | 1 Ikkje vurdert |
| Vassverk Gulen sør | 8 000 | 8 000 | 0 Forsinket |
| Sum | 47 783 | 23 154 | 4 832 |

Sjukefråvær

| Fråvær | Korttid | Langtid | Samla fråvær |
|------------------------|---------|---------|-----------------|
| Årleg sjukefråvær 2022 | 1,74 % | 7,24 % | 8,98 % |
| Årleg sjukefråvær 2023 | 1,29 % | 5,25 % | 6,54 % |

Personalstatus

Leiar Plan, landbruk og teknisk

| Teneste | Namn | 01.01.2023 | 30.04.2023 | 31.08.2023 | 31.12.2023 |
|------------|---|-------------|-------------|-------------|-------------|
| 12010 | Administrativ leing | 0,60 | 0,60 | 0,60 | 0,60 |
| 30100 | Plansaksbehandling | 1,50* | 1,50* | 1,50* | 1,50* |
| 30200 | Byggesaksbehandling og seksjonering | 1,95 | 1,95 | 1,95 | 1,95 |
| 30300 | Kart og oppmåling | 1,90 | 1,90 | 1,70 | 1,70 |
| 32940 | Landbrukskontor | 0,50 | 0,50 | 0,50 | 0,50 |
| 32960 | Veterinæravakt | 1,00 | 1,00 | 1,00 | 1,00 |
| 36020 | Fisk- og viltforvaltning | 0,80 | 0,80 | 0,80 | 0,80 |
| 400 | Godkjente stillingar Leiar Plan, landbruk og teknisk | 8,25 | 8,25 | 8,05 | 8,05 |

Einingar har i løpet av 2023 hatt 3 personar som har slutta, og 1 person som har permisjon, deriblant einingsleiar. Tilsettingane er er delvis på plass, men 2 av desse har oppstart i 2024. Det var ikkje mogleg å få på plass personar med naudsynt kompetanse samstundes med avgangstidspunktet. Ressurssituasjonen har påverka eininga og leiinga generelt, då det har vore omskiftingar i oppgåver for å kompensere for dei personane ein har mangla. Eininga har måtte kjøpe eksterne tenester for å vere ajour.

Leiar Eigedomsforvaltningbarnehage

| Teneste | Namn | 01.01.2023 | 30.04.2023 | 31.08.2023 | 31.12.2023 |
|---------|---|------------|------------|------------|------------|
| 12100 | Forvaltningsutgifter i eigedomsforvaltninga | 6,94 | 6,94 | 6,94 | 6,94 |
| 13000 | Administrasjonslokale | 0,10 | 0,10 | 0,10 | 0,10 |
| 22120 | Drift og vedlikehald barnehage | 2,05 | 2,05 | 2,05 | 2,05 |
| 22220 | Drift og vedlikehald skulelokale | 8,10 | 8,10 | 8,10 | 8,10 |
| 26100 | Institusjonslokale | 1,20 | 1,20 | 1,20 | 1,20 |
| 26500 | Kommunalt disponerte bustader | 1,65 | 1,65 | 1,65 | 1,65 |
| 33200 | Kommunale vegar | 0,80 | 0,80 | 0,80 | 0,80 |
| 33211 | Vintervedlikehald | 0,05 | 0,05 | 0,05 | 0,05 |
| 34000 | Produksjon av vatn | 0,45 | 0,45 | 0,45 | 0,45 |
| 34500 | Distribusjon av vatn | 0,45 | 0,45 | 0,45 | 0,45 |

Årsmelding 2023

| | | | | | |
|------------|----------------------------|--------------|--------------|--------------|--------------|
| 35310 | Kloakknett | 0,30 | 0,30 | 0,30 | 0,30 |
| 39300 | Gravplassar og krematorier | 0,37 | 0,37 | 0,37 | 0,37 |
| 450 | Leiar Eigedom | 22,46 | 22,46 | 22,46 | 22,46 |

I tillegg til dette er det gjennom året tilsett ein ny dyktig vegvoktar. Vi lukkast med dette i andre gangs utlysning. Ny vegvoktar starta etter at vår mangeårig erfarne vegvoktar gjekk av med pensjon. Pensjonert vegvoktar stilte opp med opplæring og overlapping av oppgåve etter han hadde slutta i Gulen kommune. Ledig fagarbeidar bygg/VA-stilling blei utlyst i 2023 utan å få tilsett nokon i den. Arbeidet med rekruttering fortset i 2024.

Leiar Samfunn

I tillegg til einingsleiar, som er leiar for heile sektor Samfunn og er ført under ansvar 100 Kommunedirektør, har eininga slike stillingsressursar:

| Teneste | Namn | 01.01.2023 | 30.04.2023 | 31.08.2023 | 31.12.2023 |
|------------|---|-------------|-------------|-------------|-------------|
| 12015 | Stab og støttetjenester | 0,3 | 0,3 | 0,3 | 0,3 |
| 28500 | Tenester utanfor ordinært kommunalt ansvar (t.d. telekom) | 0,05 | 0,05 | 0,05 | 0,05 |
| 31500 | Bustadbygging og -iltak | 0,10 | 0,10 | 0,10 | 0,10 |
| 32500 | Tilrettelegging og bistand for næringslivet | 0,05 | 0,05 | 0,05 | 0,05 |
| 12051 | Innbyggjarservice | 4,30 | 4,30 | 4,30 | 3,80 |
| 490 | Samfunn | 4,80 | 4,80 | 4,80 | 4,30 |

KOSTRA Nøkkeltal

Kostra-analyse - Vann, avløp og renovasjon

| | Gulen 2022 | Gulen Kostragruppe 2023 | Vestland 06 | Landet |
|---|---------------|----------------------------|----------------|--------|
| Produktivitet | | | | |
| Årsgebyr for avløpstjenesten - ekskl. mva. (kr) | 4 802 | 5 402 | 4 853 | 5 259 |
| Kvalitet | | | | |
| Estimert gjennomsnittsalder for kommunalt spillvannsnett med kjent alder (år) | 30,0 | 28,0 | 37,0 | 35,0 |
| Renovasjon - Husholdningsavfall per innbygger (kommune) | 468 | 406 | 0 | 0 |
| Renovasjon - Levert til materialgjenvinning og biologisk behandling per innbygger | 151 | 122 | 0 | 0 |

(kommune)

Kostra-analyse - Brann og ulykkesvern

| | Gulen 2022 | Gulen Kostragruppe 2023 | 06 | Vestland | Landet |
|--|---------------|----------------------------|------|----------|--------|
| Prioritet | | | | | |
| Antall boligbranner pr. 1000 innbyggere | 0,00 | 0,00 | 0,54 | 0,30 | 0,33 |
| Antall utrykninger: sum utrykninger til branner og andre utrykninger pr. 1000 innbyggere | 26,0 | 28,6 | 15,7 | 13,1 | 17,6 |
| Kvalitet | | | | | |
| Årsgebyr for feiing og tilsyn - ekskl. mva. (kr) | 749 | 590 | 645 | 636 | 591 |

Kostra-analyse - Kommunale boliger

| | Gulen 2022 | Gulen Kostragruppe 2023 | 06 | Vestland | Landet |
|--|---------------|----------------------------|-------|----------|--------|
| Prioritet | | | | | |
| Brutto investeringsutgifter til boligformål per innbygger i kroner | 1 780 | 3 461 | 1 886 | 1 327 | 1 509 |
| Kvalitet | | | | | |
| Antall nye søknader per 1000 innbyggere | 3,0 | 3,0 | 7,0 | 4,0 | 5,0 |
| Antall søknader per 1000 innbyggere | 3,0 | 3,0 | 9,0 | 6,0 | 8,0 |

Kostra-analyse - Samferdsel

| | Gulen 2022 | Gulen Kostragruppe 2023 | 06 | Vestland | Landet |
|---|---------------|----------------------------|---------|----------|---------|
| Produktivitet | | | | | |
| Brutto driftsutgifter i kr pr. km kommunal vei og gate | 57 200 | 68 578 | 143 013 | 212 295 | 248 685 |
| Kvalitet | | | | | |
| Antall utstedte parkeringstillatelser for forflytningshemmede pr. 10 000 innb | 14 | 13 | 71 | 96 | 101 |

Kostra-analyse - Klima og energi

| | Gulen 2022 | Gulen Kostragruppe 2023 | 06 | Vestland | Landet |
|--|---------------|----------------------------|-------|----------|--------|
| Prioritet | | | | | |
| Andel av energikostnader i komm. eiendomsforv. brukt på fyringsolje og -parafin, konsern | 0,0 % | 0,0 % | 0,0 % | 0,0 % | 0,0 % |
| Andel av energikostnader i komm. eiendomsforv. brukt på strøm, konsern | 100,0 % | 0,0 % | 0,0 % | 0,0 % | 0,0 % |
| Andre nøkkeltal | | | | | |
| Samlet energibruk i komm. | 100 | 105 | | 83 | 117 |

skolelokaler, egne bygg, per m2,
konsern

Årsrekneskap

Løyvingsoversikt drift etter § 5-4 første ledd

Beløp i 1000

| | Note | Rekneskap | Opph. | Rev. bud. | Rekneskap |
|--|------|-----------------|-----------------|-----------------|-----------------|
| | | 2022 | bud. 2023 | 2023 | 2023 |
| Rammetilskot | | -99 016 | -107 229 | -107 546 | -105 006 |
| Inntekt- og formuesskatt | | -101 315 | -87 624 | -94 526 | -100 590 |
| Eigedomsskatt | | -24 102 | -24 200 | -24 200 | -23 997 |
| Andre generelle driftsinntekter | | -42 392 | -19 747 | -30 372 | -33 392 |
| Sum generelle driftsinntekter | | -266 825 | -238 800 | -256 644 | -262 986 |
| Korrigert sum løyvingar drift, netto | | 223 498 | 238 151 | 256 359 | 252 881 |
| Avskrivningar | | 11 763 | 10 364 | 12 260 | 12 016 |
| Sum netto driftsutgifter | | 235 261 | 248 515 | 268 619 | 264 896 |
